

GRENSER I DET GRENSELAUSE

OPPRETTINGA AV TRANSJORDAN SINE ØRKENGRENSER



Magnus Halsnes

Master i Historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen, Våren 2009

GRENSER I DET GRENSELAUSE

Frontiers are indeed the razor's edge on which hang suspended the modern issues of war or peace, of life or death to nations.

– George Curzon, *Frontiers* 1907 –

GRENSER I DET GRENSELAUSE

Føreord

Eg vil rette ein stor takk til rettleiaren min, Knut Vikør, for alle godt gjennomtenkte og svært nyttige tilbakemeldingar.

Eg vil òg gjerne takke alle på seminargruppa, seminarleiarar og andre medstudentar for gode diskusjonar og tilbakemeldingar.

Til slutt ein spesiell takk til Karen som alltid har hatt trua på meg.

Magnus Halsnes

Bergen, mai 2009

English Summary of the Thesis

This thesis explores the establishment of borders between Transjordan and the future state of Saudi Arabia during the early 1920s. It will try to explain how the local political development affected the British policy in the establishment of Transjordan's borders to the south and to the southeast.

After the First World War Great Britain was awarded the mandates of Iraq and Palestine, including Transjordan. France got Syria and Lebanon. Transjordan borders towards the Hijaz in the south and in the Wadi Sirhan to the southeast were however unclear. Britain had few interests in the country at first and wanted to control it mostly because of its territorial connection with Iraq. This was important as a line of communication between London and India.

In 1922, however, the country gained importance when Ibn Saud, the founder of Saudi Arabia, conquered Jauf, a town in the southern end of Wadi Sirhan. A failed but serious Wahhabi raid on a two villages south of Amman, the capital of Transjordan, showed Britain the advantages of an agreed border between Transjordan and central Arabia.

Britain also wanted the port of Aqaba to be included in Transjordan, but the town had been administrated by the Hijaz Government since its capture in 1917 during the Arab Revolt. The claim to the town was however disputed, but as long as King Hussein ruled in the Hijaz and his son ruled in Transjordan, Britain did not push her claim.

I 1923 however Britain summoned a Conference in Kuwait were they wanted to settle outstanding questions concerning borders and boundaries between the mandates and Ibn Saud and Hussein. Hussein did however refuse to participate and the conference failed in early 1924. Ibn Saud invaded the Hijaz the same year and Hussein was forced to abdicate and left Hijaz for Aqaba. His son Ali became king, but Ibn Saud could not be stopped and in January 1925 he laid siege to Jidda.

Britain annexed the Aqaba region and included it in Transjordan. Hussein was "invited" to leave when Ibn Saud threatened to attack. I November the same year Britain and Ibn Saud concluded the Hadda agreement where the border between Transjordan and Nejd was established. Ibn Saud, however, refused to recognize Britain's claim to Aqaba and claimed it for the Hijaz.

The uncertainty over the borders lasted for 40 years until Jordan and Saudi Arabia agreed on the present border in 1965.

INNHALDSLISTE

<i>Føreord</i>	v
<i>English Summary of the Thesis</i>	vi
1. INNLEIING	1
<i>Problemstilling og hypotesar</i>	2
<i>Avgrensingar</i>	2
<i>Disposisjon</i>	2
<i>Om grenser</i>	3
<i>Tidlegare forskning og litteratur</i>	6
<i>Kjelder</i>	8
<i>Omgrep, definisjonar og stadnamn</i>	11
<i>Om språkbruk</i>	11
2. STORMAKTSPOLITIKK OG FYRSTE VERDSKRIG	12
Tre avtalar.....	12
<i>Hussein-McMahon-korrespondansen og Det arabiske opprøret</i>	13
<i>Sykes-Picot-avtalen og rivalen Frankrike</i>	14
<i>Balfour-erklæringa og defineringa av Palestina</i>	16
<i>Mandatordninga</i>	16
Ibn Saud og Maktkamp i Arabia.....	17
<i>Al Saud og wahhabisme</i>	18
<i>Ibn Saud</i>	18
<i>Ikhwan - Brorskapet</i>	19
<i>Ibn Saud og Sharif Hussein</i>	20
Abdullah og emiratet Transjordan	21
Grensene mot Palestina, Syria og Irak.....	24
<i>Palestina:</i>	24
<i>Syria:</i>	24
<i>Irak:</i>	25
3. HAMNEBYEN OG WADIEN	27
Den omstridde fiskelandsbyen, 1917-1923.....	27
<i>Akaba og Maan før 1917</i>	28
<i>Arabisk administrasjon, 1917-1923</i>	34
Kampen om Wadi Sirhan 1921-1923.....	38
<i>Geografien til Wadi Sirhan</i>	39
<i>Wadi Sirhan før 1922</i>	42
<i>Ein wadi i vegen</i>	43
« <i>A Bolt from the Blue</i> ».....	44
<i>Reaksjon og okkupasjon</i>	45
<i>Ibn Saud og Irak</i>	47
4. KONFERANSEN I KUWAIT, 1923-1924	49
Forsøk på ei løysing.....	49
<i>Quid pro quo: Hussein blir ei britisk byrde</i>	50

GRENSER I DET GRENSELAUSE

<i>Bufferstaten</i>	55
<i>Kalifen og slutten på subsidiane</i>	59
<i>Konsulatet i Damaskus og ivaretakinga av saudiske interesser i Syria</i>	61
<i>Etter konferansen</i>	63
5. EI MELLOMBELS LØYSING	65
Krigen om dei heilage byane og britisk nøytralitet, 1924-1927.....	65
<i>Hussein, kong Ali, og spørsmålet om Akaba, 1924-1925</i>	67
<i>Annekteringa av Akaba og Maan</i>	69
<i>Usemjå mellom utanriks- og kolonidepartementet</i>	72
<i>Egypt og Akaba, 1925-1927</i>	74
Mellombels løysing i Wadi Sirhan, 1924-1925.....	76
<i>Abdullah sitt ultimatum</i>	77
<i>Mot ei løysing</i>	79
<i>Hadda-avtalen</i>	81
6. STATUS QUO, 1925-1965	86
Kravet om Maan og Jidda-traktaten.....	86
<i>Borgarkrig i Arabia</i>	90
Beduinane og arven frå Hadda.....	92
<i>Karttrøbbel og spørsmålet om Jebel Tubaik</i>	94
<i>Kartlegging og spørsmålet om Tutun-brønnane, 1932-1939</i>	104
<i>Storbritannia, Saudi-Arabia og Andre Verdskrig</i>	105
Israel gjer Akaba meir viktig.....	107
Ei ny grense, 1965.....	108
<i>Frå uven til ven: Tilnærminga mellom Saudi-Arabia og Jordan</i>	109
<i>Grenseavtalen i 1965</i>	110
7. KONKLUSJON OG OPPSUMMERING	115
LITTERATURLISTE	119
Upubliserte Kjelder.....	119
Publiserte Kjelder.....	122
Publiserte Arkivsamlingar.....	125
Nettstadar.....	126
Vedlegg: Grenseavtalen mellom Jordan og Saudi-Arabia 1965.....	cxxvii
Vedlegg:.....	cxxxix
Vedlegg:.....	cxxxix

ILLUSTRASJONSLISTE

Illustrasjon 1: Sykes-Picot-avtalen 1916.....	15
Illustrasjon 2: Osmansk kart frå 19. januar 1884.....	32
Illustrasjon 3: Osmanske administrasjonsgrensene i 1914.....	34
Illustrasjon 4: Tollbua til Hussein i 1924.....	37

GRENSER I DET GRENSELAUSE

Illustrasjon 5: Beduinar ved Amri i Wadi Sirhan.....	40
Illustrasjon 6: Wadi Sirhan.....	41
Illustrasjon 7: Utsnitt av «Mandates in Arabia», kart av Lawrence Martin 1922-23.....	51
Illustrasjon 8: Dei nøytrale sonene.....	58
Illustrasjon 9: Grensa mellom Transjordan og Nejd etter Hadda-avtalen, 2. november 1925.....	84
Illustrasjon 10: Forskjellige forslag til grense mellom Transjordan og Nejd, 1922-1925.....	85
Illustrasjon 11: Transjordan sine grenser i 1927.....	90
Illustrasjon 12: Ibn Saud sitt krav.....	91
Illustrasjon 13: Kartet frå 1918 med ny og gammal grense.	97
Illustrasjon 14: Migrasjonen til dei transjordanske stammane i 1958.....	99
Illustrasjon 15: Akababukta i 1954.....	103
Illustrasjon 16: Grensebyteavtalen 1965.....	110

GRENSER I DET GRENSELAUSE

1. INNLEIING

I følge Kamal Salibi er det få statar i den moderne verda som har hatt ein mindre lovande start enn Jordan. Til tross for dette har landet utvikla seg til å bli ein overraskande stabil stat. Transjordan, seinare Jordan, vart oppretta i kjølvatnet av fyrste verdskrig, men det var lenge tvil om kva som faktisk kunne reknast som innanfor dette området. Storbritannia hadde berre ei lunken interesse til landområdet utan nokon naturlege geografiske grenser, med eit unntak av Jordanelva i vest. Britane ynskte i utgangspunktet å bruke landet som ein landkorridor mellom Middelhavet og Persiabukta for å sikre sambandslinene med India.¹

Britane hadde få andre planar for landet og visste i byrjinga ikkje heilt kva dei skulle gjere med det, anna enn at dersom dei gjorde noko so skulle det koste so lite som mogleg. Denne nølinga førte til at Storbritannia mangla ein langsiktig strategi og førte ein *ad hoc*-politikk der dei tok føre seg problem etterkvart som dei dukka opp. Området gjekk likevel fort frå å vere ein uviktig del av Palestina-mandatet til å bli ein viktig og strategisk forsvarsskanse for Egypt og Palestina mot arabiske beduinstammar leia av Ibn Saud, grunnleggaren av Saudi-Arabia.² Storbritannia hadde ikkje definert nokon grenser mot ørkenen i sør og søraust og var dimed lite førebudde på trugsmålet frå sentral-Arabia. Dette var ei direkte følge av politikken Storbritannia førte. For å få bukt med dette trugsmålet trong britane å sikre seg faste grenser for mandata sine, men grensene mot Ibn Saud og Arabia viste seg å vere av dei vanskelegaste å få til i regionen.³

Mellom britane sine imperialistiske ambisjonar i Transjordan og Ibn Saud sin ekspansjon frå søraust låg det store nomadiske beduinkonføderasjonar som fram til då hadde nytt ei stor grad av autonomi i fleire hundre år. Dei hadde i tillegg på grunn av verdskrigen vakse seg sterkare enn før og dei heldt til den syriske og arabiske ørkenen, eit område ingen stat nokon sinne hadde hatt full kontroll og der moderne faste grenseliner var eit framand omgrep.

I denne avhandlinga vil eg difor prøve å forklare samanhengen mellom Ibn Saud, beduin-stammene og britane i prosessen med å etablere grenser i Transjordan i byrjinga av 1920-talet.

¹ Wilson, Mary C., 1987. *King Abdullah, Britain and the making of Jordan*, Cambridge, s. 58

² Wilson 1987, s. 44-45

³ Leatherdale, Clive, 1983. *Britain and Saudi Arabia 1925-1939 – The Imperial Oasis*, London, s 51

Problemstilling og hypotesar

Korleis påverka den lokale politiske utviklinga britisk politikk i opprettinga av Transjordan sine grenser mot sør og søraust, og kva faktorar var dei mest sentrale?

Fyrste hypotese: Lokale forhold, som forholdet til Ibn Saud, spelte ei viktigare rolle enn Storbritannia sine strategiske behov for opprettinga av grensene.

Andre hypotese: Britisk minimalismepolitikk i Transjordan førte til større kompromissvilje overfor Ibn Saud.

Tredje hypotese: Løysinga med baa grensene var hastverksløysingar utan omsyn til den lokale folkesetnaden.

Avgrensingar

Tidsmessig har eg vald å fokusere i hovudsak på perioden 1921-1925. Dette er ei naturleg avgrensing fordi det er i denne perioden at spørsmålet om grensene blir aktuelt med opprettinga av Transjordan som stat. Denne perioden endar med ei tosidig grenseløysing i 1925. Det er òg viktig å følge historia om grensa meir summarisk fram til 1965, då den grensene blir ferdig fastlagde.

Disposisjon

Eg vil i dette innleiingskapittelet fyrst sjå nærmare på den generelle problematikken i forhold moderne faste grenser og møtet med nomadestammene i regionen. Eg vil difor gå kort gjennom relevant og aktuell grenseteori og haldninga til grenser i den aktuelle perioden. Til slutt vil eg gå gjennom tidlegare og relevant forskning på området før eg ser nærmare på kjeldene eg har nytta og kjeldekritikk i forhold til desse.

Den andre kapittelet er ein historisk bakgrunn som omhandlar britisk politikk i Midtausten før, under og like etter fyrste verdskrig. Dette er for å vise kva haldningar og verdiar britane tok med seg til Midtausten og for å gjere greie for den internasjonale politiske bakgrunnen som førte til grensekonfliktane. Bakgrunnen tar òg føre seg den historiske bakgrunnen til Ibn Saud og maktkampen som utfoldar seg på den arabiske halvøya fram til opprettinga av emiratet Transjordan

i 1921.

Hovuddelen av denne avhandlinga utgjer tre kapittel som tar føre seg utviklinga av grensene mellom 1921-1925, (3) *Hamnebyen og wadien*, (4) *Konferansen*, og (5) *Ei mellombels løysing*. Dette er delt inn slik fordi det er snakk om to grenser, ei i sør mellom Transjordan og Hijaz, og ei i søraust mellom Transjordan og Nejd. Konfliktane rundt både desse grensene heng saman, men skilnadane mellom dei gjer det naturleg å ta føre seg kvart område separat. Dette skjer i kapittel 3, som tar fyrst føre seg grensa mot Hijaz og dinest grensa mot Nejd. Kapittelet 4 tar føre seg Kuwaitkonferansen i 1923-1924 der Storbritannia prøver å kome fram til ei fredeleg grenseløysing langs både grensene. I kapittel 5 er det på ny naturleg å snakke om to forskjellige grenser, og her går eg gjennom perioden fram til 1925, då det blir oppretta to forskjellige typar grenser i kvart område.

Til slutt tar eg for meg korleis grenseproblemet utviklar seg i (6) *Status Quo 1925-1965* der eg viser kvifor løysinga i 1925 var mellombels. Her vil eg òg gå gjennom problemet mellom dei nye grensene og beduinastammene i området. Dette kapittelet går over ein lengre periode fram til 1965.

I det siste kapittelet, (7) *Konklusjon og oppsummering*, går eg gjennom og oppsummerer hovudtrekka og hovudfaktorane i grensekonflikten. Eg vil òg sjå på grensa i forhold til grenseteorien gjennomgått i innleiinga. Til slutt følgjer fleire vedlegg, mellom anna Hadda-avtalen frå 1925 med brev, grenseavtalen mellom Jordan og Saudi-Arabia frå 1965, og kart.

Om grenser

There has always been a tension between the fixed, durable and inflexible requirements of national boundaries and the unstable, transient and flexible requirements of people. If the principal fiction of the nation-state is ethnic, racial, linguistic and cultural homogeneity, then borders always give the lie to this construct.⁴

I 1906 kom det i stand ei fast grense mellom Det osmanske riket og det britiskkontrollerte Egypt. Denne gjekk mellom Sinai og Palestina, frå Middelhavet og ned til Akababukta. Dette var ein av dei første moderne grensene som kom i stand i denne regionen og er, med små endringar, der framleis.⁵

Omgrepet om moderne faste grenser var i stor grad framand i Midtausten før opprettinga av mandatstatane etter fyrste verdskrig. Det osmanske riket opererte med administrasjonsgrenser i

⁴ Horsman M. og Marshall A., 1994. *After the nation-state : citizens, tribalism and the new world disorder*, sitert i Donnan, H. og Wilson, T. M., 1999. *Borders: frontiers of identity, nation and state*, Oxford, s. 1

⁵ Melamid, A., 1957. «The Political Geography of the Gulf of Aqaba» i *Annals of the Association of American Geographers*, September, s. 234

områda dei styrte, men desse var langt i frå faste. I området mot den syriske og arabiske ørkenen eksisterte det ikkje slike faste grenser nettopp fordi staten aldri hadde full kontroll over korkje landet eller folket. Det var alltid nomadestammar som levde utanfor staten si rekkevidd.⁶

Det er difor viktig å gje eit lite bilete på kva type grenser dette er snakk om. George Curzon, tidlegare visekonge av India (1898-1905) og seinare utanriksminister (1919-1924), delte grenser, *frontiers*, opp i naturlege og kunstige, antikke og moderne. Ørkenen var ei naturleg grense i følge Curzon, som hevda at den hadde mista mykje av sin tidlegare styrke og terror og at det i 1907 var få ørkengrenser att i verda, og at desse stod for fall.⁷

I Midtausten finn ein to typar politiske grenser, *separasjonsgrenser* (frontiers of separation), som er grenser i stort sett tynt folkesette områder og som gjekk mellom stammar eller stamme-konføderasjonar, og *kontaktsgrenser* (frontiers of contact), som gjekk i meir folketette strøk. I forhold til grensekonflikten som oppstod mellom mandatstatane og Arabia er blir det mest aktuelt å snakke om separasjonsgrenser, som Curzon omtalar som ei antikk grense, og definerer den slik:

Sometimes it was a razed or depopulated or devastated tract of country; at others a debatable strip between the territories or rival powers; or, again, a border territory subject to and defended by one party, though exposed to the ravages of the other.⁸

Moderne grenser går som regel gjennom tre utviklingstrinn der fokuset på detaljane aukar for kvart steg: (1) *tildeling og plassering (allocation)*, (2) *avgrensing (delimitation)* og (3) *demarkasjon (demarcation)*. Den fyrste fasen er prega av ei oppfatning av partane sine territoriale krav, der grenseliner kan vere grovt oppteikna på eit kart. Den andre fasen er når grensa blir presist definert og blir formelt avtalt mellom dei to partane. Den siste fasen er når grensa blir fysisk avmerkt på bakken. Drysdale og Blake definerer ei fullstendig moderne grense (a fully mature boundary) som godkjend av baa partar, er demarkert og blir handheva og administrert effektivt.⁹

Det var når gamle konstant skiftande separasjonsgrenser vart utfordra av moderne faste statsgrenser at det kom til konflikt med beduinstammane i den arabiske og syriske ørkenen. Fram til mandatperioden hadde det eksistert eit gamalt skilje mellom bufaste og nomadar som britane kalla «the desert and the sown», ørkenen og det sådde.¹⁰ Skiljet mellom desse var korkje fast eller statisk,

⁶ Drysdale, A., og Blake, G. H., 1985. *The Middle East and North Africa - A Political Geography*, New York/Oxford

⁷ Curzon 1907: Curzon nemner opp fire typar naturlege grenseland: hav, ørken, fjell og elv. Tidlegare gjaeldt og skogar, myrland og sumpar, men desse skildrar han som «wellnigh obsolete».

⁸ Curzon, G., 1907: «Text of the 1907 Romanes Lecture on the subject of Frontiers»: <http://www.dur.ac.uk/resources/ibru/resources/links/curzon.pdf> (23. januar 2009)

⁹ Drysdale og Blake 1985, s. 77: Desse tre fasane baserer dei frå S. B. Jones.

¹⁰ Carruthers, D., «A Journey in North-Western Arabia» i *The Geographical Journal*, mars 1910, s. 227: Carruthers

men representerer eit forenkla bilete.

Drysdale og Blake skriv at klassifisering av forskjellige typar grenser har lite for seg fordi kvar grense er unik og er ofte for komplisert til å passe inn i ein enkel kategori. Dei presenterer likevel ei firdelt klassifisering for grenseformer: (1) *fysiografisk*, (2) *antropogeografisk*, (3) *geometrisk* og (4) *kompleks*. Ei fysiografisk grense er ei som følgjer fysiske kjenneteikn, som til dømes elver, fjellkjedar og liknande, medan ei antropogeografisk grense kan følgje menneskeskapte kjenneteikn som vegar, jarnbaner og kanalar, eller dei kan følgje religiøse, etniske eller stammeinndelingar. Geometriske grenser er baserte på enten lengde- og breiddegrader eller på liner som bind saman visse spesifiserte geometriske punkt. Komplekse grenser er grenser som kombinerer nokon av desse.¹¹

Ei kjend utsegn som er knytt opp mot internasjonale grenser er at «good fences make good neighbours»¹² Grenser har lenge vore ein kjelde til krig og konflikt. Drysdale og Blake listar difor opp fire typar grensekonfliktar, som alle er å finne i Midtausten: (1) *posisjonskonflikt*, om den presise plasseringa av ei grense, (2) *territorialkonflikt*, der nabostatar gjer krav på same landområde, vanlegvis basert historisk eller grunna geografiske naudsyn som tilgang til hav, (3) *brukskonflikt (functional)*, kan oppstå grunna skilnadar i forhold til grensa sin innverknad på rørslemønsteret (movement) til folk og varer, og grunna lokale vanskar (difficulties) kring arealutnytting (land use) og forvaltning, (4) *konflikt om ressursar på tvers av grenser (transboundary resource disputes)*, der ein stat utnyttar vatn, mineral, olje eller beitemark (pasture) på bekostning av ein annan.¹³

Spørsmålet om grenseetablering i Midtausten etter verdskrigen 1914-1918 er òg eit spørsmål om nasjonalisme og nasjonsbygging. Det arabiske opprøret under krigen legitimerte mellom anna seg sjølv ved hjelp av arabisk nasjonalisme og lovnaden om ein eigen arabisk nasjon. Den moderne staten Jordan har ein nasjonal identitet tett knytt opp mot beduinstammene landet er kjend for. Sjølv om fleirtalet av innbygarane i Jordan no er palestinarar er staten framleis basert på den «beduin-transjordanske» identiteten som vart skapt etter krigen. Ein av dei nasjonale mytane om landet er at beduinstammene alltid har vore lojale støttespelarar for Hashemi-familien som framleis styrer, og at

skildrar her Transjordan som «a transition stage between 'the desert and the sown'»; Sjå òg Gertrude Bell, *The Desert and the Sown*, New York, 2001 (1907): Dette spelar igjen attende på Ibn Khaldun om spenninga mellom beduinane og bufaste

¹¹ Drysdale og Blake 1985, s. 80-81: Denne klassifiseringa har dei frå S. W. Boggs, *International Boundaries: A Study of Boundary Functions and Problems*, New York, 1940: Dei nemner òg ei anna femdelt klassifisering av Richard Hartshorne frå 1936, men at denne er mest nyttig i forhold til relativt tett folkesette regionar med velutvikla kulturlandskap, slik som Europa og Nord-Amerika. (s. 83)

¹² Frå Robert Frost sitt dikt «Mending Wall» frå 1914

¹³ Drysdale og Blake 1985, s. 85: Denne klassifiseringa har dei frå J. R. V. Prescott, *The Geography of Frontiers and Boundaries*, London, 1965

deira støtte er noko ein alltid kan ha rekna med. Dette er derimot eit resultat av ei statsdanning der dei jordanske stammene var integrert inn i staten over lengre tid og til slutt slo seg til ro med den nye politiske situasjonen.¹⁴ Det er viktig å hugse på at korkje statar eller stammar er statiske einingar og kan endre seg over tid, og til tider kan denne endringa vere svært dramatisk.

I Palestina og Transjordan var det institusjonar oppretta av britane, hashemiane og palestinarane som sakte byrja å definere ein dei to nasjonane. For å skape to slike separate identitetar var grenser viktig. Grenser etablerte ei geografisk forståing av ein nasjon og knytte folket til eit definert landområde. Konseptet om nasjonalisme var difor enkelt å overføre til den bufaste folkesetnaden. Det var derimot problematisk når det gjaldt nomadestammene i området.

Betty S. Anderson, ein amerikansk historikar, skriv at europeiske kolonimakter gjennom sine oppdelingar av land skapte nasjonar av grupper med forskjellig religion og etnisitet, og sameina desse som borgarar innafor eit geografisk oppdelt område. I den koloniserte verda på 1800- og 1900-talet vart statane, både som institusjonar og geografiske einingar, skapte *før* nasjonen.¹⁵

Tidlegare forskning og litteratur

Storparten av den eksisterande og aktuelle faglitteraturen omhandlar i for det meste nasjonalisme og opprettinga av statane i Midtausten etter fyrste verdskrig, men det er overraskande få som tar for seg sjølve etableringa av grensene mellom desse i detalj, dette gjeld spesielt for grensa mellom Transjordan og Saudi-Arabia.¹⁶

Det er i forhold til historia om opprettinga av Saudi-Arabia at ein finn dei meste detaljerte skildringane av grensene. Det som ein kan sjå på som dei viktigaste verka her er *The Birth of Saudi Arabia – Britain and the Rise of the House of Sa’ud* av Gary Troeller (1976), *Britain and Saudi Arabia 1925-1939 – The Imperial Oasis* av Clive Leatherdale (1983), og spesielt *The Making of Saudi Arabia 1916-1936* av Joseph Kostiner (1993). Alle desse baserer seg tungt på britisk arkivmateriale, men fokuset deira er framleis Ibn Saud, noko som gjev dei eit meir saudisk perspektiv på grensekonflikten. Sjølv om grensene ikkje er i fokus er den britiske politikken overfor Ibn Saud godt lagt til rette for i desse fagverka.

I forhold til Transjordan er det ein del faglitteratur, mest i form av artiklar, men det er relativt få

¹⁴ Alon, Y., 2006. «Tribes and State-Formation in Mandatory Transjordan» i *Civil Wars*, Mars, s. 66-68

¹⁵ Anderson, B. S., 2005., *Nationalist Voices in Jordan – The Street and the State*, Austin, s. 16-17

¹⁶ Til og med i boka kalla *Arabia's Frontiers – The Story of Britain's Boundary Drawing in the Desert* av John C. Wilkinson (London 1991) er denne grensa lite omtala, og forfatternen har vald å sjå bort frå visse grensekonfliktar.

av desse som direkte går på grenser. Eugene L. Rogan har skrive det som kan sjåast på som standardverket om området Transjordan og perioden før etableringa av staten i 1921 med *Frontiers of the State of the State in the Late Ottoman Empire*.¹⁷ Om Transjordan og mandatperioden er det Mary C. Wilson si bok, *King Abdullah, Britain and the making of Jordan*, som ofte blir sett på som standardverket. Ho skriv derimot lite om sjølve grensene og går raskt i gjennom dette på eit par sider.¹⁸ På norsk er det svært lite faglitteratur om Transjordan, der den mest omfattande er Per A. Christiansen si hovudfagsoppgåve frå 1992, *Opprettelsen av Transjordan: Britisk minimalisme i Midt-Østen 1919-1924*.

Andre verk det er verdt å merke seg er Randall Baker si bok om Hussein og kongedømet Hijaz, og Robert O. Collins si redigering av Gilbert Clayton, ein britisk diplomat og koloniadministrator, si dagbok frå 1925. Collins har skrive ein lang introduksjon, i tillegg til å ha krydra dagboka med utdjupande fotnotar.

Av fredskonferansane etter fyrste verdskrig er konferansen i Kuwait, 1923-1924, ein av dei det er skrive minst om og den er som regel nemnd i ei leddsetning. Konferansen, som ein òg kan omtale som ein grensekonferanse, er likevel drøfta i detalj av den saudi-arabiske akademikaren Moudi Mansour Abdul-Aziz. Boka baserer seg på både arkivkjelder frå det britiske utanriks-departementet og fleire arabiske sekundærkjelder. Abdul-Aziz skal òg ha fått ein del dokument av det saudiske utanriksdepartementet. Eit problem er at arkivkjeldene utgjer berre to arkivmapper og at boka i tillegg er prega av fleire faktafeil og feiltolkingar av mellom anna desse, sjølv om dette kan skuldast at den er omsett frå arabisk. Trass i desse problema gjev likevel boka ei interessant saudisk vinkling til konferansen.¹⁹

Sams for alle desse er at grensene og grenselinene ikkje er omtala i nemneverdig grad etter at dei er oppretta, i tillegg til at dei fleste avgrensar seg til periodar før andre verdskrig.

Kjelder

Eg baserer denne avhandlinga i hovudsak på britisk arkivmateriale, i tillegg har eg sett nærmare på fleire personlege kjelder i form av britiske, og i mindre grad andre europeiske, reiseskildringar

¹⁷ Rogan, E. L., *Frontiers of the State in the Late Ottoman Empire*, Cambridge, 2002 (1999)

¹⁸ Wilson, M. C., *King Abdullah, Britain and the making of Jordan*, Cambridge, 1987, s. 99-101; Yoav Alon, ein israelsk historikar, omtalar mellom anna dette som eit standardverk.

¹⁹ Abdul-Aziz, M. M., *King Abdul-Aziz and the Kuwait Conference 1923-24*, London, 1993: Eg har sjølv gått grundig gjennom eine arkivmappa boka støttar seg på: FO 686/135 (Den andre er FO 371/9996). Eit døme på feil er nemnd i kapittel 4 om konferansen. Abdul-Aziz er forresten på historieprofessor ved King Abdul-Aziz [Ibn Saud] University i Jidda.

og memoarar. Årsaka til dette er fordi eg vil sjå på korleis ulike faktorar påverka den britiske politikken og britiske oppfatningar. Eg har difor utøvd grunnleggande kjeldekritikk i kjeldearbeidet og sett på opphav og funksjon til kjeldene for å stadfeste truverdet deira.

Arkivmaterialet har eg i hovudsak frå Nasjonalarkivet i Kew i London, der eg har gått gjennom eit stor utval av forskjellige dokument frå koloni-, utanriks- og luftfartsdepartementet (CO, FO og AIR). Eg har òg gått gjennom relevante redigerte arkivsamlingar ved British Library i London, som er ordna tematisk. Desse departementa er dei som i størst grad stod for politikken i Midtausten i den aktuelle perioden og er difor det mest relevante å sjå nærmare på. Britane var i tillegg godt involvert i Transjordan og på Den arabiske halvøya, og fungerte både som aktørar og observatørar. Materialet ved arkivet er i stor grad intern korrespondanse mellom og innan departementa. Arkivmappene inneheld i tillegg fleire rapportar, interne notat, avisutklipp og anna informasjon. Nokre kjelder inneheldt nyttige kart.

Kjeldene er av både offentlege og private natur, men storparten er interne dokument mellom og innan britiske departement. Det er difor viktig å forstå skilnaden på dei forskjellige dokumenta. Desse har vore graderte, som til dømes hemmelegstempla eller unnateke offentleg innsyn. Arkivkjelder kan òg vere prega av *diplomatispråk*, noko som gjer det viktig å forstå kven kjelde er meint for.

Andre primærkjelder eg har sett nærmare på er reiseskildringar. Den syriske og nord-arabiske ørkenen var ein av dei blanke delane på det internasjonale kartet heilt fram til 1930-talet, noko som gjorde til at det byrja å trekke til seg utforskarar i byrjinga av 1900-talet. Dei få utforskarane som hadde reist gjennom regionen vart ofte sett på som ekspertar av den.²⁰

Grunnen til at eg har sett nærmare på dette er at britane i Transjordan i denne perioden visste svært lite om området og mykje av informasjonen fekk dei gjennom reiseskildringar. Desse skildringane er difor verdifulle for å gje eit innsyn i korleis vestlege observatørar oppfatta situasjonar, områder og folk. Det er derimot grunn til å trekke fram denne type kjelde sin *funksjon*, spesielt med tanke på at dei er skrivne for eit publikum.

Det at eg baserer meg på britiske og engelsk-språklege kjelder fører til eg får presentert nesten utelukkande ei side av saka, den britiske. Dette er derimot ikkje eit stort problem sidan eg skal

²⁰ Carruthers 1910, s. 225: «Although Arabia still possesses the largest tract of unknown country in the world, it has been neglected by travellers, and its exploration has been at a standstill for a quarter of a century. [...] I therefore determined to make an effort to travel over and map out the blank that exists between the Hejaz railway and the Wadi Sirhan.»

fokusere på korleis britane oppfattar trugsmålet frå Ibn Saud og Arabia.

I kapittelet om kjeldegransking nemner Knut Kjeldstadli moglegheita for kollektive fordommar, gjennomgåande tendensar i eit miljø.²¹ Dette er svært relevant i forhold til den aktuelle perioden i avhandlinga, og det er difor grunn til å trekke fram konseptet om *orientalisme*, det vestlege bilete og synet på Orienten og «det andre». I *Orientalismen* skriv Edward Said om uttrykket «orientalsk», som eit uttrykk for Asia og Austen, geografisk, moralsk og kulturelt. Han nemner mellom anna at ein i Europa kunne snakke om ei spesiell orientalsk karakter og liknande. Said skriv det at det var eit utbreidd syn på «orientalaren» at desse var «de samme nesten over alt».²² Eit døme på dette er denne utsegna av den britiske konsulen i Damaskus, W. A. Smart, i 1924:

The Oriental is always on the look out for verbal traps, and it is not easy to convince him that none are intended.²³

I diskursen i perioden var det svært vanleg å omtale mellom anna arabarar og beduinar i eintal, som om dei var ein person. Eit døme på dette er tittelen på boka til den britiske diplomaten Hubert Young om si tid i Midtausten, *The Independent Arab*.²⁴ Innfødde blir dimed indirekte tileigna medfødde og kollektive eigenskapar.

Said skriv at mennesket alltid har delt verda inn i regionar med ekte og innbilte særtrekk. Orientalismen har difor delt verda i to representative motpolar, og skilnaden mellom det kjende (Vesten, «vi») og det framande (Orienten, «dei»). Han nemner at orientalismen ser Orienten som fastlåst i tid og stad i forhold til Vesten, eit symbol på det evige.²⁵ Denne tankegangen om «oss» og dei «andre» er sentral i den britiske tilnærminga til regionen:

Det å være en europeer i Orienten innebærer *alltid* å være en bevissthet atskilt fra og ulik sine omgivelser.²⁶

I den aktuelle perioden for avhandlinga er dette forholdet spesielt tydeleg i den britiske haldninga til dei arabiske beduinastammene, som er prega av romantiske fordommar og myta om «den noble arabar». Den britiske psykologen Katryn Tidrick argumenterer i to bøker, *Empire and the English Character* og *Heart Beguiling Araby: The English Romance with Arabia*, om korleis kulturelle og

²¹ Kjeldstadli 1999, s. 176

²² Said, E. W., *Orientalismen – Vestlige oppfatninger av Orienten*, 2004 (norsk utgåve) (1978), s. 43-44, 49

²³ FO 684/1: W. A. Smart til Ramsay MacDonald (stats- og utanriksminister), 19. juli 1924

²⁴ Young, H., *The Independent Arab*, London, 1933: Boka er trass tittelen sympatisk mot arabarane. Boka er delvis memoarar og delvis ei reiseskildring.

²⁵ Said 2004, s. 51, 56, 123-124

²⁶ Said 2004, s. 175

sosiale faktorar forma oppfatninga til koloniadministratorar og avgjerdstakarar. Den fyrste omhandlar det ho identifiserer som eit særprega britisk etos for imperialistisk styring, basert på evangelisk kristendom og aristokratiske oppfatningar om ære frå det viktorianske gentleman-idealet. I den sistnemnde boka skriv ho om den britiske fascinasjonen med beduinar og Arabia og den samanlikninga mellom «beduinen» og den britiske «gentleman».²⁷ Den israelske historiakaren Yoav Alon framhevar eit viktig aspekt Tidrick viser i sine bøker, nemleg den britiske sjølvtiliten i forhold til den arabiske verda og mandatperioden, og siterer ho:

The Middle Eastern mandates were acquired at a time when Englishmen had been mesmerised by their own charisma into believing that whole populations could be controlled by moral influence and very little else.²⁸

Tidrick går vidare og hevdar at utbreidd overtyding hjå britane om at dei hadde eit spesielt samband med, og ein spesialkunnskap om arabarane og at det var i deira natur å forstå dei og dimed styre dei. Ho konkludera med at dette produserte ei kjensle av at britisk nærvær i arabiske land var hadde noko naturleg og uunngåeleg ved seg.²⁹

Ei innvending mot Tidrick sine analysar, som Alon trekk fram, er at ideane hennar ikkje er sterkt nok knytt opp mot dei faktiske utøvarane av imperiumspolitikken (Imperial policy), og må handterast med litt varsemnd. Alon hevdar, trass i fleire innvendingar, at Transjordan i 1920 passar svært godt til omstenda analysert av Tidrick, både i ein Midtausten- og imperiumskontekst. Sidan britane var nykommarar til området var det fordommane og oppfatningane deira av området som kom til å diktere politikken og framferda snarare enn den faktiske kunnskapen.³⁰

Slike haldningar og kollektive fordommar er viktig å hugse på under kjeldearbeidet, fordi dei kan vere med på å påverke korleis britane handlar og kvifor dei gjer det. Sidan britane opererer i eit område dei i byrjinga av 1920-talet hadde lite kunnskap om, er det nyttig å kunne samanlikne realitetane og korleis dei sjølv oppfatta situasjonar.

²⁷ Alon, Y., 2009. «Heart-Beguiling Araby' on the Frontier of Empire: Early Anglo-Arab Relations in Transjordan» i *British Journal of Middle Eastern Studies*, April, s. 55-58: For ei nærmare tolking av desse to bøkene sjå denne artikkelen

²⁸ Tidrick, K., *Heart Beguiling Araby: The English Romance with Arabia*, Cambridge 1989 (1981), s. 207, sitert i Alon 2009, s. 57

²⁹ Alon 2009, s. 57

³⁰ Alon 2009, s. 59-60

Omgrep, definisjonar og stadnamn

Det å definere framtidige statar reint geografisk i ei avhandling om overgangsfasen frå separasjonsgrenser til faste moderne grenser er problematisk. I denne overgangsfasen skiftar den geografiske defineringa av dei politiske grensene, der ein stat ikkje er geografisk lik før og etter opprettinga av ei fast grense. I denne avhandlinga gjeld dette spesielt Transjordan og Nejd.

Før etableringa av staten Transjordan i 1921 var det ingen standard geografisk definisjonen for området. Transjordan (arabisk: *sharq al-Urdunn*, Aust-Jordan) refererte berre generelt til området som låg aust for Jordan-elva. Den geografiske definisjonen av området varierer difor fram til grensene blir etablert. Transjordan blir difor her referert til det geografiske landområdet og statsadministrasjonen aust for Jordan-dalen og sør for Yarmuk-elva med udefinerte grenser i sør og i søraust.

Den geografiske definisjonen av Nejd er òg problematisk sidan denne «staten» er ekspanderer. Nejd referere difor til den politiske eininga som til ei kvar tid er underlagt Ibn Saud.

Arabia vil her referere til den arabiske halvøya sør for syriske ørkenen (Badiyat al-Sham). *Palestina*, *Syria* og *Irak* vil referere til statane slik det er i dag.

Det er tre inndelingar som kan vere problematiske når det kjem til beduinstammene i Transjordan, nemleg *nomadisk*, *halvnomadisk* og *bufaste*. Eg har vald å nytte omgrepa *beduinar* eller *beduinstammar* når eg refererer for å gjere det heile enklare for lesaren. Dette siktar i størst grad til nomadiske og halvnomadiske enn bufaste sidan det er desse som ferdast i det aktuelle grenseområdet.

Om språkbruk

Eg har vald å nytte ein forenkla translitterasjon av arabisk, utan bruk av emfatiske konsonantar, lange vokalar og bokstavane *'ayn* og *hamza*. Allment kjende ord og særnamn blir skrivne i si mest kjende form på norsk (Akaba i staden for Aqaba).

GRENSER I DET GRENSELAUSE

2. STORMAKTSPOLITIKK OG FYRSTE VERDSKRIG

You ask why should England do this? Why should Great Britain push herself in these directions? Of course the answer is obvious – India.³¹

Storbritannia hadde to hovudinteresser i Midtausten før fyrste verdskrig. Det var å sikre sambandslinene til India og å halde ved lag Det osmanske riket, som kontrollerte store delar av landvegen dit. India var sjølv juvelen i det britiske imperiet og vegen dit var sett på som livslina til heile i imperiet. Store delar av denne lina gjekk gjennom «den arabiske korridoren», som inkluderte Egypt, Levanten, Den arabiske halvøya og hava rundt. Grunna den spesielle geografiske plasseringa fekk korridoren stor strategisk verdi for britane, som såg på den som livsviktig ledd mellom aust og vest.³²

For å hindre at rivalar fekk tilgang til regionen hadde britane støtta opp om Det osmanske riket som herska over store delar av desse strategiske områda. Britane ynskte ikkje sjølv å kontrollere regionen politisk sidan osmanarane gjorde det for dei.³³ Då den fyrste verdskrigen braut ut i Europa 28. juli 1914 prøvde britane difor å halde osmanarane nøytralt, men dei mislukkast og i november:³⁴

Yet in a little less than a hundred days the British government had completely reversed the policy of more than a hundred years, and now sought to destroy the great buffer empire that in times past British governments had risked and waged wars to safeguard.³⁵

TRE AVTALAR

Krigen i Midtausten byrja med to store nederlag for britane; ved Gallipoli i 1915 og i Kut al-Amara i Mesopotamia i 1916. For å få krigen til å gå deira veg inngjekk Storbritannia tre kontroversielle og tilsynelatande motstridande lovnadar til tre forskjellige partar: Lovnadar om eit sjølvstendig arabiske rike gjennom Hussein-McMahon-korrespondansen, lovnadar til Frankrike om eit stykke av Det osmanske riket gjennom Sykes-Picot-avtalen og lovnaden om ein nasjonalheim til jødar i Palestina i Balfour-deklarasjonen.

Alle desse påverka utforminga og etableringa av emiratet Transjordan i 1921. Det var gjennom

³¹ Curzon sitert i Maisel 1994, s. 218

³² Collins, R. (red.) i introduksjonen til Clayton, G., 1969. *An Arabian Diary*, Berkeley/Los Angeles, s. 3-4

³³ Collins i Clayton 1969, s. 3-7; Fromkin 1989, s. 27; Fromkin 2004, s. 134; Christiansen 1992, s. 6

³⁴ Butenchøn 2008, s. 71

³⁵ Fromkin 1989, s. 75

desse lovnadane at Transjordan oppstod som ei *ad hoc*-løysing og ein indirekte konsekvens. Dei la òg grunnlaget for korleis det nye politiske kartet over Midtausten kom til å sjå ut. Lovnadane er viktige for å sjå korleis britane legitimerte handlingane sine etter krigen. Det var ideane og prinsippa frå desse som førte til både den politiske og geografiske utforminga av Transjordan.

Hussein-McMahon-korrespondansen og Det arabiske opprøret

Like etter krigsutbrotet erklærte den osmanske sultanen, som i tillegg var kalif, *jihad* mot alle riket sine fiendar. Dette var ein av grunnane til at britane ønska eit nøytralt osmansk rike. Det britiske imperiet var i denne perioden det største riket i verda og med flest muslimar og britane frykta difor påverkningskrafta til eit osmansk jihad kunne ha hjå muslimane i spesielt India og Egypt.³⁶ For å avgrense verknaden såg britane etter ein muslimske leiar som kunne motverke og svekke denne erklæring. Britane såg helst at dette var ein arabar slik at dei kunne spele på arabisk nasjonalisme for å legitimere eit opprør mot dei tyrkiske osmanarane. Det var fleire aktuelle kandidatar, men den mest aktuelle kandidaten var Hussein b. Ali, emir og sharif av Mekka.³⁷

Sharif Hussein hadde fått stillinga som Emir av Mekka i november 1908. Stillinga var den mest prestisjefulle arabisk-islamske stillinga innanfor Det osmanske riket og innehavaren var vaktaren av dei heilage byane Mekka og Medina. Sharif Hussein kom frå Hashemi-familien som hadde hatt denne stillinga i fleire hundre år. Tittelen *sharif* tyder ætling av profeten Muhammad. Hussein hadde stor mistru til dei nye styresmaktene i Istanbul som kom til makta i 1908-09 og prøvde å sikre seg meir sjølvstyre.³⁸

I juli 1915 byrja den berømte korrespondansen mellom Hussein og Sir Henry McMahon, den britiske høgkommissæren i Egypt. I åtte brev utveksla mellom juli 1915 og januar 1916 avtalte McMahon og Hussein at Storbritannia ville støtte opprettinga av eit arabisk rike mot at Hussein gjorde opprør mot Det osmanske riket. Korrespondansen resulterte aldri i ein skrifteleg avtale med Hussein og nøyaktig kva som hadde vorte lova frå britisk side var uklårt. McMahon hadde i eit brev til Hussein, datert 24.oktober 1915, nemleg ekskludert "portions of Syria lying to the west of the districts of Damascus, Homs, Hama and Aleppo". Denne definisjonen fekk seinare problem fordi den var for vag.³⁹

³⁶ Christiansen 1992, s. 9; Wilson 1987, s. 27: India inkluderte i denne perioden Pakistan og Bangladesh

³⁷ Butenschøn 2008, s. 74-75

³⁸ Cleveland 2004, s. 157

³⁹ Wilson 1987, s. 27; Butenschøn 2008, s. 77; [Report of a Committee Set up to Consider Certain Correspondence Between Sir Henry McMahon and the Sharif of Mecca in 1915 and 1916](#), 16. mars 1939


Hussein erklærte opprør mot Det osmanske riket i juni 1916 og erobra raskt Mekka, Jidda og litt seinare Taif. Opprøret vart for det meste leia av to av sønene hans; Abdullah og Feisal. Britane støtta dei med rådgjevarar, pengar og utstyr. Opprøret skulle i tillegg hindre 15.000 osmanske soldatar i regionen å forsterke den planlagde britiske fronten i Palestina.⁴⁰ Eit anna mål var å sikre hashemisk makt so langt som til Syria for betre å realisere den lova arabiske staten.⁴¹

I juli 1917 tok arabiske styrkar hamnebyen Akaba og tok dimed opprøret ut av Hijaz og Arabia og inn i Transjordan og Syria. Opprøret brukte det neste året mykje krefter på å sabotere Hijazbana, ei jarnbane som frakta osmanske styrkar og forsyningar mellom Damaskus og Medina, og bandt på den måten opp osmanske styrkar i Hijaz. I mellomtid innleia britane offensiven i Palestina og erobra Jerusalem i desember 1917. I slutten av september 1918 trakk dei siste osmanske styrkane seg ut av Transjordan og etterlét området i eit vakuum det ville ta to år å fylle.⁴² Samstundes tok britiske og arabiske styrkar Damaskus. Feisal leia erobringa og sette straks i gang tiltak for etableringa av ein arabisk stat. Verdskrigen var over to månadar seinare.

Sykes-Picot-avtalen og rivalen Frankrike

Samstundes som Hussein-McMahon utveksla brev, forhandla Frankrike og Storbritannia fram ein løynd avtale om å dele Midtausten mellom seg etter krigen. Avtalen fekk namnet etter sjefsforhandlarane Mark Sykes og Francois Georges-Picot. Avtalen var i stor grad ei sams forståing av kvar stormaktene ville styre, direkte og indirekte. Avtalen var ratifisert av baa land i mai 1916.⁴³

Avtalen delte dei arabiske delane av Det osmanske riket inn i forskjellige sonar for direkte kontroll, indirekte kontroll (dei sokalla A- og B-områda)



Illustrasjon 1: Sykes-Picot-avtalen 1916

[Henta frå Butenschøn 2008, s.84]

⁴⁰ Rogan, E., 2002. *Frontiers of the Late Ottoman Empire*, Cambridge, s. 224-225

⁴¹ Rogan 2002, s. 225

⁴² Rogan 2002, s. 234-240

⁴³ Fromkin 2004, s. 138: Russland var opphavelig ein aktør, men fall bort grunna revolusjonen i 1917.

og internasjonal/alliert administrasjon. Frankrike fekk det som i dag utgjer Syria og Libanon, medan Storbritannia fekk det som i dag utgjer Jordan og Irak. Palestina skulle opphavleg vere under internasjonal administrasjon, men gjekk seinare til britane. Storbritannia og Frankrike gjorde fleire endringar fram til den store fredskonferansen i Paris i 1919.⁴⁴ Desse endringane gjekk ut på at britane fekk den oljerike Mosul-regionen som eigentleg var tildelt Frankrike.

Til tross for at dei var allierte, var Storbritannia og Frankrike langt på veg framleis rivalar. Dette rival-forholdet kom klårt fram under Sykes-Picot-forhandlingane. Krigen mot osmanarane var ikkje ynskt velkomen av britane, i motsetnad til Frankrike og Russland som såg sjansen til å auke makta si i regionen.⁴⁵ Frankrike hadde fyrst lagt krav på heile Syria, som då omfatta Palestina, Transjordan og Libanon. Britane såg i byrjinga liten verdi i å ha Palestina, men dei kunne ikkje tolerere at Frankrike fekk kontrollen over områder so nært til Egypt.⁴⁶ Britane såg difor på Palestina i byrjinga som ein slags buffersone som skulle trygge Suezkanalen.⁴⁷

Området britane fekk var i tillegg ein landkorridor mellom Middelhavet og Persiabukta som dei såg på som naudsynt for sambandslinene til India no som osmanarane var borte. Området ville i tillegg fungere som ein buffersone mellom Frankrike og Den arabiske halvøya. I byrjinga av krigen var tanken at Frankrike skulle grense mot Arabia «a situation which we [Storbritannia] could scarcely tolerate.»⁴⁸ Lord George Curzon, den nye britiske utanriksministeren i 1919, ville helst ta kontrollen over landvegen til India etter krigen framfor å utelukkande vere avhengig av den britiske marinen.⁴⁹ Denne tankegangen kom til å vare gjennom heile mandatperioden, men spesielt fram til 1926. Storbritannia ville hindre andre stormakter i å få fotfeste og dimed bli ein maktfaktor i Arabia, eit område britane såg på som ein sone der dei hadde fyrsterett. Storbritannia hadde tidlegare tatt kontrollen over fleire strategisk viktige punkt på den arabiske halvøya for å betre sikre sjøvegen til India og hadde inngått traktar med fleire sjeikdømer i Persiabukta og Aden.⁵⁰

Britane ynskte direkte kontroll over Irak for å få tilgang til oljeforekomstane i Mosul-Kirkuk-området,⁵¹ og såg Irak sitt store potensiale som kornkammer og kornprodusent. Britane hadde òg

⁴⁴ Haas, E. B., 1952. «The Reconciliation of Conflicting Colonial Policy Aims: Acceptance of the League of Nations Mandate System» i *International Organization*, November, s. 531

⁴⁵ Klieman 1968, s. 238

⁴⁶ Klieman 1968, s. 241-243

⁴⁷ Pappe 2004, s. 65

⁴⁸ Klieman 1968, s. 243

⁴⁹ Maisel 1994, 217

⁵⁰ Sjeikdøma i Persiabukta inkluderar mellom anna Kuwait, det som seinare blir Dei sameinte arabiske emirata og Nejd (Ibn Saud)

⁵¹ Kven som skulle få dette området veksla mellom Storbritannia og Frankrike. Storbritannia fekk området til slutt, men grunna visse klausular i avtalen ville Storbritannia likevel fått hovudkontrollen over oljen i området. Oljen i

planar om bygge ein oljerørleidning og ei jarnbane mellom Irak og Palestina.

Balfour-erklæringa og defineringa av Palestina

I november 1917 sendte dåverande utanriksministeren Arthur Balfour eit brev til den britiske sionisten Lord Rothschild der han skreiv:

“His Majesty’s Government view with favour the establishment in Palestine of a national home for the Jewish people, and will use their best endeavours to facilitate the achievement of this object, it being clearly understood that nothing shall be done which may prejudice the civil and religious rights of existing non-Jewish communities in Palestine, or the rights and political status enjoyed by Jews in any other country.”⁵²

Bakgrunnen for brevet var at Balfour meinte det var naudsynt med ei pro-sionistisk erklæring frå Storbritannia for å kome Tyskland i forkjøpet; Balfour sitt mål var å sikre økonomisk støtte frå amerikanske jødar og få russiske jødar til å overtale Russland til å halde fram krigen til tross for revolusjonen.⁵³

Brevet var ope for tolking. Kva som spesifikt meinast med «a national home» er det skrive mykje om. Sionistane tolka det som at Storbritannia støtta opprettinga av ein jødisk stat. Då Balfour sendte brevet i 1917 var ikkje krigen mot osmanarane vunne og britane hadde endå ikkje erobra Palestina eller Jerusalem. Palestina var heller ikkje skikkeleg geografisk definert. Etter krigen vart det difor naudsynt for britane å definere Palestina for å avgrense Balfour-erklæringa.

Mandatordninga

Då krigen tok slutt i november 1918, var Storbritannia i ein mykje sterkare posisjon enn i 1916. Britiske styrkar stod i og kontrollerte no nesten alle dei arabiske områda til Det osmanske riket. I november og desember 1919 trekte Storbritannia attende alle styrkane sine, og med det britisk kontroll, frå det sokalla B-området og overlét området til Feisal og den arabiske administrasjonen i Damaskus. Meininga bak dette trekket var for å unngå at Frankrike brukte ein eventuell britisk okkupasjon av B-området som ei orsaking for å okkupere deira A-område.⁵⁴

Mosul/Kirkuk-området vart ikkje ein viktig faktor for Frankrike før etter krigen. Dette, og dei ugunstige vilkåra om oljen i avtalen med Storbritannia, førte sannsynlegvis til at Frankrike overlét området til britane i desember 1918. Sjå Fitzgerald 1994, s. 697-725 for ein gjennomgang av dette temaet.

⁵² <http://www.mucjs.org/EXHIBITION/BalfourDeclaration2.gif>

⁵³ Gilmour 1996, s. 63

⁵⁴ CO 732/75/4: Akaba and Maan – FO Memorandum, Prepared in 1925, 1936

Mandatorordninga vart formelt oppretta ved San Remo-konferansen i April 1920, der Frankrike formelt vart tildelt Syria. Britane såg helst at Frankrike kom til ei ordning med Feisal, som nett hadde blitt vald til konge av Syria, men forhandlingane slo feil og Frankrike tvang Feisal ut av Syria med militærmakt i juli 1920.⁵⁵

Mandata trong endeleg godkjenning av Folkeforbundet, noko som tok lang tid. Den endelege godkjenning av Palestina-mandatet frå Folkeforbundet kom ikkje før i juli 1922.⁵⁶ Grensene til mandatområda generelt var i stor grad tildelte sjølv om ikkje alle detaljane var på plass. Eit unntak var Transjordan si søraustlege grense, som i 1922 rett og slett ikkje eksisterte på noko vis. Hendingar på den arabiske halvøya same år fekk derimot konsekvensar for denne.

IBN SAUD OG MAKTKAMP I ARABIA

I hjartet av den arabiske halvøya ligg eit svært og klimamessig ugjestmildt landområde kalla Nejd. Området har fram til moderne tid vore ein lite tilgjengeleg region, mykje takka vere geografien. Det er godt innestengd av tre ørkenar høvesvis i nord, aust og sør.⁵⁷ I vest sørger fjella i Hijaz for at Nejd blir nærmast heilt inneslutta.⁵⁸

Det osmanske riket brydde seg lite om kva som fann stad i Nejd, noko som gjorde til at innbyggjarane der var ganske sjølvstendige. Området var òg fattig på ressursar, som det dimed var mykje kamp om. Osmanarane la ikkje mykje vekt på å hente noko av verdi i området og heldt seg for det meste om utkantane.⁵⁹

Nejd var eit område der beduinane bygde på ein tradisjon av sjølvstende, ærekjensle, nobilitet og militær djervskap. Den sosiale strukturen reflekterte samstundes at ein var svært avhengige av tilgang til vatn og beiter for folk og fe. Kampen om dei få ressursane resulterte i flytande militære alliansar mellom stammar og bufaste, noko som igjen førte til eit slags patron-klient-forhold der stammane vart betalte av dei bufaste for å sikre militær tryggleik.⁶⁰

Det var i dette tilsynelatande ugjestmilde området at grunnlaget for det seinare Saudi-Arabia vart til.

⁵⁵ Wilson 1987, s. 40-44

⁵⁶ CO 732/75/4: Akaba and Maan – FO Memorandum, Prepared in 1925, 1936

⁵⁷ Nefud i nord, Dahna i aust og Rub al-Khali i sør.

⁵⁸ Leatherdale 1983, s. 12-14

⁵⁹ Leatherdale 1983, s. 12-14

⁶⁰ Leatherdale 1983, s. 12-14

Al Saud og wahhabisme

Midt på 1700-talet [1747] lova Muhammad ibn Saud, leiaren for Al Saud-slekta, å garantere tryggleiken til ei ny sekt grunnlagt av Muhammad ibn Abd al-Wahhab (1703-1791). Denne nye veksande sekta, som seinare er kalla for wahhabisme, var ei puritansk og religiøst konservativ rørsle. Leiaren for Saud-slekta fekk tittelen Imam, framfor sjeik eller emir, og Riyadh vart hovudsetet til dei saudiske herskarane.⁶¹

I den nordlege delen av Nejd, etablerte Rashid-slekta eit rike med hovudstad i Hail. Dette området hadde tidlegare vore under Saud-slekta, men i 1891 lukkast det rashidane, med støtte frå osmanarane, å erobre Riyadh og jage Saud-slekta på flukt. Den dåverande leiaren Abd al-Rahman Ibn Saud flykta med sonen sin Abd al-Aziz inn i eksil i Kuwait.⁶²

Ibn Saud

Abd al-Aziz ibn Abd al-Rahman Ibn Saud, betre kjend som Ibn Saud, var 11 år då han kom til Kuwait. Her vart han kjend med stormaktspolitikk og Storbritannia. Han ynskte likevel å gjenerobre og gjenopprette riket til faren og forfedrane frå Ibn Rashid. Ved juletider i 1901 forlet Ibn Saud Kuwait saman med ein liten, men velutrusta tropp på førti menn og drog mot Riyadh. Mot all forventning knuste han garnisonen til rashidane og erobra byen.⁶³

Etter å ha fått kontroll over byen byrja Ibn Saud å utvide området sitt på bekostning av rashidane, som vart støtta osmanarane. I 1906 tok Ibn Saud Qasim og fleire andre byar mellom Riyadh og Hail. Då han erobra Hasa-regionen ved Persiabukta i 1913 anerkjende osmanarane han som guvernør av Nejd. Storbritannia hadde store interesser i Persiabukta og hadde mellom anna inngått traktatar med fleire av sjeikdøma der, men britane såg i byrjinga på Ibn Saud som ein osmansk undersått og nekta å inngå nokon traktat med han.⁶⁴

Då den fyrste verdskrigen braut ut ynskte britane derimot å inngå ein avtale med Ibn Saud for å unngå at han støtta osmanarane. Britane sendte agenten deira i Kuwait, kaptein William Shakespear, for å forhandle i januar 1915, men han vart drepen under eit slag mellom Ibn Saud og rashidane.⁶⁵ Oppdraget lukkast derimot til slutt og Ibn Saud inngjekk ein traktat med britane i desember same år.

⁶¹ Butenschön 2008, s. 145; Baker 1979, s. 191

⁶² Al-Rasheed 2002, s. 25-26

⁶³ Al-Rasheed 2002, s. 40

⁶⁴ Al-Rasheed 2002, s. 41

⁶⁵ Baker 1979, s. 192-193: Shakespear hadde tidlegare vitja Riyadh og Ibn Saud i 1911. Shakespear representerte då den britiske regjeringa i India.

Britane anerkjende han som herskar over «Najd, El Hassa, Qatif and Jabail» og deira tilliggande områder og han ville i tillegg motta våpen og britiske subsidiar. Ibn Saud lova til gjengjeld å ikkje inngå nokon andre avtalar med framande makter eller angripe andre sjeikdømer som hadde traktatar med Storbritannia.⁶⁶

Gary Troeller skriv at traktaten med Ibn Saud skulle òg sikre britane godvilje etter krigen var over. Ibn Saud ynskte opphavleg ein meir detaljert traktat, men britane hadde vore mest interessert i å sikre seg ein grov mellombels traktat som kunne bli utvida seinare.⁶⁷

Under krigen kom likevel Ibn Saud ikkje til å spele ei særleg stor rolle. I byrjinga hadde eit slag med rashidane, som var allierte med osmanarane, svekka han kraftig samstundes som fleire stammar gjorde opprør. Han brukte difor store delar av krigen på å konsolidere makta si. Britane hadde pressa han til å gjennomføre nokre felttog mot rashidane og Hail, men desse var mislukka.⁶⁸

Storbritannia hadde tidlegare prøvd å unngå å blande seg inn i sentral-arabiske tilhøve og haldt seg til kysten, men avtalane med Ibn Saud og Hussein markerte ein slutt på denne politikken. Avtalane skulle vise seg å bli problematisk for britane når den veksande avskyen mellom Ibn Saud og Hussein byrja å vise seg.⁶⁹

Ikhwan - Brorskapet

Ibn Saud forstod etter dei tidlege erobringane at makta hans lett kunne bli undergrava av dei store stammekonføderasjonane so lenge dei var nomadar og haldt fast på den politiske autonomien sin. Han grunnla difor *Ikhwan*, brorskapet, for å temje beduinstammene og legge dei under sitt styre. *Ikhwan* var ei fundamentalistisk religiøs-militær styrke rekruttert frå stammene i Arabia og som hadde som mål å busette beduinstammene i landsbrukskoloniar, kalla *hujar* (fleirtal av *hijra*). *Ikhwan* følgde i tillegg den strenge fundamentalistiske ideane innan wahhabismen og praktiserte konvertering ved tvang.⁷⁰

I motsetnad til tradisjonell krigføring og raiding hjå beduinane var *Ikhwan* svært brutale. Raiding mellom stammar resulterte generelt i få dødsfall og tap av menneskeliv. Utforskaren Douglas Carruthers skriv mellom anna dette om om beduinsk krigføring:

⁶⁶ Troeller 1976, s. 83-89; Leatherdale 1983, s. 16-18, 372-373: Traktaten er vedlagt i Leatherdale. Britane subsidierte det arabiske opprøret med £200.000 i månaden medan Ibn Saud fekk £5.000.

⁶⁷ Troeller 1976, s. 90

⁶⁸ Al-Rasheed 2002, s. 43; Troeller 1976, s. 91-92

⁶⁹ Troeller 1976, s. 90-91

⁷⁰ Troeller 1976, s. 129-130; Kostiner, J., 1985. «On Instruments and Their Designers: The *Ikhwan* and the Emergence of the Saudi State» i *Middle Eastern Studies*, Juli, s. 298-300; Al-Rasheed 2002, s. 62; Baker 1979, s. 192

[I]n Beduin warfare the camp itself is never entered, nor are the tents molested. Thus all able-bodied men can go off and fight, and leave the camp without fear of their belongings being pillaged.⁷¹

Kvinner og born var att i leiren, og desse underforståtte reglane sikra dimed deira overleving. Som regel var raid mynta på å stele so mange kamelar som mogleg. Ikhwan si krigføring og raiding var, i følgje historikaren Antony B. Toth, «notoriously deadly» og at «the ferocity of *Ikhwan* attacks and the totality of destructiveness sowed terror among target tribes.»⁷²

Det som kom til å kjenneteikne Ikhwan var religiøs fanatisme, kampvilje, ekspansjonistiske mål og lojalitet til Ibn Saud. Dei skilde seg òg ut gjennom klesdrakter og framferd.⁷³ Ikhwan kom òg til å symbolisere den wahhabiske vekkingsrørsla som hadde byrja å spreie seg i Arabia etter verdskrigen. Britane kalla den for 'militant wahhabisme'. Ryktet om dei spreidde seg fort og skapte frykt hjå folk på grunn av deira kompromisslause haldning og utføringa av harde straffer.⁷⁴

Ibn Saud hadde likevel ikkje full kontroll over alle delane av Ikhwan og var fleire gonger nøydd til å straffe dei for å hindre at han mista den kontrollen han hadde.⁷⁵

Ibn Saud og Sharif Hussein

Konflikten mellom Ibn Saud og Sharif Hussein kan ein spore attende til 1910, men det er ikkje før 1918-1919 at det for alvor utvikla seg til ein konfrontasjon. Konflikten som utvikla seg omhandla retten til Khurma, ein liten landsby som låg i grenseområdet mellom Hijaz og Nejd. Ibn Saud byrja våren 1918 å skattelegge ein lokal beduinstamme som før hadde betalt skatt til Hussein. Då skatteoppkrevjarane til Hussein kom til landsbyen vart dei fengsla av den lokale herskaren som no var gått over til Ibn Saud.⁷⁶ Abdullah, son til Hussein, sendte styrkar for å ta landsbyen heile tre gonger, men desse vart slått attende kvar gong.⁷⁷

Innbyggjarane i Khurma hadde bedt Ibn Saud fleire gonger om han kunne hjelpe dei, men han var

⁷¹ Carruthers, Douglas, «A Journey in North-Western Arabia» i *The Geographic Journal*, vol 35, nr 3, mars 1910, s. 230

⁷² Toth, Antony B., «Last Battles of the Bedouin in Northern Arabia» i Chatty, Dawn (redaktør), *Nomadic Societies in the Middle East and North Africa – Entering the 21st Century*, Boston, 2006, s. 67

⁷³ Dei gjekk for det meste i kvite klede for å symbolisere deira puritanske tolking av islam. Dei nekta òg å helse på ikkje-muslimar og muslimar som dei meinte hadde ei feil tolking av islam, slik som muslimane i Hijaz og shia-muslimar. (Al-Rasheed 2002, s. 62)

⁷⁴ Al-Rasheed 2002, s. 62

⁷⁵ Troeller 1976, s. 129

⁷⁶ Den lokale herskaren heitte Khalid ibn Luwai og var innsett av Hussein. Han hadde vore med Det arabiske opprøret, men forholdet til Hussein og Abdullah skal forverra seg då Abdullah slo til han i munnen med ein sandal. (Baker 1979, s. 196)

⁷⁷ Wilson 1987, s. 34-35; Al-Rasheed 2002, s. 44

varsam for korleis Storbritannia ville reagere dersom det vart kampar mellom to av deira allierte. Britane var sjølv usikre på korleis dei skulle reagere, men dei kom til å støtte Hussein fordi dei trudde at styrkane hans ville vinne mot dei saudiske. Den britiske utanriksministeren skal ha uttalt at «[o]ur policy is a Hussein policy» og at ein skulle støtte Hussein so lenge det ikkje ville involvere militært engasjement frå britisk side i Arabia.⁷⁸

I mai 1919 sendte Hussein, oppmuntra av britisk støtte, Abdullah sjølv for å ta Khurma. Han tok Turaba, ein landsby like sør for Khurma, men sette ikkje ut vakter då dei slo leir. Ibn Saud hadde sendt Ikhwan-styrkar for å støtte herskaren i Khurma mot Abdullah, og 25. mai gjekk desse til åtak. Abdullah vart bokstaveleg tatt på senga. Den hijaziske hæren vart knust saman med ambisjonane Abdullah hadde hatt i Arabia. Han var i tillegg svært nær å miste livet og skal ha flykta i berre nattkleda.⁷⁹

Ibn Saud ynskte å invadere Hijaz og fjerne Hussein, men han møtte på eit stort hinder, nemleg Storbritannia. Alliansen mellom Storbritannia og Hussein var i 1919 framleis solid og Ibn Saud gav ordre om at styrkane hans ikkje skulle gå vest for Turaba i frykt for britiske represaliar eller intervensjon. Etter at britane fekk overtald han til å stogge konflikten med Hijaz i 1920 vendte han fokuset attende til rashidane i nord.⁸⁰

ABDULLAH OG EMIRATET TRANSJORDAN

Då britane diskuterte korvidt ein skulle stasjonere britiske styrkar i Transjordan etter krigen var økonomi ein sentral faktor. Ein ide, som skulle vise seg å bli gjeldande seinare, og å vere effektiv, var Herbert Samuel, den nye høgkommissæren i Palestina, sitt forslag om korleis ein kunne både spare pengar, sikre stabilitet og unngå å auke styrkane i Palestina:

Localisation of troops [in] Trans-Jordania would not involve increase of Palestine garrison; indeed, size of Palestine garrison largely dependent on tranquility or otherwise across Jordan, and presence of small force there to meet an actual situation would effect economy in otherwise larger force here required to meet potential one.⁸¹

Med andre ord ville ei lita styrke i Transjordan sikre fred i Palestina som igjen ville gjere behovet for store dyre militære styrkar der mindre. Britiske styrkar trakk seg, som sagt, ut av

⁷⁸ Baker 1979, s. 196

⁷⁹ Wilson 1987, s. 35-36; Baker 1979, s. 196

⁸⁰ Baker 1979, s. 196-198; Al-Rasheed 2002, s. 44

⁸¹ FO 141/440/3: Samuel til Lord Curzon, 17. oktober 1920

området Transjordan i desember 1919 og området vart innlemma i Feisal sitt syriske kongedøme. For å kunne sende styrkane inn att i området trong britane ein invitasjon frå den lokale folkesetnaden. Då Frankrike tvang Feisal ut av Damaskus i juli 1920 frykta britane til ei viss grad at franskmennene samstundes ville ta over Transjordan, til tross for at området var tildelt Palestina-mandatet same år. Britane ville kome franskmennene i forkjøpet og på eit folkemøte i Salt 20. august la Samuel fram planen sin om Transjordan si framtid for lokale leiarar.⁸²

Samuel lova at Storbritannia skulle forsvare Transjordan mot alle eksterne trugsmål og slo fast at det ikkje skulle vere noko form for verneplikt eller avvæpning av innbyggjarane («No conscription, no disarmament, trade promoted.»)⁸³. Britiske rådgjevarar skulle òg bli stasjonerte i hovudbyane for å hjelpe til i etableringa av mellom anna ei lokal styresmakt (government). Dette var den billigaste måten å utvide britisk innverknad i Transjordan, noko som var intensjonen til Samuel.⁸⁴

Britane handterte Transjordan på ein særskilt måte for å halde moglegheitene opne. Den britiske utanriksministeren, Lord Curzon, skreiv mellom anna i september 1920 at Storbritannia ikkje såg på eller handterte Transjordan som om det var ein del av Syria. Samstundes unngjekk dei klare koplingar mot Palestina og opna på den måten området for ei eventuell oppretting av eit sjølvstendig arabisk styre.⁸⁵

Samuel sin plan resulterte i tre forskjellige nasjonale styresmakter (national governments) som i varierende grad viste seg å vere mislukka. Mangelen på ei sterk sentralmakt og britisk investeringsvilje førte til at eit maktvakuum vart skapt i området og at makta til beduinstantamane auka.

Nokre få månadar etter Samuel sitt møte i Salt drog Abdullah, sonen til kong Hussein, i november 1920 til byen Maan med 300 mann.⁸⁶ Maan var då, om enn omdiskutert, ein del av Hijaz. Abdullah uttrykte at målet hans var å ta attende Syria frå Frankrike, men la til at han ikkje ynskte ei konflikt med Storbritannia. Abdullah var tre månadar i Maan for å førebu seg på marsjen nordover medan støttespelarane hans prøvde å samle støtte langs ruta.⁸⁷ I slutten av februar 1921 reiste han med tog nordover til Amman og med det inn i britisk mandatområde.⁸⁸ Under møtet i Salt hadde

⁸² Rogan 2002, s. 241-246

⁸³ FO 141/440/3: Samuel sin Salt-rapport, 22. august 1920

⁸⁴ Rogan 2002, s. 241-246

⁸⁵ FO 141/440/3: Lord Curzon til Mr. Vansittert (Paris), 30. september 1920

⁸⁶ FO 686/78: Samuel til FO, 29. november 1920

⁸⁷ FO 686/78: Lord Hardinge til M. Leygues, 20. desember 1920: Omhandlar Ali b. Hussein (ikkje sonen til Sharif Hussein) sitt noko mislukka forsøk på å samle støtte hjå innbyggjarane i Amman til Abdullah.

⁸⁸ Abdullah orsaka ferda nordover til Kirkbride, den britiske representanten, med at ein doktor hadde råda han til det fordi Maan var «unhealthy» (FO 686/78: Samuel til British Agent, 6. mars 1921)

ikkje Herbert Samuel funne noko støtte i Transjordan for at ein son av Hussein kunne bli konge der.⁸⁹

Då Abdullah kom til Amman 2. mars representerte det, i følgje Eugene L. Rogan, slutten på overgangsfasen mellom osmansk og hashemisk styre i Transjordan. Rogan skildrar vidare at Abdullah si reise nordover i tillegg demonstrerte for britane fara med eit maktvakuum i Transjordan.⁹⁰

12. mars 1921 opna den nye koloniministeren, Winston Churchill, Kairo-konferansen.⁹¹ Konferansen skulle avgjere og legge grunnlaget for den framtidige britiske politikken i dei nye mandata sidan Kolonidepartementet no hadde fått ansvaret for dei. Midt i førebuingane til denne hadde Abdullah reist til Amman og tvang på den måten seg inn som eit emne under konferansen.

Til tross for Samuel sine protestar innsette Churchill Abdullah som guvernør over Transjordan med ei prøvetid på seks månadar under eit møte i Jerusalem den 24. april. Målet med dette trekket var å unngå pinlege krav frå Abdullah og samstundes unngå at han lagde problem for Frankrike og med det Storbritannia. Transjordan vart samstundes klårare skilt frå Palestina, noko som til ei viss grad reduserte området for der Balfour-erklæringa gjaldt. Det var dessutan ikkje nokre særleg andre alternativ for britane; den tidlegare politikken i Transjordan viste seg å vere feilslått og ein kunne ikkje støtte Feisal som konge i Irak samstundes som ein motarbeidde Abdullah i Transjordan.⁹²

Med dette fullførte britane det dei kalla «the Sharifian solution».⁹³ Denne løysinga skapte derimot eit nytt problem. Ibn Saud såg på løysinga som eit direkte trugsmål mot seg sjølv og makta si og kalla løysinga for «den sharifiske omringinga» sidan hashemiar no herskar over heile området mellom Hijaz, Transjordan og Irak, frå Raudehavet til Persiabukta.

Briton Cooper Busch skriv at Kairokonferansen representerte eit skilje i britisk midtaustenpolitikk og han oppsummerer konferansen slik:

«It was the end of years of debate and controversy and confusion, as it was the beginning of years of debate and controversy and confusion. It was also the start of an Arab state system, disunited, subordinate to different mandatory powers, and faced with serious problems of economies, frontiers, minorities, and

⁸⁹ FO 141/440/3: Samuel sin Salt-rapport, 22. august 1920: Det var rett nok litt støtte, men denne kom frå «one almost unknown Saltese». Dei lokale sjeikane hadde haldt eit møte dagen før der dei avgjorde at dei skulle gå i mot ein son av Hussein som konge.

⁹⁰ FO 686/78: Samuel til British Agent, 3. mars 1921; Rogan 2002, s. 253-255

⁹¹ CO 935/1/1: Report on Middle East Conference held in Cairo and Jerusalem. March 12th to 30th, 1921: Med på denne konferansen var mellom anna Winston Churchill, Percy Cox, Gertrude Bell, T.E. Lawrence, Hubert Young, Arnold Wilson, Herbert Samuel, Frederick Peake, med fleire. Ingen frå India Office deltok.

⁹² Busch 1971, s. 462-474

⁹³ Wilson 1987, s. 49

political groups. Still, it was a state system, and, for better or worse, that system still survives, half a century after the meeting of the «Forty Thieves» at Cairo in March of 1921.»⁹⁴

GRENSENE MOT PALESTINA, SYRIA OG IRAK

Transjordan var som sagt ein kunstig og heilt ny stat då Abdullah vart emir over området i april 1921. Transjordan hadde då nesten ingen faste grenser. Det var ikkje definert eller demarkert nokon grenser korkje i aust, vest eller sør. Etableringa av dei fleste grensene, spesielt mot Palestina, var eit resultat av hastverk frå britisk side og grensene kom til å gå gjennom fleire endringar.

Palestina:

Tanken om å skilje Palestina og Transjordan var lagt på bordet allereie i 1915 gjennom Hussein-McMahon og Sykes-Picot-forhandlingane. Den endelege acdelinga av områda kom ikkje i stand før september 1922, men var sterkt prega av tidspress og i 1994 var grensa framleis ikkje fullstendig avklart på grunn av at britane bokstaveleg talt brukte for tjukke blyantstrekar då dei drog opp grensa i Wadi Araba, området mellom Daudehavet og Akababukta.⁹⁵

Herbert Samuel, høgkommissæren i Palestina lova allereie under møtet i Salt 20. august 1920 at Transjordan ikkje skulle bli ein del av den palestinske administrasjonen.⁹⁶ For å skilje ut Transjordan frå Palestina var det naudsynt med ein definisjon av både Transjordan og Palestina. Denne definisjonen er likevel vag for Transjordan sin del sidan den i stor grad berre definerer kvar det skil seg frå Palestina.

[T]he territory known as Trans-Jordan, which comprimes all territory lying to the east of a line drawn from a point two miles west of the town of Akaba on the Gulf of that name up the centre of Wady Araba, Dead Sea and River Jordan to its junction with the River Yarmuk; thence to the centre of that river to the Syrian Frontier.⁹⁷

Syria:

Grensa mellom Transjordan og Syria kom i stand i tre fasar mellom 1915 og 1932. Transjordan si

⁹⁴ Busch 1971, s. 474: «Forty thieves» siktar på dei førti deltakarane på konferansen.

⁹⁵ Efrat, E., 1994. «The Israel-Jordan Boundary Dispute in the Arava Valley» i *British Journal of Middle Eastern Studies*, s. 231

⁹⁶ FO 141/440/3: Samuel sin rapport om møtet i Salt, 22. august 1920

⁹⁷ «Mandate for Palestine, Together with a Note by the Secretary-General Relating to Its Application to the Territory Known as Trans-Jordan, under the Provisions of Article 25» i *Annals of the American Academy of Political and Social Science*, november 1932, s. 203

nordlege grense var i stor grad allereie stadfesta før Transjordan som stat i det heile var oppretta.⁹⁸

Grensa vart etablert like etter den fransk erobringa av Damaskus i juli 1920 og den følgde, eller skulle følgje, grensa som var avtalt i Sykes-Picot-avtalen. Til tross for at avtalen kom i stand i 1916, var det ikkje før sommaren 1920 at den vart ein realitet. Herbert Samuel og General Gourad vart samde om at Frankrike ikkje skulle blande seg inn i britisk politikk sør for Sykes-Picot-lina og omvendt.⁹⁹

Det var likevel ikkje før i 1931-1932 at grensa var avtalt og demarkert. Grunnen til dette var at Storbritannia og Frankrike ikkje vart samde i kvar grensa mellom det franske og britiske mandatet skulle gå ved Galileasjøen.

Irak:

Grensa som i dag går mellom Jordan og Irak er den grensa som det tok lengst tid å etablere. Den vart fyrst oppretta i 1932 gjennom ei brevveksling mellom Irak og Transjordan, men grensa slik vi ser den i dag kom ikkje i stand før i 1980-åra.¹⁰⁰ Hovudgrunnen til dette er at grensa ikkje var særleg viktig for britane sidan ei eventuell grense mellom Transjordan og Irak i stor grad ville vere ei intern grense innanfor dei britiske mandatområda. Skilnaden mellom denne og grensa som delte Palestina og Transjordan var det at den sistnemnde fungerte som ei avgrensing av Balfourerklæringa, og var dimesd viktigare.

Fram til 1932 hadde ein, sidan 1922, gått ut i frå at grensa mot Irak låg i nærleiken av Jebel Anaiza, eit høgdedrag langs den noverande grensa. Grunnlaget for denne grensa var i stor grad basert på dei lokale stammene sine rørsler og geografiske skiljer. Bell skreiv om grensa i 1926 at «from a tribal point of view the frontier between Trans-Jordan and 'Iraq is as good as can be devised.»¹⁰¹

Grensa var i stor grad ganske porøs. I følgje ein amerikansk UD-rapport frå 1970, var det korkje grensemarkørar langs grensa og den var heller ikkje demarkert. Heile grenseområdet var i tillegg ørken og beite- og vatningstradisjonane til dei lokale stammene som kryssa grensa haldt fram

⁹⁸ Amadouy, V. M., 1995. «The Formation of the Transjordan-Syria Boundary, 1915-1932» i *Middle Eastern Studies*, Juli, s. 533

⁹⁹ FO 141/440/3: Samuel sin rapport frå Salt, 22. august 1920; Mr. Vereker til Mr. Scott, 25. august 1920;

¹⁰⁰ «Iraq-Jordan Boundary, International Boundary Study, No. 98, 15 April 1970 [Office of the Geographer, bureau of Intelligence and Research, United States State Departement]», (*Arabian Boundary Disputes: Iraq-Jordan*: bind 9, s. 947-951)

¹⁰¹ «Note dated by the late Miss Bell» 4. mai 1926, (ABD: bind 9, s. 738)

uforstyrra. Det var på den tida heller ingen aktive konflikhtar mellom Irak og Jordan om grensa.¹⁰²

Måten grensa vart oppretta på i 1932 viste skilnaden i maktforholdet Feisal og Abdullah hadde til britane; medan eit delvis sjølvstendig Irak i 1932 sjølv forhandla fram grensa, måtte den britiske representanten i Transjordan godkjenne definisjonen for Abdullah. Den endelege grensa vart stadfesta i ein grensetraktat mellom Irak og Jordan i 1984.¹⁰³

¹⁰² Iraq-Jordan Boundary, International Boundary Study, (ABD: bind 9, s. 947-951)

¹⁰³ ABD:bind 9: Editor's note, s. Xxvi: Traktaten har ikkje vore mogleg å avdekke, men dei jordanske styresmaktene skal ha ratifisert avtalen. Det er derimot ikkje sikkert irakske styresmakter gjorde det same.

GRENSER I DET GRENSELAUSE

3. HAMNEBYEN OG WADIEN

Historia om opprettinga av Transjordan sine grenser er ei lang og komplisert historie. Grensene mot Palestina og Irak vart likevel etablerte gjennom forhandlingar britane i stor grad hadde med seg sjølve og forhandlingane om grensa mot fransk-kontrollert Syria gjekk greitt for seg, til tross for mindre problem. Den lengste, og mest kompliserte, var derimot den søraustlege grensa mot Arabia og Hijaz. Området var i stor grad ørken og stepper, og for britane var det meste aust for Hijazbana *terra incognita*. Dei visste svært lite om området, og karta dei nytta var for det meste basert på reiseskildringar, noko som gav rom for store og til dels grove feil. I tillegg til å vite lite om området brydde dei seg i byrjinga heller ikkje særleg mykje. Det hadde ikkje vore nokon brite i ørkenen heilt i aust sidan William Shakespear i 1915 og det ville ta heile sju år før nestemann kom.

Då Transjordan vart oppretta i april 1921 var det to heilt uavklarte grenser, den mot det indre Arabia i søraust og den mot Hijaz i sør. Dei tre andre grensene kom i stor grad til å forbli slik britane hadde tenkt. Både dei to uavklarte grenseområda kan forklarast kvar for seg, men lagnaden deira hang likevel saman og hendingar langs den eine grensa hadde ringverknadar langs den andre. Mot det indre Arabia stod kontrollen over den lange dalen Wadi Sirhan i sentrum, medan byane Akaba og Maan ved Akababukta stod i sentrum for grensa mot Hijaz. Alle dei involverte partane som gjorde krav på områda meinte dei hadde rett på dei, og baserte denne retten på historie og erobring. Det er difor naudsynt å sjå gjennom historia bak både grenseområda for betre å forstå haldningane, argumenta og handlingane til dei forskjellige aktørane.

DEN OMSTRIDDE FISKELANDSBYEN, 1917-1923

Eit av dei store kjernespora under grense-etableringa var om kontrollen over fiskelandsbyen Akaba inst i bukta med same namn. I byrjinga var det mest snakk om ei usemje mellom Storbritannia og Hijaz om kven som skulle administrere staden. Britane såg helst at landsbyen skulle ligge under transjordansk administrasjon og dimed innanfor britisk kontroll, medan kong Hussein av Hijaz ville ha den under sin eigen administrasjon. Spørsmålet om kontroll over Akaba hang tett saman med kontroll over byen Maan, som ligg nordaust for Akaba. Britane meinte det var naudsynt å halde Maan for best å kunne kontrollere og forsvare Akaba:

From a military point of view we also think that Maan controls Akaba, for although the latter place could easily be defended by a small force owing to the difficulties approaches to the town from the North and

the East, yet the provision of small forces in scattered places entails many difficulties which must be avoided whenever possible.¹⁰⁴

Akaba og Maan før 1917

Kontrollen over Akaba hadde skifta fleire gongar sidan byrjinga på 1800-talet grunna krig, okkupasjon og administrasjons- og distriktsreformer innan Det osmanske riket. Til tross for at ein seinare såg Akaba og Ma'an under eitt, hadde ikkje bae byane alltid vore under ein og same administrasjon. Det osmanske riket gjekk gjennom fleire reformer på 1800-talet kjend som *Tanzimat* og desse reformene gjekk mellom anna ut på ei omorganiseringa av administrasjonsstrukturen av riket sine regionar. Historikaren Clive Leatherdale skriv at det går an å spore konflikt over kontroll av området attende til 1841 då Egypt vart tildelt kontrollen over Sinai-halvøya og fleire garnisonbyar ved Raudehavet, der Akaba var ein.¹⁰⁵

Historia om kontrollen over Akaba og Maan før første verdskrig er komplisert. Eit enkelt døme på dette er ganske enkelt namna på byane. Det var nemleg opphavleg to forskjellige landsbyar kalla Akaba. Ved Akababukta låg fiskelandsbyen *Akaba al-Misriyya*, det egyptiske Akaba, som tidleg på 1800-talet var kulturelt tilknytta Egypt. Tilnamnet hadde landsbyen fått for å skilje den frå den mindre kjende *Akaba al-Shamiyya*, det syriske Akaba, eit fort som låg ved pilegrimsvegen mellom Mekka og Damaskus.¹⁰⁶ I følgje Rogan markerte dette fortet den dåverande sørlege grensa til distriktet Maan. Byen Maan var igjen delt inn i to forskjellige kommunar (township); hovudbyen *Maan al-Hijaziyya*, Det hijaziske Maan, og den mindre *Maan al-Shamiyya*, Det syriske Maan. Sjølv om desse to mindre kjende stadane ikkje kom til å stå i fokus i konflikta som utvikla seg etter første verdskrig, illustrerer dei kompleksiteten i spørsmålet om eigedomsretten gjennom tilnamna sine.¹⁰⁷

I følgje Eugene Rogan vart Maan skapt av pilegrimskaravanene og byen livnærte seg på handel med pilegrimar på veg til og frå Mekka. Då den sveitsiske oppdagaren Johann Ludwig Burckhardt vitja Maan i 1812 var byen under hardt press etter at den saudisk-wahhabiske okkupasjonen av Mekka (1804-1812) hadde hindra osmanske pilegrimar sidan 1807. Rogan skriv elles at det nesten utelukkande var pilegrimar som vitja Maan og at byen difor er den byen ein veit minst om i området før osmanarane innførte meir direkte styre seinare på 1800-talet.¹⁰⁸

¹⁰⁴ CAB 16/60: Reports and Proceedings of Sub-Committee on the Situation in Akaba, 4. juni 1925 (Frå no av: CAB 16/60)

¹⁰⁵ Leatherdale 1983, s. 41

¹⁰⁶ Det var langs denne vegen den seinare jarnbana mellom Damaskus og Medina vart bygd.

¹⁰⁷ Rogan 2002, s. 32-33; Frå no av brukar eg 'Akaba' om *Akaba al-Misriyya*, og 'Maan' om *Maan al-Hijaziyya*

¹⁰⁸ Rogan 2002, s. 32-35; Burckhardt 1822, s. 197

Gjennom store delar av 1800-talet gjekk Det osmanske riket gjennom omfattande endringar. Osmanarane ynskte å skape ein sentralisert og meir moderne stat etter fransk modell. Dei ynskte difor å reorganisere regionen, mest for å få kontroll over dei to store administrative sentera, Damaskus og Beirut. I 1864 kom difor den nye provinslova som la opp til opp til ei omfattande administrasjonsreform. Denne kom som eit resultat av at osmanarane byrja å få kontrollen over eit område som lenge hadde vore styrt av delvis uavhengige guvernørar og lokale herskarar. Lova skapte for første gong eit sameina og hierarkisk administrasjonssystem med fire nivå.¹⁰⁹

1. *Vilayet*, provins regjert av ei *vali*
2. *Sanjak*, region innanfor eit vilayet, styrt av ein *mutasarrif*
3. *Kaza*, distrikt innanfor ein region, styrt av ein *kaimakam*
4. *Mukhtârs*, småkommunar/byar og landsbyar, styrt av ein *mudir*

Eit vilayet var sett saman av fleire sanajik, men nokre sanajik, som Jerusalem (1872-1914) og Medina¹¹⁰, var sjølvstendige og låg dimed ikkje under eit vilayet. Desse låg derimot direkte under Istanbul. For spørsmålet rundt både Akaba og Maan og den endelege søraustlege grensa til Transjordan er vilayet Syria¹¹¹ spesielt viktig. Vilayet Syria hadde ikkje tilgang til Middelhavet og fleire av regionane var sokalla frontier-regionar som grensa til ørken der osmanarane hadde liten eller ingen kontroll, dette gjaldt spesielt den sørlege delen med Akaba og Maan.

I følgje Rogan var denne provinslova eit vendepunkt for det framtidige Transjordan og perioden 1866-1871 var ein periode med «unprecedented Ottoman intrusion into Jordan»¹¹². Michael Reimer skriv at det er lite detaljerte kjelder på om dei nye mindre institusjonane som *kaza* og *mukhtar*, og legg til at 1864-lova var uklår på desse mindre administrative einingane. Denne lova vart revidert i 1871 og 1877, der mellom anna skilnaden på by og land vart klårare.¹¹³

¹⁰⁹ Pappe 2004, s. 25-28; Reimer, M., 2005. «Becoming Urban: Town Administrations in Transjordan», i *International Journal of Middle East Studies* 37, s. 189-211; Kushner, D., 1987. «The Ottoman Governors of Palestine, 1864-1914» i *Middle Eastern Studies*, s. 274-290

¹¹⁰ Nokre kjelder skildrar Medina som sjølvstendig, medan andre seier ingenting om det.


¹¹¹ Vilayet Syria er i kjeldene òg omtala som vilayet Damaskus, noko som sannsynlegvis er fordi at bae har same namn på arabisk (al-Sham). Eg kjem til å nytte vilayet Syria for å skilje det frå byen Damaskus og sanjak Damaskus.

¹¹² Rogan, E. 1994. «Bringing the State Back: The Limits of Ottoman Rule in Jordan, 1840-1910», i *Village, Steppe, and State: The Social Origins of Modern Jordan*, Eugene L. Rogan og Tariq Tell (red.), s. 38-41

¹¹³ Reimer 2005, s. 189-211

Det var i følgje Rogan først langt ut i andre halvdel av 1800-talet at osmanarane byrja hevde seg i det sørlege Syria (Transjordan).¹¹⁴ Eit memorandum utarbeidd for det britiske utanriks-departementet i 1925 starta historia om Akaba og Maan i 1886 då Akaba og sanjak Maan vart overført frå vilayet Syria til vilayet Hijaz. Få år seinare, i 1894, vart hamnebyen på ny innlemma i vilayet Syria. Like etter fyrste verdskrig var i gong utvida osmanarane i tillegg administrasjonen til vilayet Syria so langt sør som til landsbyane Wejh og El-Ula, om lag 200 km sør for Tabuk. Ei line mellom desse to punkta markerte, i følgje britisk UD, dimed den anerkjende nordlege grensa til vilayet Hijaz, og dimed det ein såg på som Islam sine heilage land.¹¹⁵

Skildringa av desse tidlege hendingane i dette memorandumet er derimot problematisk. I marginen på dokumentet er det skriva inn med blyant tre forskjellige små kommentarar som sår tvil om nokre av opplysningane. Memorandumet omtalar i tillegg både Akaba og Maan som om det var ei eining. Leatherdale gjev derimot ei litt anna forklaring. Leatherdale skriv at mellom 1890-talet og 1905 vart Akaba administrert som ein del av vilayet Hijaz, og ikkje Syria slik det står i



Illustrasjon 2: Osmansk kart frå 19. januar 1884 som viser pilegrimsruta, vegnettverket og provins-grensene mellom Syria, Egypt og Hijaz. Legg merke til at Akaba ligg under Egypt medan Maan ligg under Syria.

[Henta frå Rogan 2002, s. 53]

¹¹⁴ Rogan 2002, s. 52-55

¹¹⁵ CO 732/75/4: FO Memorandum 1925; Eit utkast til ei oversikt over Akaba-Maan-spørsmålet utarbeidd av FO i 1940 baserer fyrste del på dette memorandumet, det vil seie perioden før 1924. (FO 371/24584: Ibn Saud's claim to Akaba and Maan, 12. januar 1940)

memorandumet. Osmanarane stasjonerte store styrkar i Akaba, men dette førte til problem med det britisk-kontrollerte Egypt og dei overførte ansvaret for landsbyen til det nyleg sjølvstendige sanjak Medina. I 1910 derimot var ansvaret på ny overført til vilayet Syria. Maan derimot, skriv Leatherdale, hadde vore administrert av vilayet Syria uavbrote sidan 1890-talet.¹¹⁶

Det både memorandumet og Leatherdale prøver å svare på er om Akaba og Maan vart sett på som ein del av Syria eller Hijaz då arabiske styrkar erobra Akaba i juli 1917. Med endringane memorandumet skildrar var Akaba ein del av Hijaz medan Leatherdale konkluderer det motsette, nemleg at osmanarane i 1917 hadde sett på bae byane som utanfor Hijaz.

Den britiske utanriksministeren vart i 1925 spurd direkte om landsbyen Akaba nokon gong hadde vore underlagt Egypt gjennom egyptiske politistasjonar i Akababukta. Han svara at Akaba hadde vore under Egypt frå 1841 til 1892, då den osmanske sultanen tok over området utan protest frå Egypt.¹¹⁷ Dette vart endeleg stadfesta i 1906 då grensa mellom Egypt og Det osmanske riket blir avtalt, der Akaba blir liggande på osmansk side.

Kven som faktisk hadde kontrollen over kva, eller kven som offisielt skulle administrere kva, er i perioden heilt fram til 1916 noko uklår, truleg òg for osmanarane. Dette heng saman med at Det osmanske riket sjølv ikkje fekk nokon særleg kontroll over området før med bygginga av Hijazbana (1900-1908). Sjølv då er det mest snakk om kontroll over dei største byane og landsbyane og dei mest direkte vegane mellom desse, noko som i denne regionen neste berre er Akaba og Maan i tillegg til stasjonane langs Hijazbana. Kommunikasjonen mellom Akaba og Maan var i denne perioden ikkje heller den beste. Det var ikkje før i juli 1905 at det var oppretta telegraf mellom Maan og Akaba. Denne kom i samband med bygginga av Hijazbana, som nådde Mudawara sør for Maan året etter. Britane frykta i 1906 at osmanarane skulle utvide Hijazbana frå Maan til Akaba. Dette ville ha knytt Middelhavet saman med Raudehavet og dimed omgått kontrollen britane hadde over kontakten mellom desse hava i Suez-kanalen.¹¹⁸

¹¹⁶ Leatherdale 1983, s. 41: I følgje årsrapporten for Palestina og Transjordan for 1935: «contemporary official documents bearing on this particular question prior to 1904 are no longer available» Det var likevel mogleg å hente ut informasjon frå osmanske årbøker og personar i Transjordan som var kjende med osmansk administrasjon. Desse fortel at kaza Maan var ein del av sanjak Karak. Kaza Maan skal visstnok ha omfatta området heilt ned til Medain Salih. I 1904 skal vilayet Hijaz ha inkludert kaza Akaba, Yanbu og Wejh, men at mellom 1904 og 1910 skal eit sjølvstendig sanjak Medina ha blitt forma som inkluderte desse stadane. Rapporten skriv òg at det er grunn til å tru at Akaba låg under vilayet Syria mellom 1910 og 1915, men at det i sommaren 1915 var lagt under Medina att på ny. (s. 281-282)


¹¹⁷ FO 684/2 og FO 686/78: Parliamentary Question: Transjordan, Harris til McNeill, 16. juli 1925

¹¹⁸ Ochsenwald, W. L., 1968. «The Vilayet of Syria, 1901-1914: A Re-Examination of Diplomatic Documents as Sources», *Middle East Journal*, s. 73-87; Leatherdale 1983, s. 56 (fotnote 31)

I 1908 frykta osmanarane å utvide jarnbana til Mekka på grunn av beduinraid. For å halde beduinane i sjakk betalte osmanarane store subsidiar til dei. Då nokre beduinar ikkje fekk betalt for å verne jarnbaneseksjonane rundt Amman og Maan, brende dei fleire stasjonar, drap vaktene der og øydela telegrafan. Osmanarane fekk ikkje sendt troppar fordi jarnbanevognene ein trong til å frakte dei i var på den andre sidan av brotet i lina. Dette hendte so seint som i desember 1910.¹¹⁹

Hussein av Mekka var i tillegg ein sterk motstandar av dei nye styresmaktene i Istanbul som kom til makta i 1908, same år som han vart Emir av Mekka. Maktkampen mellom Istanbul og Hussein kom til å fokusere på to ting, utvidinga av Hijazbana til Mekka og iverksetjinga av ei ny provinslov i 1913. Med det same jarnbana og telegrafan nådde Medina prøvde Istanbul å fjerne byen frå hijazisk administrasjon og guvernøren av Medina erklærte byen difor som eit sjølvstendig sanjak same år. Hussein såg på dette som eit trugsmål mot si eiga makt og kjempa difor hardt mot å utvide Hijazbana til Mekka.¹²⁰ Denne konflikten om Medina hadde sannsynlegvis utslag for Akaba som vart overført til vilayet Syria eit par år etter.

Det er òg verdt å nemne at maktstrukturen i Hijaz var delt mellom to administratorar, emiren av Mekka og den osmanske valien (guvernør) av vilayet Hijaz. Valien og emiren hadde i teorien forskjellige ansvarsområde, men alt dette varierte og var avhengig av personane som styrde. Vilayet Hijaz, som i 1908 strakk heilt nord til Akaba, var i tillegg større enn emiratet, som berre strakk seg til Madain Salih nær al-Ula, 400 km nord for Medina.¹²¹



Illustrasjon 3: Administrasjonsgrensene i 1914. Legg merke til at Akaba og Maan ligg innanfor vilayet Syria.

[Henta frå Baker 1979, s. 49]

¹¹⁹ Ochsenswald 1968, s. 87

¹²⁰ Baker 1979, s. 38-43

¹²¹ Baker 1979, s. 21, og fotnote nr. 8 på s. 31; Madain Salih er ein natabensk ruinby, 22 km frå al-Ula

Den usikre statusen til Akaba og Maan kan forklarast ved at nettopp dette området låg akkurat i skjeringspunktet mellom Egypt, Syria og Hijaz. Slutten på 1800-talet er òg ein periode der osmanarane både moderniserer staten og styrkar kontrollen av det sørlege Syria. Dersom ein ser Det osmanske riket si stadige reformering, med ei ny provinslov so seint som i 1913, i samband med ein auka kontroll over riket sine meir perifere område, som nettopp Maan og Akaba, er det lett å forstå at stadige endringar skapte eit kaotisk og uklårt bilete for både britar og osmanarar.

Då krigen byrja hadde dimed Akaba vore under Hijaz, Medina, Egypt og Syria, medan Maan hadde veksla mellom å ligge under Hijaz og Syria. Men rett før krigen braut ut, låg både Akaba og Maan under Syria.

Arabisk administrasjon, 1917-1923

Då Hussein erklærte opprør mot Det osmanske riket i 1916 erobra styrkane hans raskt byane Mekka, Jidda og Taif, medan Medina haldt stand og fall ikkje før februar 1919. På grunn av det vellukka forsvaret av Medina skal osmanarane ha utvida sanjak Medina til igjen å inkludere Akaba. Etter dette vart det ikkje gjennomført fleire administrative endringar før krigen var slutt.¹²²

Då Sykes-Picot-avtalen var ratifisert i mai 1916 låg, i følgje Foreign Office, Akaba like innanfor den sørlege grensa til B-området, området som skulle vere under britisk påverking. Eit år seinare ynskte det britiske militæret å okkupere Akaba for å nytte landsbyen som ein base og for å sikre seg området til etter krigen. Britane meinte òg at det var strategisk viktig å halde Akaba dersom dei best skulle sikre Suezkanalen. Hamna var òg viktig å erobre med tanke på at tyskarane hadde visstnok vurdert å bruke den som ubåtbase.¹²³

Ein arabisk styrke under emir Feisal erobra derimot landsbyen frå osmanarane i juli 1917 og la den under hijazisk administrasjon. Hussein la krav på regionen ved erobring og hevda Medina ville bli isolert dersom byen ikkje fekk tilgang til Akaba.¹²⁴ Britane ville helst at Akaba skulle ligge under britisk eller britisk-arabisk administrasjon, men slo dette i frå seg i september 1917 sidan det ville skade forholdet til hashemiane. Britane utsette difor spørsmålet om Akaba til etter krigen og nytta heller landsbyen som ein britisk forsyningsbase under leiing av ein britisk offiser med avgrensa styresmakt.¹²⁵ I følgje den seinare høgkommissæren i Egypt ville det på dette tidspunktet ha vore

¹²² CO 732/75/4; Denne endringa er noko omstridt. Det står ein notat i sida på rapporten om at «*this was done much earlier*»

¹²³ CO 733/134/4: Lord Lloyd til Austen Chamberlain, 31. desember 1926

¹²⁴ Leatherdale 1983, s. 41

¹²⁵ Styresmakt gjaldt berre for britiske og egyptisk tilsette ved basen.

umogleg å protestere mot at hashemiane kontrollerte Akaba og Maan.¹²⁶ Hussein erklærte seg sjølv som konge over dei arabiske landa¹²⁷ nokre månadar seinare, men Storbritannia og Frankrike aksepterte han berre som konge over Hijaz. Grense til Hijaz vart derimot ikkje fastsett eller skikkeleg definert.¹²⁸

Med general Allenby si erobring av Jerusalem i desember 1917 bestemte britane seg for å dele administrasjonen mellom Egypt og det nyokkuperte Palestina. Høgkommissæren i Egypt, Reginald Wingate, fekk ansvaret for Egypt og Hijaz medan Allenby fekk full militær og sivil kontroll over Palestina. På grunn av denne administrasjondelinga var det naudsynt å grovt definere områda dei gjaldt for. Grensa mellom Palestina og Egypt vart den eksisterande grensa i Sinai frå 1906 medan grensa mellom Palestina og Hijaz vart definert av britane som heile 100 miles (160 km) sør for Akaba, som ei line dratt frå Ras Fartak ved munningen av Akababukta til Tabuk, ein jarnbanestasjon langs Hijazbana. Då Balfour-erklæringa kom i november 1917 var ikkje Palestina sine grenser definerte og sionistrørsla prøvde difor å påverke framtida til Akaba ved å få den innlemma i Palestina, men dei fekk ikkje gjennomslag.

I følge utanriksdepartementet sitt memorandum informerte britane aldri Hussein om dette og memorandumet hevdar at dei bevisst haldt det skjult for han. Bakgrunnen for lina var likevel ikkje å definere ei framtidig grense for Transjordan, men for å gje ein slags vidast mogleg definisjon av omfanget til Allenby sitt ansvarsområde. Administrasjonen Allenby sette opp vart kjend som *Occupied Enemy Territory Administration*, OETA.¹²⁹

Då dei osmanske styrkane vart jagd ut av Palestina i september 1918 og med erobringa av Damaskus 1. oktober, var det naudsynt med ei stor utviding av OETA. Det nye området fekk namnet *Occupied Enemy Territory Administration (East)*. Britane informerte Hussein om at området omfatta «Syrian districts, through which the Hejaz Railway runs from Maan to Damascus and ... regions lying to the east of the Jordan»¹³⁰ og at det ville plasserast under ein arabisk militæradministrasjon underordna General Allenby. I følge memorandumet til FO var den sørlege grensa berre vagt indikert, men at det er svært sannsynleg at denne låg i nærleiken av Maan. Området låg då innanfor A og B-områda i Sykes-Picot-avtalen og vart i byrjinga styrt frå Damaskus av Feisal.¹³¹ Det er dimed sannsynleg at britane då ikkje ynskte kontroll over området ned til Tabuk,

¹²⁶ CO 733/134/4: Lord Lloyd til Austen Chamberlain, 31. desember 1926

¹²⁷ «King of the Arabs» eller «King of the Arab Lands»

¹²⁸ Wilson 1987, s. 31; Salibi, K. 1993. *The Modern History of Jordan*, London, s. 92

¹²⁹ CO 732/75/4: FO Memorandum 1925

¹³⁰ CO 732/75/4: FO Memorandum 1925

¹³¹ Leatherdale 1983, s. 41; CO 732/75/4: FO Memorandum 1925


og at Ras Fartak-lina difor vart forlatt.

Denne lause definisjonen skapte eit lite problem i Akaba som både Feisal og Hussein hevda låg under deira styre. Feisal og Hussein sendte kvar sin administrator til området. Leatherdale skriv at Feisal sendte ein *kaimmakam* (distriktsguvernør) til Maan medan Hussein hadde bedt sin eigen distriktsguvernør i Akaba om å utvide embetsområdet sitt til å omfatte Maan.¹³² Båe guvernørane fekk dimed ansvaret for same distrikt, men skulle styre det frå to forskjellige stadar. Samstundes bestemte britane seg for å bygge ut ei sams arabisk-palestinsk frihamn i Akaba-området, men det var sterk tvil om Akaba i det heile var eigna til dette.¹³³

Rett etter krigen, i desember 1918, vart den britiske overkommandoen (GHQ) og styresmaktene i Kairo einige om at Akaba låg innanfor OETA Aust og at Hussein skulle bli informert om dette. Den britiske agenten i Jidda fekk ordre om å informere kongen «tactfully», men han såg føre seg fleire problem med dette og i korrespondansen med Hussein er ikkje OETA Aust nemnd, berre at general Allenby hadde styresmakt i Akaba.

Den 23. mars 1919 vart likevel alle britiske styrkar evakuert frå Akaba og det britiske nærværet der var avslutta. Litt over eit halvt år seinare, i november og desember, trakk britane attende alle styrkane sine frå B-området i Sykes-Picot-avtalen. Det såg dimed ut som om britane mista den vesle interessa dei hadde hatt for området. Etter evakueringa var det ikkje råd for britane å kommunisere med Akaba korkje med telegraf eller via veg. Kong Hussein tok dimed over makta i området og fekk mellom anna bygd ei tollbu der og sette opp symbol på hijazisk suverenitet over fortet.

Nøyaktig kor god kontroll Hussein hadde over Akaba og Maan er noko usikker, noko dette utdrag frå ein britisk rapport viser:



Illustrasjon 4: Tollbua til Hussein i 1924. Biletet er tatt av Harry St. John Philby.

¹³² Leatherdale 1983, s. 41

¹³³ Leatherdale 1983, s. 42

Auda Abu Tayiah has apparently appointed himself Governor of Maan and is dispensing justice, or rather injustice according to Tribal Law. [...] He imprisoned the Kaimakam appointed by King Husein and seized all Government money and stores. [...] His jurisdiction does not, however, extend Westward beyond the town itself.¹³⁴

Hussein fekk, til tross for britiske planar om ta over Akaba, kontrollere Akaba utan spørsmål fram til 24 juli 1924.¹³⁵ Britane, sannsynlegvis for å unngå dårleg stemning, behandla difor Maan som ein del av Hijaz. Då Herbert Samuel, høgkommissæren i Palestina, prøvde å skape tre lokale regjeringar i Transjordan i august 1920 omfatta dette ikkje Maan, men tre distrikt lenger nord.¹³⁶ Britane sa difor heller ingenting då Abdullah troppa opp i Maan med ein hær sørfrå og det erklærte målet om å ta attende Syria frå Frankrike som nyleg hadde kasta ut broren Feisal frå Damaskus. Det var ikkje før han drog til Amman i mars 1921 at Abdullah då gjekk inn i det både han og britane då såg på som britisk mandatområde. Leatherdale skriv at det å innsette Abdullah i Amman som guvernør, og seinare emir, var britane sin måte gjenopprette nærværet sitt i Transjordan etter at dei trakk seg militært ut i 1919. Han skriv vidare at «[t]he economic backwardness of the emirate, and its dependence on British grant-in-aids, served to consolidate British control.»¹³⁷

Leatherdale hevdar at Akaba vart «vested with immense strategic significance» av britane, og siterar ein observasjon av Royal Institute of International Affairs:

Aqaba is of great importance. It is the only town on the east coast of the Red Sea where a harbour could be constructed. Moreover, the route from Palestine to Aqaba is an overland alternative to the sea route from the Suez Canal ; for Aqaba could be connected by motor road through Maan to Amman whence there is a road to Jerusalem crossing the Jordan [...], and the connection with Maan also gives railway communications with Syria, Palestine (via Damascus) and the Mediterranean. The construction of a railway down the Wadi Araba from the Dead Sea has also been contemplated. These routes would be of extreme importance for troop transport in the event of the obstruction of the Suez Canal, or in the case of conflict between Transjordan and Saudi Arabia. The importance of Aqaba is enhanced by the possibility that there may be oil in the neighbourhood.¹³⁸

Men denne observasjonen er frå 1939, då situasjonen i Midtausten var ganske forskjellig frå

¹³⁴ FO 686/78: «Extract from Report by Captain Kirkbride, Political Officer, Kerak, Dated 17.10.20.» frå British Agent, Jidda, 6. november 1920; Auda Abu Tayi var ein av leiarane for Huwayyat under Det arabiske opprøret, og spelte ei sentral rolle under erobringa av Akaba juli 1917.

¹³⁵ CO 732/75/4: FO Memorandum 1925

¹³⁶ Desse tre var Ajlun, Salt og Moab. Moab omfatta mellom anna Karak, som låg like nord for Maan. For ein gjennomgang av desse sjå Eugene L. Rogan *Frontiers of the State in the Late Ottoman Empire*, s. 245-252

¹³⁷ Leatherdale 1983, s. 42

¹³⁸ Leatherdale 1983, s. 43, siterar Royal Institute of International Affairs, «Political and Strategic Interests ...», 1939, s. 152

byrjinga av 1920-talet. Britane såg på Akaba som eit viktig område, men det er tvilsamt at dei tilla området «immense strategic significance» etter verdskrigen sidan trugsmålet frå Det osmanske riket forsvann. Måten britane behandla spørsmålet om Akaba på viser heller at dei ikkje tilla området spesielt stor verdi etter at den kom i arabiske hender. Dei ynskte helst at dei hadde noko å seie for administrasjonen over det, men dei var ikkje viljuge til å risikere å øydelegge forholdet til hashemiane. Dei synto tolmod og ville vente med å ta opp spørsmålet for alvor til dess Hussein hadde gått bort, og so lenge det såg ut til at området ville halde seg under alliert kontroll hadde britane betre og viktigare saker å løyse. Som nemnd tidlegare, var det i tillegg ein debatt om Akaba faktisk høvde seg som ei framtidig britisk hamn.¹³⁹ Harry St John Philby, den britiske representanten i Transjordan mellom 1921 og 1924, skreiv dette om Akaba i mai 1925:

[Akaba] is a miserable little village of roughly constructed huts of granite masonry in the midst of an attractive palm-grove whose owners from time immemorial have been the Huwaitat Badawi. [...] The only building of any interest at 'Aqaba is a picturesque fort dating [...] to 1588, when it was built [...] for the protection of the pilgrim route from Egypt to Mecca, which in those days passed this way. [...] North of the village is an up-to-date wireless station put up during the war and still functioning very effectively under the supervision of an old Turkish employe, who keeps his machinery in excellent order.¹⁴⁰

Sjølv om britane let Hussein styre Maan-regionen i fred, hadde dei ikkje lagt interessa for området i frå seg. Hausten 1923 kom britane til å ta opp spørsmålet om Akaba og Maan opp for alvor under ein konferanse i Kuwait.¹⁴¹

KAMPEN OM WADI SIRHAN 1921-1923

I Wadi Sirhan kom sjølve geografien til å spele ei mykje større rolle enn den gjorde i forhold til Akaba og Maan. I Wadi Sirhan låg det nemleg litt andre faktorar til grunne for konflikten som oppstod. I motsetnad til Akaba og Maan vart beduinstantmane ein svært viktig faktor for utforminga av grensa. Grensekonflikten i Wadi Sirhan var òg i større grad ei reell konflikt med preg av direkte konfrontasjon mellom partane. Ein viktig skilnad var òg spørsmålet om naturlege grenser. Medan britane såg for seg ei naturleg grense ein plass sør for Akaba, slik at dei kontrollerte heile grensa med Palestina, var det nesten ingen naturlege grenser i flate Wadi Sirhan. Konflikten i Wadi Sirhan viste seg òg å vere meir brutal enn den meir teoretiske om Akaba og Maan.

¹³⁹ Leatherdale 1983, s. 41-42

¹⁴⁰ Philby, H. 1925 «The Dead Sea to 'Aqaba» i *The Geographical Journal*, August, s. 154-155; Skildrar ein tur frå Daudehavet til Akaba i desember 1923. Foredrag haldt 11. mai 1925.

¹⁴¹ Omstenda rundt denne konferansen skal diskuterast, men fyrst skal eg sjå på hendingar som fann stad lenger aust i Wadi Sirhan, langs handelsvegen mellom det indre Arabia og Syria.


Geografien til Wadi Sirhan

Zirhan er en fryktet slette. Den består av kalkfjell og sand som er gjennomfuret av småwadier. Der er nok av sumper, men vannet er elendig, og palmene er mange steder livløse og utan blader. Det vrirler av slanger – hornslanger og brilleslanger.¹⁴²

Wadi Sirhan er omlag 340 km lang og i gjennomsnitt 32 km brei og er ein del av Den syriske ørkenen (Badiyat al-Sham), som er ei blanding av steppe og ekte ørken. Wadien strekker seg frå Azrak i nordvest til Jauf i søraust og fungerte i den aktuelle perioden som ei direkterute mellom desse. Wadien smeltar nesten umerkeleg saman med ørkenen aust i Transjordan. Noko av det som kjenneteiknar Wadi Sirhan er at den er svært flat med ei veldig svak helling.¹⁴³ Nelson Glueck, ein amerikansk arkeolog skildra wadien slik:

The Wādī Sirhân is a long and shallow depression, which in reality is an eastward extension of the flattish, flint-and-basalt-covered plain forming the eastern part of the Transjordan desert east of Transjordan proper.¹⁴⁴

Fjellformasjonar finn ein berre i nordaust. Wadi Sirhan skil seg slik ut frå andre wadiar og er berre ein wadi i den forstand at den er eit omfattande samlebaseng for regnvatn. Når det regnar dannar det seg mellom anna i nordenden fleire dammar som kan halde seg i fleire dagar og veker, til og med månadar. Glueck skriv òg at regnvatn frå dei sørlege delane av Jebel Druze i Syria rann inn Wadi Sirhan. Av denne grunnen fungerte Azrak, som Glueck skildrar som den største samlinga av vatn i wadien, som ein endestasjon for karavanar før dei drog vidare til Syria. I tørkeperiodar var brønnane i Wadi Sirhan dei einaste kjeldene til vatn mellom Hijazbana og Irak, noko som understrekar Glueck sin påstand om at «[i]ts wealth lies in its water». Nedbøren skal, i følgje både Major A. L. Holt og den britiske representanten Harry St. John Philby, derimot ha vore større før i




Illustrasjon 5: Beduinar ved Amri i Wadi Sirhan. Legg merke til det svært flate landskapet. [Foto: Nelson Glueck frå Glueck 1944, s. 16]

¹⁴² Sejersted, G. W., *Garib – over kong Salomos fjell til det urolige Palestina*, Oslo 1939, s. 111-112

¹⁴³ Wadien var flat nok til å køyre fort med bil. På grunn av dette meinte Nelson Glueck i 1944 at gazellebestanden i Wadi Sirhan, som følgje av jakt med bilar, ville fort bli utrydda slik oryx og struts hadde blitt i delar av Transjordan og Arabia.

¹⁴⁴ Glueck, N., 1944. «Wādī Sirhân in North Arabia» i *Bulletin of the American Schools of Oriental Research*, Desember, s. 7-17

tida og ørkenen hadde visstnok vore meir grøderik enn slik dei opplevde den i 1922.¹⁴⁵



Illustrasjon 6: Wadi Sirhan

[Henta frå: http://homepage3.nifty.com/yagitani/tqa_en16.htm (8. mai 2009)]

Det var i følgje Holt fire store oasar i den nordarabiske ørkenen i 1922; Palmyra i Syria og Azrak, Kaf og Jauf i Wadi Sirhan. Lengst nord av dei tre siste ligg Azrak og litt lenger sør ligg Kaf, hovudlandsbyen i ei rekkje småbygder kalla Qurayyat el-milh (Saltgrendene). Jauf ligg heilt i sørenden av wadien og på den nordlege randa av Nefud-ørkenen. Desse tre oasane var dei tre viktigaste landsbyane i området med Jauf som eit viktig politisk sentrum.

I den aktuelle perioden var Wadi Sirhan ei viktig handelsrute mellom Arabia og Damaskus og den som kontrollerte wadien kontrollerte då ein viktig innfallspurt mellom Syria og Arabia. I tillegg var wadien viktig for mange beduinastammar, spesielt dei transjordanske stammene Bani Sakhr og Huweitat, som tok dyreflokkane sine her om vinteren for å beite. Om sommaren drog dei attende til Transjordan, Syria og Irak. Holt hevdar at det i 1922 var 20.000 bufaste i oasane mellom Jauf og Palmyra, noko som var svært lite i forhold til storleiken på området. I tillegg til dette meinte han at

¹⁴⁵ Glueck 1944, s. 11-14; Holt, A. 1923. «The Future of the Northern Arabian Desert» og Philby, 1923. «Jauf and the North Arabian Desert» i *The Geographical Journal*, Oktober, s. 242, 261; Tell, T. og Bocco R., 1994. «Pax Britannica in the Steppe» i *Village, Steppe and State*, s. 120

det kanskje var so mange som 150.000 beduinar i området i beitesesongen om vinteren og våren. Han hevda at dei aller fleste og var avhengige av forsyningar frå nabolanda framfor ørkenen. Holt såg ikkje mykje framtid i området som anna enn eit transittområde for britisk kommunikasjon.¹⁴⁶

Nothing produced from the desert will ever give the country importance or commercial interest. [...] And yet the desert has a great future. As in the past the desert was the only line of communication between Europe and the East, in which its importance was immeasurable, so again it is as a line of communication solely that it can look to the possibility of a future.¹⁴⁷

Wadi Sirhan før 1922

Kontrollen over Wadi Sirhan hadde sidan 1860, i følgje Philby, skifta mellom Rashid-familien (Shammar-stammen) i sør og Shalan-familien (Ruwala-stammen) i nord. Dette blir stadfesta av den tsjekkiske utforskaren og forfattaren Alois Musil, og av sosialantropologen Madawi Al-Rasheed, som skriv at rashidane tok militær kontroll over Jauf i 1853, som til då berre hadde betalt skatt til dei, og at på eit tidspunkt strekte makta dei seg heilt til Palmyra.¹⁴⁸ I 1870 prøvde osmanarane, gjennom Shalan-familien, å invadere Jauf, men dei lukkast ikkje heilt. Gjennom forhandlingar fekk Rashidane halde fast på Jauf mot ein årleg symbolsk sum og ein liten osmansk garnison på 80 mann i oasen. Denne konfrontasjonen mellom Shalan-familien og Rashidane var ei følgje av osmansk splitt-og-hersk-taktikk.¹⁴⁹

Rashidane mista derimot makta over Jauf i byrjinga av 1900-talet då oasen vart erobra av Shalan-familien. Innbygarane sverja truskap til dei nye herskarane og byrja å betale skatt til dei, men Shalan-familien slo seg derimot ikkje ned i Jauf og brukte oasen som sommar-hovudstad. I følgje Philby byrja rashidane igjen å få eit fotfeste i Wadi Sirhan i 1920, men dette endra seg då Ibn Saud la under seg Hail og dimes Rashidane året etter. Shalan-familien utnyttta situasjonen og tok over makta att so langt sør som Jauf same år. I følgje Philby såg det ut til at situasjonen i området hadde roa seg tidleg i 1922.¹⁵⁰

¹⁴⁶ Holt 1923, s. 263-264; Holt skriv vidare at «in all this desert there is not a quarter of a million inhabitants, or less than one human being per square mile.»; Al-Rasheed, M., 1991. *Politics in an Arabian Oasis – The Rashidis of Saudi Arabia*, London, s. 99; Al-Rasheed nemner ei handelsrute som går frå Syria til Hail, via Jauf i Wadi Sirhan

¹⁴⁷ Holt 1923, s. 264-265

¹⁴⁸ Palmyra betalte skatt til rashidane i ein periode under styret til Muhammad Ibn Rashid (1869-1897)

¹⁴⁹ Philby 1923, s. 243-244; Musil, A., 1928a. *Northern Negd*, New York, s. 239-240; Al-Rasheed 1991, s. 53, 59, 113-114, 124 og 205: Grunnlaget for invasjonen var intern uro i Rashid-emiratet over kven som skulle bli ny emir. Shalan-familien fekk hjelp av valien i Damaskus og nokre osmanske soldatar.

¹⁵⁰ Philby 1923, s. 243-244; Al-Rasheed 1991, s. 59, 114, 150-151, 235; Kostiner 1993, s. 52: I følgje eit notat i FO 371/10816 om Ibn Saud sine krav om at Ruwala-stamma skulle underkaste seg han, skriv J. B. Carson at Nuri Shalan tok over Jauf i 1910, 30. januar 1925

Nuri Shalan, leiaren av Ruwala-stammen, herska, gjennom representantar, dimed over Wadi Sirhan i 1921-22. Problemet var derimot at Nuri, som til vanleg haldt seg i fransk Syria, hadde anerkjend autoriteten til Abdullah i Transjordan samstundes som det vart rapportert at han hadde erklært seg som ein undersått av Ibn Saud. Ibn Saud på si side gjorde krav på heile Wadi Sirhan på vegne av Nejd og Shammar-stammen, og baserte samstundes kravet som hans rett ved erobringa av Rashid-emiratet, som han meinte inkluderte wadien. Abdullah la samstundes krav på same området på vegne av Transjordan basert på overherredøme av Shalan.¹⁵¹ Britane konkluderte med at:

The long struggle in the past between the Ruweilah and Shammar tribes for the possession of Jauf and the Wadi Sirhan has left both sides with equally good claims to the district.¹⁵²

Ein wadi i vegen

Etter fyrste verdskrig låg Wadi Sirhan som ein kile mellom Irak og Transjordan. Wadi Sirhan var difor eit viktig område å kontrollere for britane dersom dei skulle oppretthalde ein landkorridor mellom Middelhavet og Persiabukta. Britane hadde òg planar om å bygge ei jarnbane og ein oljeleidning mellom Irak og Palestina. Det som i utgangspunktet gjorde wadien viktig for britane var dimed ikkje området i seg sjølv, men plasseringa av det. Området hadde ikkje britane tillagt særleg stor interesse eller fokus, og i 1922 hadde det som sagt ikkje vore nokon britar der sidan kaptein Shakespear i 1915. Før den tid hadde britane berre kjennskap til området gjennom ymse reiseskildringar. Til tross for at kontrollen over wadien skifta mellom to beduinkonføderasjonar var Storbritannia mest opptatt med å halde Frankrike utanfor området. Stammane det var snakk om representerte ingen stor trussel for britane. For dei var det viktigast å fyrst omforme Transjordan frå ein buffersone til ein bufferstat.¹⁵³

For beduinane i regionen var området mykje viktigare, som både handelsveg og vinterbeite, sidan wadien var rik på vatn og beiteområde til dyreflokkane deira. I tillegg til vatn og gras var wadien rik på salt og det var ein viss saltproduksjon og eksport i Kaf og dei tilhøyrande Saltgrendene.

Det var fyrst då Philby tok over som Chief British Representative i Transjordan hausten 1921 at fokuset vart flytta mot ørkenen. T. E. Lawrence hadde tidlegare tilråda at dette området burde sjåast

¹⁵¹ AIR 5/332 - «Notes on the Proposal to create a Buffer State in the Wadi Sirhan between Trans-Jordania and Nejd» 7. mars 1924

¹⁵² AIR 5/332 - «Notes on the Proposal to create a Buffer State in the Wadi Sirhan between Trans-Jordania and Nejd» 7. mars 1924

¹⁵³ Salibi 1993, s. 94

nærmare på.¹⁵⁴ Etter ei reise gjennom området våren 1922 observerte Philby, saman med major Holt, at styrkar tilknytta Ibn Saud byrja å få eit fotfeste sør i wadien og i juli 1922 tok dei kontrollen over strategiske Jauf heilt i sør. Storbritannia ynskte gjennom Nuri al-Shalan å annektere oasen og hadde opphavleg sett på den som innanfor deira sone. Ein av grunnane til dette var planane om å legge ei jarnbane der, men Holt observerte at dette ville vere svært ugunstig grunna det politiske klimaet og terrenget, noko førte til at planane om å bygge via Jauf vart lagt på is.¹⁵⁵ Etter Ibn Saud si erobring av Jauf, gav britane hovudsakleg opp planane om å kontrollere oasen, dette til tross for fleire erobringforslag frå Herbert Samuel.

Ekspansjonen av Ikhwan og wahhabiar inn i Wadi Sirhan skapte uro hjå beduinane i Transjordan, grunna Ikhwan sitt rykte og det at wadien var eit viktig vinterbeite fleire av Transjordan sine beduinstammar, spesielt for Bani Sakhr og Huwaytat. Dette trugsmålet frå Arabia materialiserte seg likevel ikkje med ein gong og «ørkenen» i Transjordan roa seg dimed ned att i byrjinga av august. Philby skildra det slik:

[F]or a couple of weeks the Bani Sakhr lined the heights of Muwaqqar with their weather eye wide open for the storm from the east. But it came not, and by the beginning of August the countryside had again settled down to its customary calm and carelessness. At dawn on August 15 the blow fell as a bolt from the blue.¹⁵⁶

«A Bolt from the Blue»

Om morgonen 15. august 1922 møtte ein lastebil på veg til ei flystripe sør for Amman på fleire flyktningar – menn, kvinner og born – frå landsbyen Umm al-Amad. Flyktningane var dei overlevande frå ei massakre utført av ein wahhabistyrke same morgon. Lastebilen, som tilhørde Royal Air Force i Amman, rapporterte dette og det var straks sendt ut eit rekognoseringsfly og fleire panserbilar for å møte fienden, men desse korkje såg eller kom i kontakt med wahhabistyrken.¹⁵⁷

Wahhabistyrken hadde samstundes utan åtvaring gått til åtak på Tunaib, ein nabolandsby, og drepe 35-40 innbyggjarar medan dei sov. Både landsbyane tilhørde Beni Sakhr, ein av dei største beduinstammene i Transjordan, som mobiliserte og gjekk til motåtak på wahhabistyrken. Eit tilfeldig fly på eit rutineoppdrag hadde flogge over wahhabiane under raidet utan å oppdage dei.

¹⁵⁴ CO 733/38: Utdrag av brev frå Samuel til Shuckburgh, 25. august 1922 (*Records of Jordan*: bind 1, s. 719)

¹⁵⁵ Philby 1923, s. 247-259; Kostiner 1993, s. 53

¹⁵⁶ Philby 1923, s. 259

¹⁵⁷ CO 733/25: Report on the Political Situation in Palestine during the month of August, 1922; CO 733/24: Samuel til Churchill, 16. og 17. august 1922; Philby 1948, s. 221

Flyet skremde wahhabiane som flykta ut i ørkenen medan dei var i kamp med Beni Sakhr.¹⁵⁸

I følge den israelske historikaren Yoav Alon skal slaget, som stod mellom Ikhwan og to Bani Sakhr-stammar¹⁵⁹, ha vart i heile to dagar, dette grunna at Bani Sakhr følgde etter Ikhwan då dei flykta. Britane kom fram først etter at wahhabiane hadde byrja flukta.¹⁶⁰

Philby, den britiske representanten, fekk melding om raidet kort tid etter.¹⁶¹ Landsbyane låg 20 km sør for Amman og like vest for Hijazbana. Då Philby kom til den første landsbyen såg han lika av landsbyinnbyggjarane strødd utover. Dagen etter drog Philby ut i ørkenen der han såg lik av menn, hestar og kamelar ligge i mange kilometer i den retningen wahhabiane hadde flykta. Ein rapport konkluderte med at det var fleire hundre drepne. I sjølvbiografien sin skreiv Philby at lika var blåste opp som ballongar på grunn av sola. Han konkluderte med at dei aller fleste av wahhabiane hadde gått seg ville i ørkenen der dei sannsynlegvis hadde døydd av tørst og utmatting.¹⁶²

Dette var endelikta til ein styrke som hadde reist i over seks veker og 1600 km frå området rundt Riyad der dei høyrde til. Styrken var opphavleg so stor som tusen mann, men visse delar av den var sendt vestover og andre sendt mot Bagdad.¹⁶³ Styrken som kom til Transjordan delte seg på nytt, der den eine delen drog mot landsbyane medan den andre vart verande i området rundt den vassrike Azrak-oasen.¹⁶⁴

Reaksjon og okkupasjon

The Wahabi question [...] has very quickly grown from a threat into a reality.¹⁶⁵

Britane sendte kort tid etter ein formell protest til Ibn Saud om raidet der dei ba han om å forsikre dei om at det ikkje ville skje igjen. Britane gav òg ein vag definisjon av Transjordan si

¹⁵⁸ CO 733/24: Samuel til Churchill, 17. august 1922; Philby 1923, s. 259

¹⁵⁹ Sukhur og Hadid-stammene

¹⁶⁰ Alon, Y., 2007. *The Making of Jordan: Tribes, Colonialism and the Modern State*, London, s. 52

¹⁶¹ Han fekk meldinga medan han åt frukost saman med Frederick Peake, leiaren for den arabiske legionen i Transjordan

¹⁶² Philby 1923, s. 259; Monroe, E., 1972, *Philby of Arabia*, London, s. 123-124; CO 733/24: Samuel til Churchill, 17. august 1922

¹⁶³ Kjelda er uklår om korvidt den opphavelige styrken var 1000 mann eller om dette talet gjeld for den styrken som reiste til Transjordan.

¹⁶⁴ CO 733/24: Samuel til Churchill, 16. og 17. august 1922; Kjeldene sprikar ein del om dette raidet. Fleire sekundærkjelder forvekslar dette raidet med eit seinare og større raid i 1924 der britane faktisk var i kamp med den invaderande wahhabistyrken.

¹⁶⁵ CO 733/38: Utdrag av brev frå Samuel til Shuckburgh, 25. august 1922 (Records: bind 1, s. 719)

søraustlege grense:¹⁶⁶

Grazing grounds of all Trans-Jordan tribes are regarded by us as included in Trans-Jordania by desert frontier of that territory.¹⁶⁷

Like etter raidet godkjende Herbert Samuel, høgkommissæren i Palestina, at Abdullah sendte styrkar for å okkupere Azrak, den største og viktigaste oasen i Wadi Sirhan, i tillegg til Kaf. I september tok Abdullah raskt kontroll over desse med støtte frå britiske panserbilar og fly. Britane og Abdullah var samde i at okkupasjonen av vassressursar var naudsynte for å hindre at dei resterande wahhabiane fekk tilgang til desse. Dersom ein stasjonerte styrkar frå Transjordan i Kaf ville det effektivt stenge for wahhabiske framstøyt frå Jauf mot Transjordan og Syria. Samuel ynskte helst å gå erobre alt ned til Jauf, men vart stogga av koloniminister Winston Churchill som gav ordre om at Samuel skulle «[l]imit military action to that essential for defence of Trans-Jordan itself.»¹⁶⁸ Okkupasjonen av desse to stadane førte til at Wadi Sirhan no vart delt på tvers mellom Abdullah i nord og Ibn Saud i sør. Okkupasjonen øydela dimed kommunikasjonen mellom Ibn Saud og Damaskus, noko som britane håpa ville forhindre nye raid og stogge Ibn Saud sin ekspansjon nordover.¹⁶⁹ Okkupasjonen av Kaf var rett nok ikkje langvarig, styrkane som stod der var trekte attende i løpet av desember 1922.¹⁷⁰

Denne delinga var ikkje Ibn Saud viljug til å akseptere, men korkje Storbritannia, og spesielt ikkje Abdullah, ville la Ibn Saud få direkte militær kontroll over Kaf. Kaf låg for nært både Hijazbana og landkorridoren til Irak og var difor eit svært viktig strategisk punkt. Trass i dette var Kaf ein vanskeleg stad å halde grunna avstand og vanskelege forsyningsliner, og kontrollen over oasen varierte. Sidan sommaren 1922 hadde Ibn Saud og wahhabiane kontrollert området opp til Saltgrendene. Ikhwan hadde òg prøvd å ekspandere vidare nordover. Eit av dei mest alvorlege forsøka kom den 19. juni 1923 då ein wahhabistyrke gjekk til åtak nær Kaf, men var slått attende. Abdullah fekk då lov å okkupere Kaf på ny og sendte ei ny styrke i midten av juli, men denne gongen på hans eige ansvar og utan britisk støtte.¹⁷¹ For luftforsvaret i Transjordan var det Kaf som kom til å bli grensa, og dei fekk streng ordre om å ikkje foreta seg noko sør for byen. Dei kunne

¹⁶⁶ FO 686/19: Churchill til Cox, høgkommissær i Irak, 17. august 1922: Churchill ba samstundes Cox om å kome med sitt syn på korleis ein best skulle streke opp ei grense mellom Transjordan og Nejd. Dette er sannsynleg grunna Cox si erfaring med Ibn Saud og Muhammara-avtalen frå mai 1922.

¹⁶⁷ FO 686/19: Churchill til Cox, høgkommissær i Irak, 17. august 1922

¹⁶⁸ FO 686/78: Churchill til Samuel, 17. august 1922

¹⁶⁹ CO 732/75/4: FO-memorandum 1925; FO 371/7714: FO-oppsummering av situasjonen i Transjordan, august 1922 (Records: bind 1, s. 701)

¹⁷⁰ AIR 5/397: Summary of action taken with regard to KAF, 14. januar 1925

¹⁷¹ AIR 5/397: Curzon til Samuel, 30. juni 1923; Rapport om «British Claim to Akaba, Maan and Southern Trans-Jordan» (usignert) (*ABD: Jordan-Saudi Arabia bind 7*, s. 372); Kostiner 1993, s. 87

berre angripe Ikhwan-styrkar dersom desse gjekk nord for Kaf, og dimed inn i det britane då tolka som Transjordan. Tidleg i 1923 gjekk nemleg kolonidepartementet inn for ein status quo-strategi i Wadi Sirhan der Ibn Saud ikkje skulle okkupere Jauf mot at dei ikkje okkuperte Kaf, noko luftstaben sa seg samde i.¹⁷²

Raidet mot Umm al-Amad hadde tatt både britane og beduinstammene på senga.¹⁷³ Det synte kor sårbart Transjordan var for aggresjon frå sør. Konflikten drog ut og i 1923 ville britane prøve å løyse den saman med fleire andre grenseproblem dei hadde i forhold til Ibn Saud på ein konferanse i Kuwait.

Ibn Saud og Irak

Raidet i Transjordan kom litt over tre månadar etter at Storbritannia hadde inngått ein avtale med Ibn Saud om grensa mellom Irak og Nejd. Då Ibn Saud erobra Hail i november 1921 var det ikkje berre Transjordan sitt grenseområde han kom i direkte kontakt med. Irak sine sørlege grenser mot Arabia var heller ikkje fastlagde, noko britane trong å få gjort dersom Irak skulle bli tatt opp i Folkeforbundet. I Irak reagerte britane, eller rettare sagt høgkommisæreren Percy Cox, raskare og kraftigare enn i Transjordan. Grunnen til dette er verdien britane sette på Irak i forhold til Transjordan. Britane hadde store planar for Irak, som skulle sikre kontrollen over Persiabukta, tilgang til oljen spesielt rundt Kirkuk i Mosul-regionen i nord, og fungere som eit kornkammer. I tillegg til dette hadde britane store styrkar i Irak, i motsetnad til i Transjordan. Desse faktorane førte til at britane var mykje mindre viljuge til å fire på krava sine overfor Ibn Saud.

Då rashidane fall flykta mange delar av Shammar-stammen over til Irak. Stammen hadde kryssa over til Irak i fleire hundre år på leiting etter beiteområder og i 1921 vart dei helsa velkomne av kong Feisal og den irakiske administrasjonen. Dei slo seg ned nær grenseområda til Nejd i aust og sør. Stammen i området byrja derimot å raide inn i Nejd noko som vart gjengjeldt av Ikhwan. Ikhwan-raida vart for det meste utført av Mutayr-stammen leia av Feisal al-Dawish. Stammen var stor og den viktigaste i Ikhwan, men for Ibn Saud hadde den sine problem. Mutayr fremma Ibn Saud sine territoriumkrav i grenseområda, men overskreid ofte instruksjonane hans, noko som gjorde det vanskelegare å kome fram til kompromiss med lokale herskarar og Storbritannia.¹⁷⁴

Ibn Saud gjekk med på britane sine krav om forhandlingar om grensene då Mutayr sine raid førte

¹⁷² AIR 5/397: Nemnd i ei oversikt over forslåtte grenser mellom Nejd og Transjordan, 14. januar 1925

¹⁷³ Philby 1923, s. 259

¹⁷⁴ Kostiner 1993, s. 79-83

til at britane tok i bruk bombefly for å stogge dei. Dette resulterte i Muhammara-traktaten 6. mai 1922, der britane og representantar for Ibn Saud vart einige om ei fast grense som skulle følgje beiteområder og brønner tilhøyrande kvart land sine stammar. Det vart derimot ikkje teikna opp noko spesifikk grense og traktaten vart aldri ratifisert av Ibn Saud.¹⁷⁵ Ibn Saud ville helst etablere ei stammegrense (tribal frontier) mot nabolanda, noko som historikaren Joseph Kostiner skildrar som «a nondemarcated, flexible border allowing the sphere of influence of the state to be determined by the movements and grazing zones of its tribes.»¹⁷⁶ Britane derimot ynskte ei fast grense, som dei meinte var den mest effektive, og billigaste, metoden for å sikre stabilitet i området.

Partane møttest på nytt i Uqair i Kuwait i november-desember 1922, men klarde i byrjinga ikkje kome fram til ein avtale. Dette irriterte Percy Cox, høgkommissæren i Irak, nok til at han gjekk til Ibn Saud sitt telt, kjefta på han og erklærte at han sjølv skulle avgjere kvar grensa skulle gå:

This ended the *impasse*. Ibn Sa'ud almost broke down, and pathetically remarked that Sir Percy was his father and mother, who had made him and raised him [...] and that he would surrender half his Kingdom, nay the whole, if Sir Percy ordered. [...] Ibn Sa'ud took little further part in the frontier discussions. [...] Sir Percy took a red pencil and very carefully drew [...] a boundary line from the Persian Gulf to Jabal 'Anaiza.¹⁷⁷

Som kompensasjon fekk derimot Ibn Saud to tredjedelar av territoriet herskarane i Kuwait hadde gjort krav på. Grensa som Cox streka opp vart ståande.¹⁷⁸ Til tross for at dette løyste mange av grenseproblema, var det framleis svake punkt ved avtalane. Stammane som hadde søkt tilflukt i Irak etter 1921 haldt likevel fram med å raide over i Nejd, noko som førte til at relasjonane mellom Irak og Nejd meir og meir spent. Grensa som Cox streka opp skal i tillegg ha gått rett gjennom og delt delar av beiteområda til Mutayr-stammen i to.¹⁷⁹

Sjølv om avtalane såg gode ut på papiret var det ikkje før dei vart sett ut i praksis at ein såg dei svake punkta og problema med dei. Dette viste nokre av problema med å opprette moderne statsgrenser i ein region der det aldri hadde vore før og der faste grenser var eit ukjend omgrep. Britane ynskte å løyse desse andre problema som no oppstod på ein konferansen i Kuwait.

¹⁷⁵ Kostiner, J., 1988. «Britain and the Northern Frontier of the Saudi State, 1922-1925» i *The Great Powers in the Middle East 1919-1939*, Uriel Dann (red.), s. 32-33

¹⁷⁶ Kostiner 1993, s. 82: Kostiner skriv vidare at på grunn av dette var «Ibn Sa'ud [...] adhering to the traditional model of the chieftaincy.»

¹⁷⁷ Butenschøn 2008, s. 146; Dickson H. R. P., *Kuwait and Her Neighbours*, London 1968, s. 273, sitert i Kostiner 1988, s. 33; Robert Collins (introduksjon) i Clayton, 1969. *An Arabian Diary*, s. 34-35

¹⁷⁸ Dickson i Kostiner 1988, s. 33: Dickson skreiv i 1968: «Sir Percy was a great man. 'Abdul 'Aziz al-Saud was a great man too – and a great actor besides. Both are dead now. [...] Sir Percy's boundary line stood. It has remained unchanged to this day.»

¹⁷⁹ Percy Cox og Henry Dobbs (kvar sin historiske bakgrunn) i *Letters of Gertrude Bell*, 1930, s. 433-434, 442

4. KONFERANSEN I KUWAIT, 1923-1924

Great Britain does not gain by any hostility in the Peninsula. On the contrary. It is in the interests of Great Britain that peace should reign in all quarters, and that friendly relations should weld together those districts which strife at present divides.

Your Majesty knows how ardently His Majesty's Government desire to see the questions at issue between yourself and Nejd settled, and a new page in Arabian history begun. Is this an undesirable or a foolish thing to wish for? Is it impossible of accomplishment?¹⁸⁰

Den britiske visekonsulen i Jidda skreiv dette i eit brev til kong Hussein 2. mars 1923. Britane hadde prøvd å få til eit møte mellom Hussein og Ibn Saud heilt sidan konflikten om Khurma og Turaba i 1918-1919. Trass i mange forsøk lukkast ikkje britane.¹⁸¹ Storbritannia såg seg ikkje direkte tente med uro i Arabia, spesielt ikkje rundt dei heilage byane i Hijaz. Britane ynskte stabilitet og tryggleik både i Hijaz og langs mandatgrensene. Uro tydde potensielt auka økonomiske og militære utgifter. Ved å kalle inn til ein stor konferansen i Kuwait såg britane for seg å skape faste og stabiliserande grenser. I brevet til Hussein la visekonsulen derimot til ei åtvaring om motpartar si feiltolking av avtalar, som i seg sjølv seier noko om britisk diplomati:

All great actions are liable to misinterpretation.¹⁸²

FORSØK PÅ EI LØYSING

I 1923 ynskte Storbritannia å slå fleire floger i ein smekk og med det løyse grenseproblema mellom mandata og Arabia. I november kalla dei inn til ein konferanse i Kuwait og inviterte representantar frå Hijaz, Nejd, Transjordan og Irak. Britane meinte at alle grenseproblema mellom desse statane hang so godt saman at det eine nesten alltid førte til det andre. Storbritannia ynskte i tillegg å løyse alle problema på ein fredeleg måte og målet med konferansen var difor å få dei arabiske leiarane til å møte kvarandre, snakke saman, diskutere dei forskjellige årsakene bak konfliktane og til slutt bli samde om ein avtale.¹⁸³

¹⁸⁰ FO 686/20: L. B. Grafftey-Smith, britisk visekonsul og fungerande britisk agent og konsul, Jidda, til Hussein, 2. mars 1923

¹⁸¹ Britane prøvde i 1920 å få til eit møte mellom desse to i Aden for mellom anna å løyse grensekonflikten og få Hussein til å la pilegrimar frå Nejd gjennomføre pilegrimsferda til Mekka. FO 686/18: Britisk Agent, Jidda, til Hussein, 19. mai og 24. juni 1920

¹⁸² FO 686/20: Grafftey-Smith til Hussein, 2. mars 1923

¹⁸³ Abdul-Aziz, M. M., 1993. *King Abdul-Aziz and the Kuwait Conference 1923-1924*, London, s. 76-77

Dei fyrste forslaga om ein konferanse om grenseproblema mellom dei fire partane kom i seint i 1922, men britane trong ei stadfesting frå Ibn Saud om at han ville ta del. Dei fastsette dimed datoen for konferansen fyrst etter at dei hadde fått ei slik stadfesting av Ibn Saud om at han var viljug til å forhandle om grensene sine i nord og vest. Britane fastsette datoen til 15. november 1923. Ibn Saud hadde allereie gått med på å sende representantar og britane venta at Feisal og Abdullah ville gå med på det snarleg. Hussein var dimed den som stod att, og utanriks-departementet bad den 1. november Reader Bullard, den britiske agenten og konsulen i Jidda, om å invitere han.¹⁸⁴ Dette skulle derimot vise seg å vere lettare sagt enn gjort.

Quid pro quo: Hussein blir ei britisk byrde

Storbritannia hadde ein plan dei ville presentere under konferansen som dei meinte ville løyse grenseproblema mellom Hijaz, Nejd og Transjordan samstundes. Planen var ein storstilt tredelt bytehandel mellom partane, der Ibn Saud gav frå seg oasane Khurma og Turaba til Hijaz mot å få Kaf i Wadi Sirhan frå Transjordan, som til gjengjeld skulle få Maan og Akaba frå Hijaz.¹⁸⁵

Avtalen viser at britane allereie i 1923 hadde slått frå seg tanken på ta «attende» Jauf, som dei hadde tenkt å annektere til Transjordan året før. På eit kart over dei arabiske områda brukt under konferansen i Lausanne tidlegare på året var Jauf teikna som utanfor Transjordan sine moglege grenser.¹⁸⁶ Kaf, Saltgrendene og resten av Wadi Sirhan er derimot inkludert, og det var dette området britane sa seg viljuge til å avskrive til Ibn Saud dersom Transjordan fekk Maan og Akaba.¹⁸⁷


¹⁸⁴ FO 686/135: FO til Reader Bullard, Britisk Agent, Jidda, 1. november 1923; «Note on invitation to Hussein to participate in the Kuwait Conference» av E. T. Richmond, 25. januar 1924: Richmond skriv at det var usannsynleg at Hussein ikkje visste om konferanseplanane sidan britane hadde diskutert den med både Abdullah og Feisal, som han meinte ville «keep him well informed as to what was occurring».

¹⁸⁵ Baker (1979, s. 200) skriv at det er Saltgrendene som britane vil byte frå seg, men at Ibn Saud allereie kontrollerte desse. Kjeldene frå konferansen nemner spesifikk Kaf, men sidan Kaf er «hovudstaden» til Saltgrendene, kan dette diskuterast. Statusen til Kaf er uansett uklår sidan Abdullah okkuperer den fleire gonger. Kjeldene frå Kuwait konferansen nemner at Ibn Saud kontrollerer området om til Saltgrendene, men nemner ikkje om han faktisk kontrollerer dei.

¹⁸⁶ Konferansen i Lausanne vart haldt november 1922 – juli 1923. Kartet det er snakk om er udatert, men er truleg laga enten seint i 1922 eller tidleg i 1923.

¹⁸⁷ Utkastet for denne byteplanen vart formulert 8. november 1923 av CO: «His Majesty's Government are directly concerned with the frontier of Trans-Jordan, as being the frontier of the mandated area of Palestine; 'provided that Trans-Jordan has access to the Gulf of Akaba, that Nejd does not encroach upon the Hejaz railway, and that Khurna and Tareba [*sic*] are included in Hejaz, they are prepared to exclude the whole of Wadi Sirhan from Kaf northward and to allow the Hejaz to extend northwards along the Hejaz railway as far as Mudawara' [...] 'Thus Kaf would be given up for Akaba by Abdullah, Khurna and Tareba would be given up by Ibn Saud for Kaf, and any claim to territory north of Mudawara would be given up by King Hussein for Khurna and Tareba.'» frå «British Claims to Akaba, Maan and Southern Trans-Jordan», 7. juli 1925 (*ABD*: bind 7, s. 373)

Jauf hadde nemleg mista mykje av sin strategiske verdi etter Philby og Holt si reise gjennom Wadi Sirhan våren 1922. Holt hadde blitt med Philby for å kartlegge mogleighetene for bygginga av ei jarnbane mellom Haifa og Bagdad via Jauf. Holt konkluderte derimot at «[t]he expedition to Jauf has taught us where not to go if nothing else.» Basert på rapportane til både Philby og Holt, som skildra kor ugjestmildt og politisk ustabil området var, skrinla britane i stor grad tanken på å legge jarnbana om Jauf.¹⁸⁸ Då Jauf fall i Ibn Saud sine hender månaden etter ekspedisjonen var det ikkje verdt å bruke tid og ressursar på å ta oasen frå han, sjølv om Abdullah ynskte dette.



Illustrasjon 7: Utsnitt av «Mandates in Arabia», kart av Lt. Col. Lawrence Martin. Sannsynlegvis frå 1922-23. Legg merke til at Jauf her er ekskludert frå Transjordan medan resten av Wadi Sirhan ligg innanfor. Det er òg verdt å merke seg at Transjordan si sørlege grense her er trekt so langt sør som Tabuk (på grenselina i det sørvestre hjørnet). Kartet er ein smule optimistisk og representerer snarare det britane helst ynskte at Transjordan skulle omfatte enn realitetane, sidan Hussein framleis hadde kontrollen over mykje av området heilt opp til Daudehavet.

[Henta frå: <http://www.gwpda.org/maps/arab.jpg> (2. april 2009)]

¹⁸⁸ Holt 1923, s. 266; Stratton, M., 1944. «British Railways and Motor Roads in the Middle East – 1918-1930» i *Economic Geography*, April, s. 122-123

Hussein skulle derimot bli eit stort problem. Hussein svarde nemleg negativt på invitasjonen og hevda at to veker var for lita tid til å førebu seg på. Han nemnde òg at han var overraska over avgjersla om å faktisk halde ein slik konferanse utan å informere han tidlegare.¹⁸⁹ Britane utsette difor konferansen til 22. november, men det vart snart klårt for britane at det ikkje var tidspunktet Hussein tykte var mest problematisk. Britane sendte ein ny invitasjon der dei greia ut for kvifor dei ikkje hadde rådført seg med Hussein om konferansen på førehand. Dei hevda han ikkje var konsultert av di konferansen opphavleg skulle ta føre seg problema langs mandatgrensene mot Nejd og at dei hadde invitert Hussein fordi dei meinte han òg kunne dra nytte av konferansen til å diskutere sine eigne grenseproblem mot Nejd. Bullard la til som si personlege meining, noko Foreign Office hadde pålagt han å meine, at dette ville vere den beste sjansen til å avgjere desse problema.¹⁹⁰

Grunnlaget for at Hussein ikkje ville ta del i konferansen var at dei hadde diskutert «Arab affairs» utan å gå gjennom han, som dei under krigen hadde tiltalt som «representanten for arabarane». Han gjorde greie for dette i eit brev til britane som svar på den andre invitasjonen.¹⁹¹

In answer to renewed appeal King sends long involved letter upshot of which is that His Majesty's Government ought not to have summoned any conference to deal with any questions affecting the Arabs without previous consultation with him.¹⁹²

Konferansen vart av forskjellige grunnar utsett på ny, til 17. desember,¹⁹³ og britane ynskte framleis at Hussein skulle ta del, men Bullard meinte at det var liten vits å spørje han endå ein gong. Det var framleis forvirring internt hjå britane om Hijaz faktisk sendte ein representant eller ikkje, noko Bullard stadfeste fleirfaldige gonger.¹⁹⁴ Oberst S. G. Knox, den tidlegare britiske

¹⁸⁹ FO 686/135: Hussein til Bullard, 3. november 1923; Bullard til FO, 4. november 1923; I si bok om Ibn Saud og Kuwait-konferansen skriv Moudi M. Abdul-Aziz at det var Ibn Saud som hadde sendt dette brevet. Dette er derimot ikkje korrekt sidan brevet faktisk er signert «Hussein». Sidan boka er omsett frå arabisk, kan dette vere ein omsetjingsfeil.

¹⁹⁰ FO 686/135: Bullard til Hussein, 7. november 1923

¹⁹¹ FO 686/135: Hussein til Bullard, 9. november 1923; Hussein greier ut om dette under eit seinare intervju, der eit memorandum skildrar haldninga hans: «When shortly after the outbreak of war with Turkey, Great Britain sought to enlist the help of the Arabs, she had addressed herself to him, the Sharif Husain as being manifestly the leader best entitled to speak on behalf of the Arabs. [...] Why, then, had His Majesty's Government no consulted him about the summoning of the Conference? Did that mean that they wished no longer to abide by the alliance? [T]hat they ceased to consider him, as they had in the difficult days of the war, the foremost Arab leader and spokesman of Arab aspirations?» (FO 686/135: Intervju med Hussein, 21. januar 1924)

¹⁹² FO 686/135: Bullard til FO, 10. november 1923

¹⁹³ Ein av grunnane til at konferansen vart utsett var det at representantane hadde problem med å kome seg til Kuwait. Knox, som skulle leie konferansen, kom ikkje til Kuwait før 30. november.,

¹⁹⁴ FO 686/135: FO til Bullard, 7. desember 1923; Bullard til FO, 8. desember 1923; Knox, Kuwait, til Bullard, 8. og

agenten i Kuwait som var formann under konferansen, uttrykte seg slik:

I just heard from Bullard, Jeddah, that there is no hope of Hijaz sending a deputation. This puts the Najd delegates in a strong position of which they are making great capital.¹⁹⁵

Konferansen sitt første møte kom i stand, men støtte på fleire problem og neste møte vart difor utsett til 18. januar 1924. Utan ein hijazisk representant kunne ikkje spørsmålet om Akaba og Maan, og dimed ikkje grensespørsmålet generelt, bli diskutert.¹⁹⁶ I ein rapport la Knox mykje av skulda for utsetjinga på Hussein:

In the circumstances unless Hejaz can be persuaded to send delegates, I see no use in continuing the Conference. [...] it must be remembered that nothing can be done without the presence of Hejaz envoy or a hope that he will arrive shortly.¹⁹⁷

Hussein si haldning under konferansen kom til å skade omdømet hans hjå britane kraftig. Omdømet hans var allereie svekka, men det var i samband med konferansen han byrja bli sett på som ei byrde. Ved å nekte å ta del viste han seg òg for britane som eit hinder for ei løysing med Nejd. Lancelot Oliphant i Foreign Office gav i eit brev til Bullard eit hint om konsekvensane Hussein kunne vente seg dersom han ikkje gjorde som dei sa:

If, however, in the future Ibn Saud launches an attack upon the Hejaz, it will be open to you to meet any complaints or appeals for help from King Hussein with a reminder of his refusal to avail himself of the mediation now offered by His Majesty's Government.¹⁹⁸

Det er verdt å nemne at denne Bullard mislikte både Hijaz og Hussein kraftig.¹⁹⁹ Han kom mellom anna med denne svært negative karakteristikken av Hussein i forkant av konferansen:

Imagine a cunning, lying, credulous, suspicious, obstinate, vain, conceited, ignorant, greedy, cruel Arab sheikh suddenly thrust into a position where he has to deal with all sorts of questions he doesn't understand, and where there is no human power to restrain him, and you have a picture of King Husein [...] Lying, robbing, and other crimes no more come amiss to him than they did to the founder of his religion.²⁰⁰

16. desember 1923; Bullard til Knox, 17. desember 1923; Political Resident, Bushire, til Bullard, 18. desember 1923; Knox til Bullard, 22. desember 1923

¹⁹⁵ FO 686/135: Bullard til CO, 18. desember 1923

¹⁹⁶ FO 732/75/4: FO-memorandum 1925

¹⁹⁷ FO 686/135: Knox til Bullard, 22. desember 1923

¹⁹⁸ FO 686/135: Lancelot Oliphant, FO, til Bullard, 13. desember 1923

¹⁹⁹ Lambton, A., 1977. «Obituary: Sir Reader William Bullard» i *Bulletin of the School of Oriental and African Studies, University of London*, s. 131: Bullard er sitert: «One could walk to one heap of sand rather than to another and distinguish Sunday from weekdays by having three biscuits for tea instead of two. [...] there are two foreign institutions in Jeddah: a bank, which is closed, and a cemetery, which is open.»

²⁰⁰ Bullard sitert i Leatherdale 1983, s. 38

I slutten av desember bestemte Hussein seg for å reise til Abdullah i Transjordan, i tillegg til å vitje Akaba og Maan. Bullard konkluderte etter at han var reist med at:

He appears to have accomplished his purpose viz. by wrecking conference to punish His Majesty's Government for daring to discuss Arab affairs otherwise than through him.²⁰¹

Hussein si reise til Transjordan var med på å forverre britane sitt inntrykk av han.²⁰² Hussein kom fyrst til Akaba, der han vart møtt av Philby, den britiske representanten i Transjordan. Medan Hussein var i Akaba brukte han tida til å organisere Akaba og Maan om til det han kalla «Maan vilayet», som han såg på som ein integrert del av Hijaz. Britane meinte, sannsynlegvis med rette, at Hussein ynskte å styrke innverknaden sin i Transjordan med reisa.²⁰³ Dei ynskte ikkje dette, men reisa viste tydeleg kor stor Hussein si makt over sonen Abdullah var, som han såg på som sin guvernør i Transjordan. Med Hussein i Amman miste britane dimed forhandlingsmoglegheitene med Abdullah, og samstundes overtaket deira på han.²⁰⁴ Dei frykta ei stund for at Abdullah, som ikkje ynskte å utfordre faren, ville overlate heile Transjordan formelt til Hussein.²⁰⁵ Herbert Samuel irriterte seg over Hussein si makt over sonen i eit telegram:

It is clear that for the moment Hussein has taken complete charge of Transjordan affairs and that nothing will be done without his concurrence or contrary to his wishes by Emir or Government. Were we to enter into discussions in which King took a leading part we should acknowledge position which he does in fact hold in Transjordan at the present moment, while it could lead to no useful result to ignore him.²⁰⁶

Medan Hussein var i Amman nytta Samuel moglegheita til å intervjuje han og prøve å overtale han på ny til å ta del i konferansen. I intervjuet, som fann stad 21. januar, la Hussein ut sitt syn på saken. Han ville ha åttvara mot ein slik konferanse hadde han blitt spurd, fordi årsakene til konfliktane var mykje djupare enn småkrangel over grenser. Årsaka var Ibn Saud og hans ambisjonar og Hussein meinte at den einaste måten han kom til å ta del på var at Ibn Saud trakk seg attende frå alle okkuperte område og gjenoppretta Rashid-emiratet. Det var einaste vegen til fred

²⁰¹ FO 686/135: Bullard til FO, 25. desember 1923

²⁰² I følge Leatherdale hadde Hussein allereie før dette «alienated most of those who previously championed him.» Dette gjaldt mellom anna indiske muslimar og egyptiske pilegrimar (Leatherdale 1983, s. 27 og fotnote 149 s. 36)

²⁰³ CO 732/75/4: FO-memorandum 1925; FO 686/78: Samuel til Bullard, 13. februar 1924; FO 141/440/4: Rapport om situasjonen i Transjordan, 11. april 1924: Rapporten er skriven av «General Officer Commanding, British Troops in Egypt» og sendt til War Office: Britane såg sannsynlegvis på dette som ei annektering, medan Hussein allereie såg på området som allereie innanfor Hijaz og dimed ei administrasjonsending.

²⁰⁴ FO 141/440/4: Rapport om situasjonen i Transjordan, 11. april 1924: Rapporten seier dette om vilayet Maan: «[...] moreover the visit of King [Hussein] has somewhat changed their [transjordanarar] ideas. The fact that he has actually annexed territory from the Mandatory area of Great Britain by the formation of the new vilayet of Maan must have its effect.»

²⁰⁵ Butenschøn 2008, s. 143

²⁰⁶ FO 141/440/4: Samuel til J. H. Thomas, koloniminister, 16. februar 1924

meinte Hussein. Samuel meinte at dette burde vere saker som skulle bli diskutert under konferanse, ikkje som ein føresetnad (preliminary). Hussein uttrykte til slutt at han var viljug til å sende sonen sin, Zaid, til konferansen, men han ynskte at Ibn Saud sendte ein av sine eigne søner for å balansere Zaid.²⁰⁷ Knox kommenterte dette:

King Hussein promises to send an exalted representative whom Ibn Saud never asked for, and then says that if Ibn Saud will not despatch corresponding dignitary he will not send his man, nor even appoint a substitute of lesser importance.²⁰⁸

På grunn av treig kommunikasjon med Ibn Saud, i tillegg til årstida, fekk ikkje han tid til å sende ein av sønene sine til ei konferansemøte i slutten av februar eller i mars. Hussein sendte dimed aldri ein representant til Kuwait.²⁰⁹

Bufferstaten

Då britane forstod at dei sannsynlegvis ikkje fekk Hussein med på konferansen, prøvde dei å finne ei anna løysing på grenseproblemet i Wadi Sirhan. Utan Hussein eller noko representasjon frå Hijaz ville det bli svært vanskeleg å få overtalt Hussein til å gje slepp på eit område han faktisk rådde over og dimed gjennomføre byteplanen.²¹⁰ Knox la difor fram eit forslag om å etablere ein bufferstat i Wadi Sirhan i februar 1924.²¹¹

Knox såg føre seg ein bufferstat der Transjordan hadde visse rettar i forhold til Kaf, og Nejd i forhold til Jauf, og han meinte at det ikkje ville vere noko stort problem å førebu ein slik avtale. Planen til britane var at denne bufferstaten skulle ligge under Ruwala-sjeiken Nuri Shalan. Dei

²⁰⁷ FO 686/135: Intervju med Hussein, 21. januar 1924: Desse var òg til stade under intervjuet: Abdullah, Gilbert Clayton, Ronald Storrs, E. T. Richmond, George Antonius (omsetjar) og utanriksministeren til Hussein, Fual al-Khatib; FO 624/42: Knox til Co, 10. mars 1924; FO 686/130: Samuel til Bullard, 22. januar 1924: Feisal, son til Hussein, var svært positiv til at broren Zaid skulle til Kuwait, og han foreslo at Ibn Saud burde sende ein av sine eigen søner slik at «Zaid may be balanced.» (FO 686/135: Henry Dobbs, høgkommissær i Irak til J. H. Thomas, koloniminister, 24. januar 1924)

²⁰⁸ FO 624/42: Knox til CO 10. mars 1924: Knox hadde veka før, 3. mars, skrive dette: «I am afraid therefore that all hope must be abandoned of arrival of one of Bin Saud's sons unless conference were to be delayed unreasonably right into the hot weather. The only alternative appears to be to send a less exalted representative for Hedjaz.»

²⁰⁹ Kor stor skilnad Zaid hadde utgjort er usikkert, men Knox lærte frå ein av Transjordan sine delegatar, som hadde sett Zaid sine instruksjonar, at desse var «uncompromising in the extreme» og at dei ville binde Zaid «hand and foot» og at det difor ikkje ville vere nokon sjanse for å møte Nejd halvvegs (AIR 5/332: Knox til Thomas, 30. mars 1924)

²¹⁰ FO 624/42: Knox til CO 10. mars 1924: Knox sine eigne ord: «The frontier [...] as basis for discussion is affected by the de facto occupation of the Maan district by King Hussein. [...] Unless Hedjaz envoy is therefore present at the conference it is difficult to see how Hussein can be got to relinquish the territory of which he is actually in possession, even though the frontier between Trans-Jordan and the Hedjaz has never been defined and my therefore be held to be still under discussion.»

²¹¹ Hafiz Wahbah, ein representant frå Nejd, skal i følgje Kostiner ha foreslått at oasisane Khurma og Turaba òg skulle bli etablerte som sjølvstendige bufferstatar (Kostiner 1993, s 91).

trudde at Ibn Saud kom til å legge hardt press på kravet om heile Wadi Sirhan, men ved å legge karavanar frå Nejd til Syria og Egypt under vern av høgkommissæren for Palestina ville det kanskje vere mogleg å overtale han til å godta ein slik bufferstat. Karavanane skulle òg få reise tollfritt og trygt gjennom Palestina, Transjordan og den eventuelle bufferstaten i følgje forslaget til Knox.²¹² Fordelane for Ibn Saud, slik britane såg det, var:

In this he would not be acting unwisely as he would gain the benefits of free and safe communications with Syria without the responsibility of administrating and policing the district. Nor would the establishment of Nuri Shalaan at Jauf be in any way a military danger to Nejd, in the present state and strength of the Ruweilah tribe.²¹³

Herbert Samuel, høgkommissæren i Palestina, var ganske positiv til ideen om ein bufferstat, sannsynlegvis for at det kom til å halde Ibn Saud på ein viss avstand frå Jauf, og dimed Transjordan:

I have always considered the creation of a buffer state in Wady Sirhan under Nuri Shalan is best solution. They would probably have no objection to ceding rights to Nejd in Jauf and Trans-Jordania in Kaf, but neither place should be occupied by military.²¹⁴

Knox la fram forslaget for Nejd og Transjordan under konferansen sitt fjortande møte den 25. mars. Han presenterte det saman med to andre moglege vegar til fred i Wadi Sirhan; folkeavstemming eller ei deling av wadien i to like store delar. Delegasjonen frå Transjordan godtok ingen av forslaga, men kunne gå med på ein bufferstat i området rundt Jauf. Nejd kunne ikkje gje noko svar utan å snakke med Ibn Saud først. Konferansen vart avslutta etter dette. Knox skreiv til koloniminister Thomas at han ikkje såg noko poeng i å halde fram med konferansen, noko Thomas gjekk med på 11. april 1924 og ba Knox avslutte konferansen.²¹⁵

Forslaget om ein bufferstat rann med det ut i sanden. Britane kom til å ta oppatt ideen om ein nokre få gonger i interne diskusjonar det neste året, men den vart aldri like aktuell igjen. Sjølv om det aldri vart utarbeidd ein detaljert plan om korleis ein slik stat skulle sjå ut, er det tvilsamt at den ville vorte slik britane tenkte det. Både representantane frå Transjordan og Nejd var svært skeptiske til at denne skulle ligge under Nuri Shalan, ein leiar som bae partane var svært mistruiske til. Den

²¹² FO 624/42: Knox til CO, 3. mars 1924; AIR 5/332: Notes on the Proposal to create a Buffer State in the Wadi Sirhan between Trans-Jordania and Nejd, 7. mars 1924

²¹³ AIR 5/332: Notes on the Proposal to create a Buffer State in the Wadi Sirhan between Trans-Jordania and Nejd, 7. mars 1924

²¹⁴ FO 624/42: Samuel til Knox, 13. mars 1924

²¹⁵ FO 624/42: Knox til Thomas, 5. april 1924; AIR 5/332: Knox til Thomas, 30. mars 1924; Thomas til Knox, 11. april 1924; Short Precis of Proceedings at the Koweit Conference from 16th January until dissolution in April, 1924, 17. april 1924 (usignert); I eit handskrive notat på dette dokumentet står det: «[CO] do not feel that the breakdown of the Conference will of necessity mean a continuation of Akhwan Raids.»

transjordanske delegasjonen meinte at Shalan ville vere ein like stor torn i sida som Ibn Saud dersom han vart for mektig.²¹⁶

Ideen er likevel eit uttrykk for korleis britane såg på Wadi Sirhan og kva verdi den hadde for dei. Ved å legge fram dette forslaget for Ibn Saud sine utsendte avslørte britane dette og då konferansen var over forstod Ibn Saud at britane var viljuge til å gje frå seg både Wadi Sirhan og Kaf på visse vilkår, noko som skulle få utslag under seinare forhandlingar. Britane meinte at det å ta over og kontrollere wadien ville føre til aukte økonomiske og militære utgifter i tillegg til eit militært engasjement med usikre følgjer. Dette var noko dei helst ville unngå, men problemet var at dette òg ville vere tilfelle dersom Ibn Saud fekk skikkeleg kontroll over den:

This would entail a reversal of present policy and an increased force of aircraft and armoured cars in Trans Jordania beyond. Increased security in Palestine and Trans Jordania would thus be bought at the expense of new responsibility in the Wadi Sirhan.²¹⁷

Ideen om ein bufferstat appellerte til britane fordi ei «ufarleg» statseining mellom Nejd og Transjordan ville ta seg av administrasjon og utgifter samstundes som Ibn Saud ikkje ville representere eit direkte trugsmål Transjordan militær eller religiøst/ideologisk. Ibn Saud ville òg få handelskorridoren han ynskte til Syria.

If Ibn Saud can be got to agree to a «buffer state» it would be a screen between Wahabism and Transjordan, and the continued security of the Air Route should be ensured.²¹⁸

Det at britane la fram ei forslag om ein buffersone for Ibn Saud var ikkje noko overrasking. Britane nemleg hadde lenge ført ein buffer-politikk. Dei såg på Transjordan allereie som ein bufferstat mellom Frankrike og Arabia, og mellom wahhabiane og Palestina. Palestina hadde dei sett på som ein buffer som skulle halde Frankrike borte frå Sinai-halvøya og Suez-kanalen. Sinai hadde før første verdskrig fungert som ein buffer mellom britisk Egypt og Det osmanske riket, som igjen hadde vore sett på som ein svær buffer mot russisk ekspansjonisme. Buffertankegangen til britane var difor langt frå ny.

Tanken om Wadi Sirhan som ein buffer må setjast i samanheng med opprettinga av dei to


²¹⁶ AIR 5/332: Notes by President of Conference Meetings Fifteenth Session, vedlegg til Knox til Thomas, 30. mars 1924: «I have come to the conclusion that, even if it is possible to form a buffer state of any kind, it will not do to leave Nuri ash Sha'alan in charge.»

²¹⁷ AIR 5/332: Notes on the Proposal to create a Buffer State in the Wadi Sirhan between Trans-Jordania and Nejd, 7. mars 1924

²¹⁸ AIR 5/332: Notat (minute) av Carmichael, A. I., om forslaget om ein bufferstat mellom Transjordan og Nejd, 10. mars 1924; Carmichael meinte at det ikkje var sannsynleg at Ibn Saud ville gå med på ein bufferstat, men at det ville vere verdt å spørje.

nøytrale sonene langs Nejd si grense mot Kuwait og Irak.²¹⁹ Under forhandlingane i Uqair i november-desember 1922 var det etablerte ein sone mellom Nejd og Irak og ein sone mellom Kuwait og Nejd. Desse to sonene var både omstridde og til dels problematiske, spesielt i forhold til dei lokale beduin- og nomadestammene. Stamma frå alle tre land nytta områda og det ville vere svært problematisk å legge kvart av områda under ein bestemt stat:

In the heat of summer they were empty. At times Ibn Saud's bedouin peopled them; at times the tribes of from Iraq had possession; and again, when quick spring rains covered the rolling prairie with thin carpet of green, the wells of Arqshadf and Wafra gave water to both Saudis and Kuwaitis, while Samah refreshed the camels of Iraqis and Nejd's alike. Who could say to whom these territories belonged?²²⁰



Illustrasjon 8: Dei nøytrale sonene

[Kartutsnitt frå «Europe And The Near East Map 1940» av National Geographic]

til vatn, og der ei løysing som gjekk ut på at den eine parten fekk full kontroll over wadien i realiteten ikkje ville vere ei løysing. Skilnaden er derimot viktigare enn likskapane og det var grunna desse ulikskapane at bufferstaten aldri vart ein realitet.

Wadi Sirhan hadde, i motsetnad til den nøytrale sonen, bufaste innbyggjarar, den var større i areal og strategisk mykje viktigare, spesielt for Ibn Saud. Allereie i mars 1924 koloniminister James H. Thomas fast at Storbritannia «in no circumstances [can] accept responsibility for neutral territory

²¹⁹ Hosni, S., 1966. «The Partition of the Neutral Zone» i *The American Journal of International Law*, Oktober, s. 735-749: Desse to sonene var strengt talt ikkje nøytrale sidan dei tilhørde både statane dei låg mellom og termen er sannsynlegvis nytta som «a matter of convenience». Sonene var «i.e., neutral in the sense that it is not national, as it does not belong to one state but belongs to two or more partners of the Condominium. Thus the term 'neutral' here should not be confused with its corresponding one in the rules of war and neutrality.» (El Erian sitert i Hosni 1966)

²²⁰ Sanger, Richard H., *The Arabian Peninsula*, 1954, s. 152 sitert i Hosni 1966

²²¹ Hosni 1966, s. 735-749; Sonen mellom Irak og Nejd (Saudi-Arabia) eksisterte heilt fram til golfkrigen i 1991. Sonen mellom Nejd og Kuwait varte fram til 1965.

thus defined which will correspond to that on Nejd-Iraq frontier.»²²² Ronald Storrs avviste seinare ideen om ein bufferstat som upraktisk fordi Ibn Saud ynskte seg ein veg utan hindringar til Damaskus og at ambisjonane hans om å kontrollere Kaf, eller halde det nøytralt, var økonomiske.²²³ Britane var sjølv skeptiske til bufferstaten og kva dette ville seie for dei:

Whether Nuri Shaalan or some other Shaikh is to wield power in the suggested buffer state in Wadi Sirhan is a matter of much concern to Trans-Jordania, and therefore to Palestine, more especially as this area will not be controlled by H.M.Govt.²²⁴

Sjølv om britane snakka om ein bufferstat, var tankegangen bak det heile ei blanding mellom ein buffersone og ein bufferstat. Britane ynskte sannsynlegvis ein buffersone, men sidan Wadi Sirhan hadde bufaste innbyggjarar ville det bli problematisk. Den sjølvstendige staten dei omtalar har inntrykket av å skulle vere ein slags delt koloni mellom Nejd og Transjordan der bae partar har særrettar i kvar sin del. Sidan korkje Nejd eller Transjordan viste noko særleg stor interesse for ei slik eining langs grensene sine, vart den ikkje noko av.²²⁵

Kalifen og slutten på subsidiane

I mars, medan konferansen framleis var i gang, fann to hendingar stad som fekk store konsekvensar for korleis situasjonen utvikla seg vidare. Den fyrste var at Hussein erklærte seg som kalif 5. mars, den andre var at dei britiske subsidiane til både Hussein og Ibn Saud vart avslutta 31. mars.

Den 3. mars fjerna den tyrkiske nasjonalforsamlinga den siste resten av det osmanske riket og avskaffa kalifatet. Like etter oppfordra Abdullah ein motviljug Hussein til å erklære seg som kalif. Haifa Alangari skriv at Ibn Saud utgjorde eit kritisk politisk problem for Hussein i den forstand at Ibn Saud gjennom wahhabirørsla undergrava hans religiøse autoritet som sharif av Mekka, og Hussein truleg tok på seg kalifatet for å kompensere for dette tapet av autoritet.²²⁶ Hussein si kalifat-erklæring hausta positive tilbakemeldingar frå Damaskus, Bagdad, Mekka og Medina, men negative

²²² AIR 5/332: Telegramutkast frå Thomas til Knox, mars 1924: Thomas held fram: «Whether Nuri Shaalan should or should not exercise power in Wadi Sirhan is a matter of no concern to His Majesty's Government, whose interest will be bounded in these parts by the frontier of Trans-Jordan wherever this may ultimately be fixed.»

²²³ AIR 5/397: Storrs (Chief Secretary Palestine) til Henry Cox (CBR) om Transjordan sine grenser, 18. november 1924; Britane var internt sjølv skeptiske til bufferstaten og kva dette ville seie for dei, og Herbert Samuel var mellom anna ueinig i Storrs sin påstand om ideen om ein bufferstat..

²²⁴ FO 624/42: Samuel til Percy Cox, 1. april 1924

²²⁵ AIR 5/332: Notes by President of Conference Meetings Fifteenth Session, vedlegg til Knox til Thomas, 30. mars 1924

²²⁶ Alangari 1998, s. 224

frå India og Egypt, noko som uroa britane. Britane fokuserte på spesielt reaksjonane til indiske muslimar og forfatta ei memorandum for å undersøke britiske forplikingar og løfter til Hussein i samband med kalifatet. I korrespondanse med Hussein under krigen var det omtalt eit «arabisk kalifat», men britane slo raskt fast at såg på spørsmålet om eit kalifat som eit strengt religiøst spørsmål og framheva for Hussein Storbritannia sin tradisjonelle nøytralitetspolitikk i slike saker.²²⁷ I august 1919 gjorde britane greie for haldninga si og uro til Hussein som kalif:

[...] our policy has always been to discourage King Hussein's aspirations to the Caliphate. [...] There is little doubt, however, that he and his family secretly desire to transfer the Caliphate from Constantinople to Mecca.²²⁸

Den kraftigaste reaksjonen på Hussein si erklæring derimot kom til å kome frå Ibn Saud. Randall Baker skriv at dette var eit av dei største feilgrepa til Hussein, og at mars 1924 symboliserte tidspunktet då Hijaz byrja å rakne i saumane:

The King's empty title had brought him nothing but contempt, ridicule and hatred and had given the Wahhabis in Nejd the final excuse to rid Arabia of the Hashemite heresy in general and of Husain in particular. The King had purchased his demise; it merely remained to have it delivered to the doorstep.²²⁹

Det var på grunn av økonomiske vanskar at britane i april 1923 avgjorde å avslutte subsidiane til Ibn Saud og Hussein innan april 1924, noko som fall utilsikta saman med avslutninga av Kuwait-konferansen. Det var Hussein som var mottakaren for storparten av desse subsidiane sjølv om desse minskte periodevis etter krigen (frå £125.000 per måned i 1917 til £25.000 i 1920). Ibn Saud hadde i forhold for det meste fått symbolske summars £60.000 årleg i 1921), men dei hadde likevel gjort store delar av ekspansjonen hans mogleg. Hail vart mellom anna erobra med hjelp av britiske subsidiar og våpen. Politikken bak dei var at britane til ei viss grad kontrollerte dei arabiske herskarane med subsidiane, men denne politikken måtte vike for økonomiske omsyn.²³⁰ Ein britisk offiser oppsummerte i januar 1925 subsidiepolitikken slik:

In the old Coalition days we poured out money literally by the sackful in these regions to try to prop up

²²⁷ Alangari 1998, s. 225; Baker 1979, s. 184-186; FO 684/2: Memorandum on British Commitments to King Hussein av W. J. Childs, 12. mars 1924: Spørsmålet om Hussein som kalif var tidlegare oppe i 1919 då Hussein vart «prayed as Caliph in mosques in Syria.»: Allereie i 1915 hadde indiske muslimar protester mot tanken på eit arabisk kalifat og i ein fotnote skriv Alangari det at indiske muslimske reaksjonar var nøye overvaka, noko som korrespondansen til den indiske regjeringa viser.

²²⁸ FO 684/2: FO 684/2: Memorandum av Childs, 12. mars 1924: siterar eit brev frå Arabarkontoret i Kairo til den politiske offiseren i Egypt, 13. august 1919.

²²⁹ Baker 1979, s. 189

²³⁰ Kostiner 1993, s. 61: Både Ibn Saud og Hussein klaga til britane om at den andre parten fekk subsidiar. Hussein la mellom anna fram dette i eit brev til den britiske agenten i Jidda 5. mars 1923 (FO 686/20). Ibn Saud mislikte at Hussein fekk større subsidiar enn han sjølv.

the various potentates whom we were subsidising.²³¹

Knox hadde uttrykt gode håp for konferansen like før det fyrste møtet sidan Ibn Saud var på høgda av si makt og at han av den grunn trong å sikre denne før den vart svekka. Knox skriv at makta hans kom til å bli svekka når subsidiane stogga fordi han då hadde «no means of paying his Ikhwan followers.»²³² Knox symboliserer her den utbreidde britiske oppfatninga om det var deira subsidiar som haldt Ibn Saud ved makta. Kostiner argumenterer for at, til tross for å ha nytt godt av subsidiane tidlegare, var sjølve tapet av dei til større nytte for Ibn Saud i 1924. Dei hadde det siste året fungert mest som løysepengar for å hindre han i å angripe Hijaz, og når subsidiane stogga nesten samstundes med konferansen, konkluderte Philby:

Ibn Sa'ud, having no British subsidy to restrain him and no hope for a reasonable settlement to induce him to be patient, meant business.²³³

Konsulatet i Damaskus og ivaretakinga av saudiske interesser i Syria

Britane sin motstand mot at Ibn Saud fekk ein uhindra handelsveg til Syria var ikkje utelukkande tufta på omsynet til landbrua til Irak, sjølv om dette var hovudgrunnen. Ein mindre faktor var kontakten mellom Ibn Saud og Frankrike. Heilt sidan Sykes-Picot-avtalen ynskte britane å halde Frankrike og Ibn Saud frå kvarandre. Landbrua fungerte både som ei kommunikasjons- og transportrute til Persiabukta og India og hadde funksjon som ein buffer ved å hindre fransk tilgang til Arabia.

I følgje Alois Musil sendte Ibn Saud utsendingar til Damaskus i april 1922, som innleia forhandlingar med representantar frå franske styresmakter. I september same år spurde Ibn Saud britane om dei kunne sørge for tryggleiken til nejdiske interesser i Syria. Noko både britane og franskmennene gjekk med på. I slutten av november same år skal Ibn Saud likevel ha utnemnd ein kamelhandlar til sin konsul i Damaskus, han vart òg anerkjend både stormaktene. Musil skriv at dette var den fyrste representanten til Ibn Saud i eit framand land.²³⁴ Representanten i Damaskus

²³¹ FO 686/78: Debatt i Underhuset, Lieut.-Commander Kenworthy, januar 1925

²³² FO 686/20: Knox til Shuckburgh, CO, 12. desember 1923

²³³ Philby, 1926. «The Triumph of the Wahhabis» i *Journal of The Royal Central Asian Society*, Oktober, s. 309, sitert i Kostiner 1993, s. 62

²³⁴ FO 686/22: CO (R. V. Vernon) til Clayton, 10. september 1925; Musil 1928a, s. 293: Musil skriv vidare at britane berre anerkjende Ibn Saud sin konsul fyrst etter at han hadde gått med på å signere Uqair-protokollen i desember 1922. Kamelhandlaren som vart konsul heitte Hajj Fuzan al-Sabiq (FO 684/1: W.A. Smart, britisk konsul i Damaskus, til Ramsay MacDonald, utanriksminister, 19. mars 1924): Forholdet mellom det britiske konsulatet og Ibn Saud sin representant var langt frå uproblematisk. Mykje av problemet låg rundt det at Nejd eigentleg var ein sjølvstendig stat, noko som gjorde det vanskeleg for britane å legitimere representantkontoret si tilknytning til

stod derimot ikkje heilt fritt. Ibn Saud ynskte nemleg at britane hadde eit oppsyn med denne. Representasjonskontoret til Nejd vart difor tilknytt det britiske konsulatet, som stod for mellom anna tryggleiken til alle innbyggjarar frå Nejd i Syria. Frankrike prøvde diskret å skape ein betre kontakt med Ibn Saud, noko som uroa den britiske konsulen.²³⁵

This French interest in things Nejdian makes it all the more necessary that this Consulate should be assisted as far as possible in maintaining its hold over the Nejdian Agency here and its protection of Nejdian subjects. [...] It is essential that Nejdians should not get any impression that we are weakening in our protection of them.²³⁶

Ved å indirekte representere Ibn Saud i Damaskus sørga britane dimed for at dei kontrollerte mykje av kontakten han hadde med andre stormakter. Arabia var sett på som ei britisk sfære og dei ville nødig at andre skulle blande seg for mykje inn der, direkte eller indirekte.²³⁷ Dette førte til at sjølv om britane kutta subsidiane til Ibn Saud heldt dei likevel fram med å representere han i Damaskus, noko som skapte ein smule irritasjon på konsulatet i Damaskus som fekk ansvaret for dette.²³⁸ Spesielt etter at Ibn Saud gjekk til åtak på Transjordan og Irak i samband med invasjonen av Hijaz. Den fungerande konsulen i Damaskus hadde dette å seie:

I would beg leave to point out what must surely be known and recognised to be a ridiculously paradoxical and anomalous situation, namely that, while Nejdians are actively engaged in attacking territories under British control, this Consulate or His Majesty's Government is charged with their protection here.²³⁹

Forholdet mellom Storbritannia, Frankrike og Ibn Saud vart gjort meir komplisert med beduin stammen Ruwala under leiarskap av Nuri al-Shalan. Stammen sine beiteområder strekte seg frå vest for Damaskus og heilt ned til Jauf. Nuri hadde som sagt òg sverja lojalitet til franskmennene, Abdullah og Ibn Saud. Frankrike hadde avtalt med Storbritannia om ikkje å gripe inn sør for Sykes-Picot-lina som delte fransk og britisk sfære. Britane ynskte heller ikkje at dei skulle gjere det, men samstundes fråskreiv britane seg då fransk hjelp mot wahhabiane. Problemet til Ruwala-stammen var at dei hadde mange å tilfredsstille. Frankrike kontrollerte sommararbeidet, Ibn

konsulatet. Ibn Saud sin representant gjorde likevel som oftast det britane sa han skulle gjere, men han hadde ofte direkte kontakt med franske styresmakter, noko britane prøvde å unngå. (FO 371/10816: Smart til Austen Chamberlain, utanriksminister, 15. april 1925)

²³⁵ FO 684/1: Smart til MacDonald, 19.mars 1924; FO 686/22: CO (R. V. Vernon) til Clayton, 10. september 1925

²³⁶ FO 684/1: Smart til MacDonald, 19.mars 1924

²³⁷ FO 684/3: Austen Chamberlain, utanriksminister, sitert i brev til konsulatet i Damaskus, 1. april 1926

²³⁸ Den britiske agenten i Jidda hadde tidlegare uttrykk i 1922 uro for å kutte subsidiane til Ibn Saud: «To threaten him with a stoppage of his subsidy before he has taken any action to justify recourse for such a measure, [...] would be straining his friendship to the breaking point, and might have the effect of throwing him into the arms of the French who are only too anxious to welcome him to their bosom.» (FO 686/19: British Agent, Jidda, til major W. E. Marshall, 22. juni 1922)

²³⁹ FO 684/1: J.R. Vaughan-Russell, fungerande konsul, til MacDonald, 5. september 1924

Saud vinterbeitet og Storbritannia/Abdullah vegen mellom desse. Stammen delte seg dimed òg opp der delar av den gjekk over til Ibn Saud, samstundes som andre delar framleis kravde skatt frå nejdiske handelskaravanar.²⁴⁰

Ein annan grunn for at britane ynskte å kontrollere Ibn Saud sine aktivitetar i Damaskus var mellom anna smugling av våpen, ammunisjon og soldatar frå Syria til Nejd gjennom Wadi Sirhan. Ibn Saud sin representant skal ha byrja å leite etter militære instruktørar som kunne reise til Nejd for å trene wahhabiske troppar. Nokre egyptiske offiserar skal òg ha reist til Nejd via Akaba. Korrespondansen ved dette konsulatet viser at mykje av informasjonen britane støtta seg på var andrehands-informasjon sidan dei hadde svært få, om ingen representantar i sjølve ørkenen, men dette er dei sjølv klar over.²⁴¹

Etter konferansen

Henry Dobbs, den dåverande høgkommissæren i Irak, meinte at mykje av grunnen til at Kuwait-konferansen feila var eit stort Ikhwan-raid inn i Irak den 14. mars der 186 personar, menn, kvinner og born, vart drepne og 26.000 sauer og 3.700 esel vart stolne. Dobbs skriv at «[t]his aroused such indignation in Iraq that the conference had to be adandoned»,²⁴² men han siktar sannsynlegvis til Irak si deltaking snarare enn konferansen i seg sjølv sidan. Konferansen rann likevel ut i sanden den neste månaden.

Sidan konferansen ikkje løyste noko grunnleggande gjekk britane gjennom og analyserte den for å sjå kva som gjekk gale og korleis situasjonen no kanskje kom til å utvikle seg. Dei såg spesielt på haldninga og situasjonen til Ibn Saud, som dei no frykta kom til å gå til åtak på Hijaz. I eit brev datert 24. mai 1924 til den britiske politiske residenten i Persiabukta, går Clive Kirkpatrick Daly, den politiske agenten i Bahrain (1921-1926), gjennom fara for eit saudisk åtak på Hijaz.²⁴³

Daly skriv at Ibn Saud hadde vorte haldt attende av mangelen på eit godt påskot, frykt for å miste subsidiane sine og uro for britane sin reaksjon på ein eventuell invasjon. Situasjonen i mai 1924 var derimot at Ibn Saud hadde nettopp mista subsidiane sine og fått eit gullkanta påskot for å invadere Hijaz då Hussein erklærte seg sjølv som kalif. Forholdet mellom Hussein og Storbritannia hadde i

²⁴⁰ FO 684/2: Smart til Dobbs, Høgkommissær Irak, 4. juni 1925

²⁴¹ FO 686/21: Vaughan-Russell til MacDonald, 3. september 1924: Vaughan-Russell skriv mellom anna at det skal ha vore sendt heile «8000-10000 rounds of ammunition [...] [in] the middle of August from Damascus to Nejd by camel Caravan.»

²⁴² Henry Dobbs i *Letters of Gertrude Bell*, s. 442

²⁴³ FO 686/20: Clive Kirkpatrick Daly, Political Agent Bahrain, til A. P. Trevor, Political Resident in the Persian Gulf, 24. mai 1924

tillegg forverra seg under Kuwait-konferansen, noko Daly meiner Ibn Saud hadde håpa på. Han sår tvil om Ibn Saud faktisk hadde som intensjon å kome fram til ei løysing, og hevdar at Ibn Saud sendte ein delegasjon slik at det ville sjå ut som om han ynskte fred.²⁴⁴

Ibn Saud skal, i følgje Daly, ha vore fornøgd med at Hussein først nekta å sende sonen sin til konferansen. Han kunne på den måten bruke det mot Hussein og med det øydelegge litt av forholdet mellom Storbritannia og sharifen. Daly meiner at Ibn Saud ynskte at konferansen skulle feile på ein slik måte at han kunne skulde på dei andre delegasjonane, og då spesielt Hussein, og bruke det som ei orsaking for framtidige handlingar. Ibn Saud fekk dimed eit lite problem då Hussein faktisk ville sende sonen sin:

He was forced to put himself in the wrong in not sending his son, when subsequently Hussain agreed to send Amir Zaid, for had he sent him and had the discussions been confined to only the two of them, it would have been extremely difficult for him to avoid making peace without exposing his hand.²⁴⁵

Med tanke på dei ekstremt kravstore instruksjonane Zaid ville fått med seg frå Hussein, er det usannsynleg at Ibn Saud hadde avslørt intensjonane sine, men dette kunne ikkje han vite sidan han ikkje kjende til Zaid sine instruksjonar.²⁴⁶ Daly hevda vidare at den einaste grunnen til at Ibn Saud ikkje allereie hadde invadert grunna at det ikkje var rette sesongen for Ikhwan, som måtte vente på haustregnet.²⁴⁷

I may be unduly pessimistic but I think that all these efforts are to prepare the scene for hostilities in the autumn, when Bin Saud will excuse himself on the ground that he could not control his subjects and his own position would be so precarious if he refused to go to war, that he had no recourse but to do so, witness the complaints written to Government by his subjects, without his knowledge!²⁴⁸

Daly spesifiserer at alt dette er hans personlege syn basert på det inntrykket han har fått av Ibn Saud etter at subsidiane vart stogga og frå fleire samtalar med «Arabs, who may, or may not, know what they are talking about.»²⁴⁹ Daly hadde i stor grad rett i analysen av Ibn Saud og i slutten av august sendte Ibn Saud styrkane sine inn i Hijaz.

²⁴⁴ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924

²⁴⁵ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924

²⁴⁶ AIR 5/332: Knox til Thomas, 30. mars 1924

²⁴⁷ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924

²⁴⁸ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924

²⁴⁹ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924

5. EI MELLOMBELS LØYSING

Problemet rundt Transjordan sine søraustlege grenser nådde eit kritisk punkt i perioden like etter Kuwait-konferansen. Perioden fram til, og under konferansen, for det meste hadde vore prega av eit britisk ynske om ei fast moderne grenser. På grunn av dette hadde ikkje britane seriøst tatt opp spørsmålet om Akaba og Maan med Hussein og hadde for det meste berre nemnd det indirekte. I Wadi Sirhan herska det eit slags status quo mellom Transjordan og Nejd der området mellom Kaf og Jauf var redusert til eit ingenmannsland der Ibn Saud og wahhabismen sakte vann fram.

I perioden august 1924 og fram til desember 1925 fann det stad ei utvikling som tvang fram ei løysing av grenseproblemet, både i Wadi Sirhan og i Maan-distriktet. Denne utviklinga førte til at britane var nøydde til å gløyme tolmodet dei mellom anna hadde hatt med Hussein om Maan-distriktet, og med dei erfaringane dei hadde gjort seg i Kuwait innsåg dei raskt at dei måtte gripe fastare inn enn berre å legge til rette for forhandlingar. Britane måtte sjølv stille krav og sørge for at desse vart akseptert.

During the time of Abdullah [mars 1921 - august 1924] it did not really matter where the frontier was, but it has now become a question of considerable importance, and it is a question also of considerable difficulty.²⁵⁰

KRIGEN OM DEI HEILAGE BYANE OG BRITISK NØYTRALITET, 1924-1927

Åtaket på Hijaz kom ikkje som ei overrasking på britane, dei hadde venta dette heilt sidan konferansen i Kuwait vart avslutta. Fleire av britane i regionen hadde spådd ein krig mellom Nejd og Hijaz ei god stund før konferansen i det heile var ferdig. Mykje av skulda for dette la britane på Hussein og viste til at han hadde nekta å sende representantar og dimed sjølv kasta bort sjansen for fred.²⁵¹

Påskotet Ibn Saud brukte var Hussein si erklæring som kalif og det at han i fleire år hadde nekta folk frå Nejd å gjennomføre *hajj*, pilegrimsferda til Mekka. Det var dimed på religiøst grunnlag Ibn Saud erklærte krig, sjølv om dette sannsynlegvis ikkje var hovudgrunnen. Britane delte synet til Ibn

²⁵⁰ FO 686/78: Lord Raglan under ein debatt i Overhuset, 4. mars 1925; «time of Abdullah» er perioden frå mars 1921 og fram til august 1924 då britane tving han til å skrive under eit ultimatum.

²⁵¹ FO 686/20: Trevor til Duke of Devonshire, koloniminister, 12. januar 1924; Trevor meiner at grunnen til eit eventuelt åtak vil vere at Hussein nekta å sende delegatar; sjå òg tidlegare sitat der FO ber Bullard om å minne Hussein om konferansen dersom Ibn Saud gjekk til åtak.

Saud og såg på krigen som ei religiøs konflikt dei ikkje hadde nokon intensjonar om å blande seg inn i, og erklærte seg nøytrale. Dei ville berre gripe inn dersom både partane ba eksplisitt om det, noko som var lite sannsynleg.²⁵²

Like etter krigen var både dei britiske styresmaktene i Kairo og India einige om at dei ikkje skulle bli involvert i interne arabiske affærar. Britane hadde i tillegg ein tradisjonell politikk om å ikkje blande seg inn i religiøse saker og dei hadde tidlegare erklært seg nøytrale under den fyrste konflikten mellom Nejd og Hijaz rett etter fyrste verdskrig. Denne politikken gjaldt spesielt for Hijaz sidan britane frykta fiendtlege reaksjonar i den muslimske verda dersom dei greip inn, sjølv om dei skulle ha brukt muslimske soldatar. Krigen som braut ut nå var i tillegg ein krig mellom to britiske allierte, til tross for at britane hadde prøvd å tone ned forholdet ved å avslutte subsidiane til både Ibn Saud si makt hadde derimot vokse kraftig sidan samanstøytane fem år tidlegare medan Hussein si hadde krympa saman med omdømet hans. Ibn Saud hadde, slik Daly tolka han, rett i analysen om at Storbritannia no ville vere mindre viljuge til å stille seg bak han i ei ny konflikt.²⁵³

Britane hadde lenge vore frustrerte over Hussein, og dette kom godt til syne under krigen mellom han og Ibn Saud. Allereie i 1922 var britane misnøgde med korleis Hussein styrde kongedømet sitt og handterte *hajj*. Dei mislikte òg det dei kalla for hans kompromisslause haldning, spesielt i forhold til uviljen mot å inngå ein skriftleg avtale med dei, slik både Abdullah og Feisal hadde gjort.²⁵⁴ Synet på Ibn Saud, som allereie hadde ein traktat med britane, var derimot eit anna:

Ibn Saud has on the whole behaved well and has shown loyalty to His Majesty's Government. Moreover, of the chieftains in Arabia he alone has shown signs of statesmanship.²⁵⁵

Den 29. august sendte Ibn Saud styrkane sine inn i Hijaz. Styrkane gjekk fyrst til åtak på Taif, der Ali, sonen til Hussein, venta med ei hijazisk styrke. Ali fekk lite hjelp frå lokale stammar og vart tvungen til å trekke seg attende. Taif vart dimed plyndra i tre dagar og fleire av innbyggjarane vart massakrerte før ein høgareståande wahhabi-leiar fekk stogga drepinga.²⁵⁶ Etter denne massakren ba Hussein britane om hjelp og minna dei om hjelpa han gav dei under krigen. Abdullah og Feisal

²⁵² FO 686/21: Bullard til Hussein, 29. september 1924; Oliphant, departementsråd FO, til konsulatet i Jidda, med vedlegg «Wahabi attack on Hejaz. Attitude of His Majesty's Government», 6. oktober 1924; Leatherdale 1983, s. 37-40; Baker 1979, s. 200-201: Baker nemner at Ibn Saud var uroleg for korleis ørkenstyrkane hans ville kjempe i fjellområda i Hijaz.

²⁵³ FO 686/20: Daly til Trevor, 24. mai 1924; FO 686/21: Oliphant, FO, til konsulatet i Jidda, 6. oktober 1924; Busch 1971, s. 260; Leatherdale 1983, s. 37-40

²⁵⁴ FO 686/19: British Agent, Jidda, til major W. E. Marshall, 22. juni 1922; Wilson 1987, s. 88

²⁵⁵ FO 686/19: British Agent, Jidda, til major W. E. Marshall, 22. juni 1922

²⁵⁶ Fleire britiske indarar vart drepne i denne massakren, noko som førte til at britane, saman med andre land, sendte ei åtvaring til Ibn Saud om ikkje å angripe deira statsborgarar.

pressa òg på for at britane skulle hindre wahhabiane i å erobre Hijaz, og baa trua med å sende støtte til faren dersom britane nekta å hjelpe. Britane ville framleis ikkje gripe inn.²⁵⁷

Dei wahhabiske styrkane nærma seg raskt Mekka og Bullard, den britiske agenten i Jidda, fekk høyre at den hijaziske hæren nesten var forsvunne og at hærsjefen meinte at Mekka ville falle i løpet av to til tre dagar. Det var visstnok heller ingen i hovudstaden som ynskte å kjempe i tillegg til at stammene var likegyldige.²⁵⁸ Britane frykta at styresmaktene i Hijaz ville kollapse.²⁵⁹ Bullard rapporterte vidare at wahhabiane kunne tatt Mekka utan mykje kamp og vorte velkomne av innbyggjarane, sjølv om massakren i Taif hadde minska entusiasmen. Han skriv vidare om demoraliserte troppar, lite håp om hjelp frå stammene, våpenmangel og det at Ali var ein lite inspirerande hærførar.²⁶⁰ Bullard legg til:

General opinion continues to be that if King Hussein were removed Hejaz could come to terms with enemy more easily but action to this end is not likely to be taken.²⁶¹

Hussein, kong Ali, og spørsmålet om Akaba, 1924-1925

I lys av Ibn Saud sin raske framgang pressa notabilitetar i Mekka og Jidda Hussein til å abdisere kongetrona 3. oktober 1924 og overlate den til sonen Ali. Ali var i sterk tvil, men godtok trona. Kalifatet vart derimot ikkje nemnd og Ali tok berre over kongedømet Hijaz.²⁶² Samstundes med abdikasjonen sendte eliten i Mekka og Jidda eit brev til wahhabiane, som no stod like utanfor Mekka, der dei forneakta Hussein og ba om å forhandle. Den britiske agenten i Jidda rapporterte til London om at so lenge Hussein vart verande i Hijaz ville Ali forbli ein «nonentity».²⁶³ Ibn Saud var derimot ikkje positiv til Ali som konge, og denne meldinga oppsummerer haldninga hans under heile krigen²⁶⁴:

²⁵⁷ FO 686/21: Sadaqa, utanriksminister Hijaz, til Bullard, 3. september 1924; Abdullah til Samuel 11. september 1924; Dobbs til Bullard, 7. november 1924; Troeller 1976, s. 216-219; Al-Rasheed 2002, s. 46; Troeller siterer CO til FO, 23. september 1924: «It is in the opinion of the Secretary of State [koloniministeren], out of the question that H.M.G. Should in any case embark upon hostile action against Ibn Sa'ud, whether direct or indirect, in defence of the Holy Places.»

²⁵⁸ FO 686/21: Bullard til FO, 8. september 1924: Bullard hadde denne informasjonen frå «the Sudan notable Sharif Yusuf Hindi who has come from Mecca»

²⁵⁹ FO 686/21: Bullard til FO, 10. september 1924

²⁶⁰ FO 686/21: Bullard til FO, 17. september 1924: Ali gjennomførte eit kort felttog (19.-25. september) for å ta Taif attende, men han lukkast ikkje (Bullard til FO, 20. og 25. september 1924)

²⁶¹ FO 686/21: Bullard til FO, 17. september 1924

²⁶² FO 686/21: Bullard til FO, 3. og 4. oktober 1924: Det var «notables of Mecca» og «leading men of Jeddah» som overtalte Hussein.

²⁶³ FO 686/21: Bullard, til FO, 8. oktober 1924: I eit telegram frå Ali til Bullard 10. oktober, skriv Ali at wahhabiane fengsla utsendingane deira og reiv sund breva.

²⁶⁴ FO 686/21: Ibn Saud til «Their Excellences the Consuls of the Great Powers in Jeddah», 21. november 1924

We will never make peace as long as El Husein and his sons are rulers in Hedjaz.²⁶⁵

Den 14. oktober reiste Hussein frå Hijaz og drog til Akaba. Abdullah hadde bedt britane om ikkje å nekte Hussein asyl i Transjordan.²⁶⁶ Hussein kom til Akaba 17. oktober der britane informerte han om at dei ikkje ville protestere mot at han vart i Akaba fram til dei vart samde om ein «future residence». Britane hadde vore urolege for at Hussein ville dra til Abdullah i Amman, men det var det no liten sjanse for.²⁶⁷

Akaba sin status var no noko usikker sidan Hussein såg på området som innanfor Hijaz, medan britane samstundes hadde erklært at området tilhørde Transjordan. Britane hadde derimot ikkje gjort noko som helst for fysisk å legge Maan-distriktet under transjordansk administrasjon og området vart framleis administrert av Hijaz.

In sum, His Majesty's Government have defined an area as Transjordan territory, while at the same time taking no steps to extend Transjordan authority over it. Simultaneously with this, they have warned Ibn Saud that the defined area is Transjordan territory, and that he must not encroach on it.²⁶⁸

I juli-august 1924 hadde britane vore viljuge til å forhandle om grensa mellom Transjordan og Hijaz, som dei meinte gjekk til «a point south of the town of Maan on the Hejaz railway». Dei såg òg helst at Transjordan skulle ha tilgang til havet «in the neighbourhood of Akaba». Til Hussein sa dei òg at dei ikkje kunne godta at hans krav om å involvere seg direkte «with the administration of any portion of the territory of Trans-Jordan for which His Majesty's Government are responsible under the mandate for Palestine». Hussein sin utanriksminister svara derimot negativt og la til at diskusjonen om kven som eigde Akaba var som å diskutere grensene mellom dei to heilage byane.²⁶⁹

Britane kom ingen veg med Hussein og rett etter at han abdiserte prøvde dei å få til forhandlingar mellom Ali og Abdullah om kvar grensa skal gå.²⁷⁰ Abdullah ynskte å gjennomføre forhandlingane,

²⁶⁵ FO 686/21: «Message from the Sultan of Nejd's Secretary at Bahrain to the President Islam Committee, Jeddah, rundt 25. oktober 1924: meldinga held fram: «Nejd doesn't want be ruler of Hedjaz. We leave Holy Places to the opinion of Islam when Husein and his sons are out of Hedjaz.»: Ibn Saud sendte òg eit brev til innbyggjarane i Mekka og Jidda der han greie ut om politikken sin.(FO 686/21: Ibn Saud til Mekka og Jidda, 3. november 1924)

²⁶⁶ FO 686/130: Bullard til FO, 15. oktober 1924; Samuel til Bullard, 14. oktober 1924

²⁶⁷ FO 686/130: A. L. Kirkbride, assisterande CBR, til Storrs, 28. oktober 1924: Kirkbride: «I think there is no danger of ex-King Husain attempting to come to Amman against the wishes of His Majesty's Government and Abdullah has accepted the inevitable and is sending tents to Akaba for his father to live in.»

²⁶⁸ «Memo on general question of Akaba», 22. mai 1925 (*ABD*: bind 7, s. 361)

²⁶⁹ Rapport om «British Claim to Akaba, Maan and Southern Trans-Jordan», 7. juli 1925, (*ABD*: bind 7 s. 374-375)

²⁷⁰ FO 686/21: FO til Bullard, 20. oktober 1924: Bullard blir bedt om å informere Ali om at britane er viljuge til å legge til rette for forhandlingar mellom han og Abdullah om umiddelbart å definere den eksakte grensa mellom Transjordan og Hijaz, men berre dersom denne kryssar Hijazbana ved Mudawara og at Transjordan fekk Akaba.

medan Ali var uroleg for internasjonale reaksjonar dersom han gav frå seg det han såg på som *waqf*. Hijaz hadde i tillegg brukt store summar på å administrere Akaba og Maan. Ali argumenterte for at Medina ville bli isolert dersom Hijaz miste Akaba.²⁷¹ Krigen med Ibn Saud gjorde det òg svært vanskeleg for Abdullah å dra til Jidda for å forhandle. Hussein si abdisering hadde nemleg oppmuntra Ibn Saud til å gå mot Mekka, som han erobra den 5. desember. Månaden etter, i januar 1925, kringsette styrkane hans Jidda.²⁷² Ibn Saud sine sigrande styrkar tvang britane til å handle raskt. Til tross for britane sine forsøk på å få til forhandlingar, vart dei aldri noko av og i april 1925 såg britane inga anna løysing enn å annektere Maan-distriktet.²⁷³

But the advance of Ibn Saud put an end to this policy of patience and it became necessary to consider the defence of Transjordan and Palestine against invasion by the Wahabi troops. The strategic frontier required for this purpose had to include both Maan and Akaba.²⁷⁴

For britane var det no klårt at hashemiane si tid i Hijaz var over. David Hogarth oppsummerte posisjonen britane var i våren 1925:

Sooner or later we knew that the Hejaz must go under for a while; and since Great Britain could not hope to control the Akhwan movement by any means, of which the stake involved would justify employment, the only practical thing to try was, if possible, to slow down the process and postpone ebullition, until the fate of the Hejaz should no longer be bound up with our own so intimately as in the War. To this end certain measures were taken to render Ibn Saud specially dependent upon Great Britain's good-will. These measures could be effective only for a time; but they promised to suffice, in co-operation with his personal sagacity and by no means elementary sense of statesmanship.²⁷⁵

Annekteringa av Akaba og Maan

Medan Hussein var i Akaba brukte han tida til å organisere motstand mot Ibn Saud. Hussein sendte både pengar og styrkar via Akaba og sørover Hijaz.²⁷⁶ Akaba var i faresonen for eit åtak frå Ibn Saud, sjølv om britane hadde åtvvara han mot å nærme seg området dei no såg på som sitt:

²⁷¹ FO 686/22: Bullard til FO, 30. mai 1925; Hijaz la til dei ikkje var i stand til å stå imot dersom britane faktisk bestemte seg for å ta over Maan-distriktet. (Brev frå Jidda, svar på brev til Hussein, 29. mai 1925)

²⁷² Al-Rasheed 2002, s. 46

²⁷³ AIR 5/397: Amery til Samuel, 20. april 1925: Koloniminister Amery legg fram ein plan for å løyse problemet rundt Ibn Saud sitt syn på Maan som ein del av Hijaz og spørsmålet rundt britisk nøytralitet. Fyrste steg er å etablere transjordansk autoritet i Maan sør til Mudawara og so invitere Ibn Saud til ein konferanse der han skal akseptere dette.

²⁷⁴ FO 371/24584: FO Eastern Dep. Memorandum, 12. januar 1940

²⁷⁵ Hogarth, D. G., 1925. «Wahhabism and British Interests» i *Journal of the British Institute of International Affairs*, Mars, s. 71

²⁷⁶ FO 686/22: Bullard til FO, 20. mai 1925

In view of the fact that this area is to all intents and purposes administrated by the Hedjaz, and that Ibn Saud is at war against the Hedjaz, there would be nothing abnormal in his occupying Akaba and Maan as part of his present operations if it were not for the fact that he has been told that such an act will be regarded as an act of aggression against Trans-Jordan.²⁷⁷

Storbritannia hadde fram til no vore tilbakehaldne med å legge Maan-distriktet under Transjordan. I februar kom det fram under ein interdepartemental konferanse at britane meinte at ein eventuell okkupasjon av Maan kunne medføre store økonomiske forpliktingar og ansvar i tillegg til «a considerable extension of military commitments». Dette var i tråd med den dåverande sparepolitikken britane førte etter fyrste verdskrig. Britane ville òg hindre at hijaziske styrkar søkte tilflukt i Transjordan, men konferansen konkluderte med at tida enno ikkje var gunstig til å definere grensene eller inkorporere Maan i Transjordan.²⁷⁸

I eit brev til britane i mai 1925 legg Ibn Saud all skuld på Hussein for at krigen mellom Nejd og Hijaz held fram og strekar under at han ikkje lenger kan tolerere at Hussein sitt i Akaba og støttar Jidda med menn, våpen, forsyningar og pengar.

I have to inform you that we have therefore decided to take a new step which will be most influential in its effect, wide in its scope, and powerful in its result.²⁷⁹

Ibn Saud åtvarar dinest britane om han har gjeve ordre om å sende store styrkar mot Akaba for å fjerne Hussein.²⁸⁰ Etter ein del internt diskusjon, avgjorde britane at Hussein måtte vekk frå Akaba. Herbert Samuel konkluderte med at Hussein sitt opphald i Akaba ikkje var i samsvar med nøytralitetspolitikken til Transjordan.²⁸¹ Den 27. mai informerte britane Hussein om at Ibn Saud hadde sendt styrkar mot Akaba grunna hans nærvær. Dei informerte han samstundes om at dei hadde sett i verk tiltak for å inkorporere Maan-distriktet i Transjordan og «inviterte» han til slutt til å reise frå Akaba. Britane gav Hussein eit tidsfrist på tre veker og var førebudde på å bruke makt

²⁷⁷ AIR 5/397: «Notes on Possible Wahabi Invasion into Trans-Jordan» av Luftstaben (Air Staff), 20. januar 1925

²⁷⁸ CAB 16/60: Committee of Imperial Defence: Report and Proceedings of Sub-Committee on the Situation in Akaba, 3-4. juni 1925: Til stade her var representantar frå CO, FO, AIR, WO og Admiralty (frå no av CAB 16/60): Kong Ali vart informert den 24. februar at han ikkje var velkomen til Transjordan dersom han måtte evakuere Jidda og ynskte å bruke Maan som base i krigen med Ibn Saud. Fire dagar seinare godtok Ali dette.

²⁷⁹ FO 686/78: Ibn Saud til Bullard, 14. mai 1925

²⁸⁰ FO 686/78: Ibn Saud til Bullard, 14. mai; Bullard til FO, 17. mai 1925: Bullard skriv i telegrammet til London at styrkane til Ibn Saud skal kome til Akaba om ei eller to veker. Desse styrkane dukkar ikkje opp innanfor denne tidsfrist, noko som skuldast at dei enten aldri vart sendt, og fungerte som skremselspropaganda frå Ibn Saud, eller at han ville vente på britane si reaksjon før han sendte dei. Bullard i Jidda kom 20. mai 1925 med kritikk til FO om at britane hadde let Hussein bruke Akaba som ein base mot Ibn Saud i fleire månadar etter at dei sjølv hadde åtvara han mot å angripe plassen. Bullard meinte at det var grunn til å tru at Ibn Saud gjekk til åtak på Akaba for å avslutte krigen utan å angripe Jidda, der det var fleire utlendingar og utanlandske interesser.

²⁸¹ FO 686/78: Samuel til Bullard, 26. mai 1925: Samuel uttrykke og uro for dei transjordanske beduinastammene som han meinte ville bli sterkt påverka av ein wahhabi-invasjon.

dersom ikkje Hussein drog friviljug.²⁸² Samstundes sendte dei ei kraftig åtvaring til Ibn Saud:

His Majesty's Government cannot allow Akhwan forces to violate frontier laid down and if Akhwan force attempts to enter Akaba His Majesty's Government will inevitably be compelled to take such steps as are necessary to prevent or eject them.²⁸³

Britane informerte samstundes at dei hadde invitert Hussein vekk frå Akaba og at dei no var i ferd med å ta over Maan-distriktet, noko som dei la til ville fjerne alle moglege trugsmål frå området mot Nejd. Britane sette seinare ned ein interdepartemental komite 3-4. juni som konkluderte med at Ibn Saud sitt trugsmål mot Akaba hadde som mål å tvinge dei til å okkupere Maan-distriktet og dimed hindre at Hussein brukte det som ein base mot han. Om dei sendte Hussein bort ville ikkje Ibn Saud lenger ha noko ynske om å legge området under seg.²⁸⁴ Etter at Hussein hadde dratt ville britiske skip i Raudehavet ha oppsyn med Akaba, noko komiteen meinte var ville ha «a quietening influence on the local inhabitants and discourage Wahabi occupation of the town».²⁸⁵ Hussein var no gått frå å vere ei byrde til ein faktor som trua tryggleiken til Palestina og Transjordan.

I 1925 tok det lang tid før eit brev rakk fram til Ibn Saud. Det gjekk ein månad før britane fekk svar om at han hadde gjeve ordre om at styrkane på veg mot Akaba skulle stogge og han vona at ordrane hans ville nå fram til leiaren av styrkar før det var for seint.²⁸⁶

I midten av juni reiste Hussein i eksil til Kypros. Nokre dagar seinare, den 25. juni, drog Abdullah til Maan for å ta over administrasjonen og vart snart følgd seinare av to britiske offiserar og 100 soldatar frå Den arabiske legionen. Inkorporeringa av Maan-distriktet gjekk nesten

²⁸² FO 686/78: FO til Bullard, 27. mai 1925: Det var eigentleg to forskjellige tidsfristar, der den andre var at om wahhabiane dukka opp skulle Hussein «be got out of the way with the least possible delay by invitation if possible but if necessary by force». Dette ville vere siste utveg sidan maktbruk kunne «involve unfortunate complications» (CAB 16/60)

²⁸³ FO 686/78: FO til Bullard, 27. mai 1925: Bullard fekk tre telegram med instruksjonar same dag. Ein rapport frå Luftstaben, 20. januar 1925, skriv at britane ikkje hadde dei naudsynte styrkane i Palestina og Transjordan til å ta attende Maan dersom Ibn Saud bestemte seg for å okkupere staden. (AIR 5/397: Luftstabsrapport)

²⁸⁴ CAB 16/60: Britane visste enno ikkje kvar dei skulle sende Hussein. Britane hadde vurdert fleire stadar, men dersom ingen passande stadar vart funne før 17. juni skulle Hussein settast på ein båt «to some such place as Aden» og vente på ei endeleg avgjersle der.; FO 686/78: Bullard til FO, 30. mai 1925: Kong Ali poengterte i eit brev til Bullard etter han fekk vite om Hussein sin invitasjon at det alltid hadde vore intensjonen at faren skulle reise frå Akaba sidan det klimaet var dårleg for familien hans. Denne orsakinga er om lag den same Abdullah gav då han drog frå Maan til Amman i 1921; Samuel til Bullard, 29. mai 1925: Samuel syns Hussein fortente å bli tilbydd eit eksil grunna alt han hadde gjort for britane under krigen.

²⁸⁵ CA B 16/60: Komiteen meinte òg at dersom wahhabiane faktisk okkuperte landsbyen ville eit skip («a naval ship [...] by gunfire») vere nok til å tvinge dei ut.; FO 371/24584: FO Eastern Dep Memorandum, 12. januar 1940

²⁸⁶ FO 686/78: Ibn Saud til Bullard, 30. juni 1925; Brevet til Ibn Saud vart sendt 29. mai og kom fram 11. juni. Ibn Saud sitt svar vart sendt 16. juni og kom fram 30. juni. Sidan Ikhwan-styrkane aldri dukka opp i Akaba fekk sannsynlegvis hærføraren ordrane i tide. Britane fekk derimot fyrst nyss om at styrka var stogga gjennom eit intervju med Ibn Saud i avis i Mekka (FO 686/78: Bullard til FO, 23. juni 1925)

smertefritt og Abdullah vart godt mottatt av lokale leiarar. Den 30. juni var det berre Hijazbana som bydde på problem, men dette vart løyst i løpet av den neste månaden.²⁸⁷ Den britisk-transjordanske annekteringa av Maan vilayet førte derimot til litt forvirring hjå styresmaktene i London og i eit parlamentarisk spørsmål om kven som no hadde kontrollen over området svara koloniminister Leo Amery at:

His Majesty's Government have never regarded the town of Akaba as falling within the limits of the Hejaz, nor has its occupation by the Hejaz ever had their formal consent. [...] The Government of Trans-Jordan is taking steps to assert its authority over Akaba.²⁸⁸

Amery sin påstand er som vi har sett ei sanning med modifikasjonar. Formelt hadde britane aldri anerkjend Hijaz sin autoritet over Akaba og Maan, men dei hadde i over seks år ikkje utfordra Hijaz sin kontroll over området. I tillegg til dette hadde dei behandla området som om det var ein del av Hijaz. Døme på dette er mellom anna Abdullah si reise nordover i 1920-21. Britane stilte ingen spørsmål so lenge Abdullah haldt seg i Maan, men då han drog til Amman tok han steget inn i det britane då såg på som Transjordan. Sjølv om britane ikkje ville la Hussein halde fast på området, hadde dei heller ikkje gjeve uttrykk for det motsette. Dei hadde akseptert Hijaz sin administrasjon so lenge det lønna seg for dei å ikkje protestere.²⁸⁹

Usemla mellom utanriks- og kolonidepartementet

Spørsmålet om Maan-distriktet og fjerninga av Hussein utløyste ei usemla mellom utanriks- og kolonidepartementet. Britane såg på trugsmålet mot Akaba som so alvorleg at den britiske regjeringa sette ned ein komite for å løyse floka. Leatherdale skriv at dette var fyrste gong regjeringa (Cabinet) greip aktivt inn i forholdet mellom Storbritannia og Ibn Saud.²⁹⁰ Før hadde dette vore opp til det enkelte departement. Konflikten om Akaba og Maan var i hovudsak koloni- og luftforsvarsdepartementet sitt problem sidan det var dei som stod for administrasjonen og forsvaret av Transjordan, men grunna rolla Ibn Saud spelte ynskte utanriksdepartementet å ha eit ord med i

²⁸⁷ Co 733/95: Mac Ewen til Clayton om «Retrocession of Ma'an Vilayet», 30. juni 1925: Officer Adminstrating the Government of Palestine til Leo Amery, koloniminister, 16. juli 1925: Ei meir detaljert dag-for-dag oversikt over denne overtaking finn ein i CO 733/94: Palestine 8.-30. juni 1925.

²⁸⁸ FO 686/78: Parliamentary Question om Hijaz, Mr. Ponsonby til Mr. Amery, koloniminister, 24. juni 1925

²⁸⁹ Synspunktet til Amery vart debattert og utfordra internt hjå britane. Den britiske representanten i Transjordan, Henry Cox, skriv mellom anna i ein rapport at Akaba «has always been a part of the Hejaz», sjølv om han ynsker landsbyen innlemma i Transjordan. (AIR 5/397: H. Cox til Clayton om Transjordan sine grenser, 2. november 1924) Tidlegare representant Philby skriv i eit brev til redaktøren av The Times 25 juni 1925 at Maan-distriktet «have never, at any rate since the collapse of Fiasal's [sic] kingdom of Syria, been regarded as falling within any other country than the Hejaz.» Philby la til at Storbritannia hadde aldri administrert det som ein del av mandatområdet. (FO 371/10815 i Records: bind 2)

²⁹⁰ Leatherdale 1983, s. 44

saken.²⁹¹

Utanriksdepartementet hadde i stor grad stått på Hussein si side under og like etter fyrste verdenskrig, medan India-departementet hadde stått på Ibn Saud si side grunna hans og deira rolle i Persiabukta. Då britane forstod at Ibn Saud ville vinne krigen mot Hijaz skifta synet til utanriksdepartementet. Dei trong, slik David Hogarth gjer greie for over, Ibn Saud sin godvilje som den nye herskaren over dei heilage byane i islam. Langvarig krig i Hijaz såg dei på som svært problematisk grunna britiske muslimar og den årlege pilegrimsferda til Mekka. Ved å la Ibn Saud ta Akaba, ville ein framskande slutten på krigen grunna kvelartaket han ville få på forsyningslinene til Jidda og Medina. Slik ville de hauste godvilje hjå Ibn Saud og Hijaz ville bli stabilisert raskare.²⁹² Leatherdale skriv at haldninga til utanriksdepartementet i 1925 var ei «final and complete reversal» av standpunktet dei hadde hatt i nesten ti år. Noko av grunnen til dette var at koloni-departementet hadde tatt over «Britain's Hashemite policy» då dei fekk ansvaret for mandatområda i 1921.²⁹³ Ein annan grunn til denne haldninga kan kome av at den dåverande utanriksministeren, Austen Chamberlain, hadde vore minister for India samstundes som India-departementet på alvor tok kontakt med Ibn Saud (1915-1917).

Det er fleire årsaker til kvifor Hussein vart sopass upopulær både hjå britane og i den muslimske verda. Mary C. Wilson argumenterer for at Hussein, i motsetnad til sønene sine, ikkje hadde klart å gjennomføre ein vellukka overgang frå det gamle osmanske rammeverket systemet til den nye regionale ordenen som britane dominerte. Medan både Abdullah og Feisal hadde gjort dei naudsynte kompromissa og sikra seg kvart sitt kongedøme gjennom avtalar med britane, hadde Hussein, i følgje Wilson, aldri gjeve opp forsøka på å rettferdiggjere seg sjølv og legitimere opprøret han førte mot osmanarane. Det at Hussein nekta å inngå ein traktat med Storbritannia gjorde til at han mista kongedømet sidan britane dimed ikkje var pliktig til å gripe inn for å redde han.²⁹⁴ Haifa Alangari trekk fram det at Hussein miste mykje av den religiøse legitimiteten og autoriteten sin, både lokalt og internasjonalt, gjennom samarbeidet med ei kristen stormakt mot dei muslimske osmanarane. Denne legitimiteten undergrava han vidare ved si dårlege handtering av *hajj*, i tillegg til å nekte folk frå Nejd å gjennomføre den og ved til slutt å gjere krav på kalifatet. I 1924 var difor denne religiøse legitimiteten han tidlegare hadde hatt forsvunne nesten fullstendig.²⁹⁵

²⁹¹ Leatherdale 1983, s. 44-45

²⁹² FO 686/78: Bullard til FO, 20. mai 1925; Leatherdale 1983, s. 44-45

²⁹³ Leatherdale 1983, s. 46

²⁹⁴ Wilson 1987, s. 88; Hussein hadde lenge nekta å inngå ein avtale med britane fordi han meinte det ville medføre at han indirekte uttrykte samtykke til politikken om ein jødisk nasjonal heim som britane førte i Palestina.

²⁹⁵ Alangari 1998, s. 248

Kolonidepartementet sette, akkurat som utanriksdepartementet, spørsmålet om Akaba inn i ein større samanheng. Ved å la Ibn Saud ta Akaba ville wahhabiane dele grense med Palestina, ei grense som låg farleg nær Egypt. Kolonidepartementet såg dette nemleg som svært problematisk, Transjordan ville miste funksjon som ein buffer mot wahhabiane og dei såg føre seg at militære og økonomiske utgifter ville auke sidan ei slik grense sannsynlegvis ville føre til politisk ustabilitet og auka militært engasjement i Sinai og Palestina.²⁹⁶ Allereie tidleg i 1924 hadde dei konkluderte med at administrasjonen Transjordan, trass i sine negative sider, hadde redusert farane for seriøse beduinraid frå Transjordan i Palestina. Dette hadde igjen ført til at militære utgifter i Palestina hadde minska.²⁹⁷ Den nye høgkommisæren i Palestina, Lord Plumer,²⁹⁸ skildra seinare konsekvensane av å la Ibn Saud få Akaba:

In my opinion the practical results would be to establish a Wahabite centre which must prove a constant menace to public security in Transjordan and Southern Palestine as well as to (Egyptian) Sinai, and would further threaten the continuance of the Sherifial Amirate of Transjordan.²⁹⁹

Egypt og Akaba, 1925-1927

Sjølv om britane hadde annektert området heldt debatten mellom utanriksdepartement og kolonidepartementet fram. Britiske styresmakter hadde sidan fyrste verdskrig mislikt tanken på Akaba i framande og tvilsame hender. Ein av dei som la fram det beste argumentet mot å la Ibn Saud få Akaba-Maan var den britiske høgkommisæren i Egypt, Lord George Ambrose Lloyd.³⁰⁰

I tillegg til trugsmålet om ustabilitet i dei nærliggande områda til Akaba-Maan, meinte Lord Plumer ei slik overføring ville bli sett på som prov på «British military weakness». Ringverknadane av eit slikt teikn på veikskap kunne vere at det oppmuntra til auka motstand mot britane andre stadar i verda og dimed hjelpe til å destabilisere elles rolege koloniar, spesielt India.³⁰¹

Lord Lloyd oppsummerte i sitt brev til utanriksminister Chamberlain 31. desember 1926 mykje av uroa britane hadde for Ibn Saud. Han samanliknar mellom anna Det osmanske riket og den

²⁹⁶ CO 733/134/4: Lord Lloyd, høgkommisær i Egypt, til Chamberlain, 31. desember 1926

²⁹⁷ FO 141/440/4: Clayton til Samuel, memorandum om situasjonen i Transjordan, 1. februar 1924: Om korleis situasjonen var før Abdullah skriv Clayton dette: «Formerly, there was constant danger of incursions by Bedouin tribes, and on one occassion a raid of very serious proportions necessitated the employment of considerable police and military forces.»

²⁹⁸ Lord Plumer tok over som høgkommisær for Herbert Samuel i august 1925 og sat fram til august 1928.

²⁹⁹ CO 733/134/4: Lord Plumer til Amery, 7. februar 1927

³⁰⁰ Lord Lloyd tok over som høgkommisær for Lord Allenby den 26. mai 1925, same tid som Transjordan annekterte Akaba og Maan. Han var høgkommisær fram til august 1929.

³⁰¹ CO 733/134/4: Lord Lloyd til Chamberlain, 31. desember 1926

seinare saudiske administrasjonen i Hijaz. Det osmanske riket hadde, i følgje Lloyd, vore ei tilgjengeleg og relativt organisert statsmakt som var sårbart, medgjærleg og føyeleg for diplomatisk press. Den saudiske styresmakta som hadde tatt over i Hijaz var i følgje Lloyd ein svak institusjon og makta Ibn Saud hadde over undersåttane sine var avgrensa og det var langt frå sikkert kor mykje han kunne kontrollere dei og hindre dei i å lage trøbbel langs den egyptiske grensa i Sinai.

If the Ruler of the Hedjaz himself were to encourage encroachments, diplomatic pressure on a desert monarch whose capital is Mecca might be difficult. Pressure stronger than diplomatic might be less easy to apply to a relatively inaccessible and sacred Hedjaz than to the exposed and vulnerable Turkey of Hamidian days.³⁰²

Høgkommissæren var i tillegg bekymra for britane sitt spelerom i Egypt etter at landet vart sjølvstendig i 1922. Med egyptisk sjølvstende var det vanskelegare for britane å gjere slik dei ville i Sinai i motsetnad til korleis det var under grenseproblema mot osmanarane i 1906. Britane kunne berre styrke kontrollen over Sinai ved å gå mot si eiga sjølvstendeerklæring frå februar 1922.³⁰³

Det Lord Lloyd frykta var eit trugsmål mot den britiske kontrollen over Sinai-halvøya. Han skriv at ein unngjekk eit slik trugsmål sidan den andre sida av grensa òg var kontrollert av Storbritannia gjennom mandata. Denne tryggleiken ville derimot forsvinne dersom Ibn Saud sitt rike kom til å dele grense med Egypt via Maan og Akaba. Lloyd frykta både våpentrafikk og samarbeid mellom det han kalla ekstremistar, og han viste mellom anna til det nasjonalistiske Wafd-partiet i Egypt si vennlege haldning til Ibn Saud.³⁰⁴

Therefore by taking up a firm attitude now and refusing to cede to Ibn Saud territories which he has never held – territories we already hold and have held with his acquiescence – we shall probably save ourselves much diplomatic trouble in the future and obviate the unfavourable moral effect of such a surrender in neighbouring Muslim countries including Egypt.³⁰⁵

Det var til slutt kolonidepartementet som vann gjennom, sjølv om Amery mislikte måten Hussein hadde vorte kasta ut på. Då britane gjennom Abdullah tok over Maan-distriktet i perioden mai-juli 1925 etablerte dei einsidig Transjordan si sørlege grense. Den vart både problematisk og omstridt, men den vart likevel ståande uendra gjennom 40 år. Med denne grensa mangla britane berre ei grense i Wadi Sirhan for å ha etablert ei samanhengande grense frå Raudehavet til Persiabukta.

³⁰² CO 733/134/4: Lloyd til Chamberlain, 31. desember 1926

³⁰³ CO 733/134/4: Lloyd til Chamberlain, 31. desember 1926

³⁰⁴ CO 733/134/4: Lloyd til Chamberlain, 31. desember 1926; Wafd var eit nasjonalistisk parti i Egypt som kjempa for egyptisk sjølvstende frå Storbritannia. Forma etter fredskonferansen i Paris i 1919 og vart raskt ein dominerande politisk organisasjon og sat til tider med regjeringsmakt.

³⁰⁵ CO 733/134/4: Lloyd til Chamberlain, 31. desember 1926

MELLOMBELS LØYSING I WADI SIRHAN, 1924-1925

I Wadi Sirhan hadde det mellom Abdullah sin okkupasjon av Kaf hausten 1922 og fram til sommaren 1924 eksistert ein slags status quo mellom Ibn Saud og Transjordan i området. Trass i fleire stammeraid, i tillegg til ein del åtak på Kaf, var det i perioden ingen store raid nær Amman slik ein hadde sett i august 1922. Det var likevel uroleg i utkantane og britane heldt fram med bruken av rekognoseringsfly.

I mai 1924 vart det rapportert om at ein stor Ikhwan-styrke hadde reist mot Jauf. Clive Kirkpatrick Daly, agenten i Bahrain, meinte at ein difor ein kunne vente kampar med transjordanske stammar om kort tid dersom denne informasjonen var sann.³⁰⁶ Daly fekk rett og den 14. august 1924 gjekk likevel ein stor wahhabistyrke tidleg om morgonen til åtak på to landsbyar i Transjordan. Dette var dei same to landsbyane som var angripne nøyaktig to år tidlegare. Raidet hadde i tillegg mange likskapar med 1922-raidet, men det var avgjerande skilnader.

Styrken var i 1924 betre førebudd og mykje større. Den var opphavleg på nesten 5.000 mann og hadde reist utanom Hail, Jauf og Kaf for å unngå å bli oppdaga, og like før åtaket øydela dei telegraflinene. Dagen før åtaket delte styrken seg i tre delar og gjekk mot mellom anna Umm al-Amad og Tunaib. Britane var derimot betre førebudd og meir på vakt enn i 1922 sidan det no var ei konstant fare for raid i tillegg til fleire rapportar om store wahhabistyrkar i grenseområdet i Wadi Sirhan.³⁰⁷ Reaksjonen mot åtaket var både betre organisert og slagkraftig. Britane sendte opp tre fly som gjekk til åtak på wahhabiane nær Tunaib. Etter fem minutt la wahhabiane på flukt, men britane hadde tre panserbilar i nærleiken som vart sendt mot wahhabistyrken. Både fly og panserbilar var seinare sendt mot dei to andre kolonnane. Bani Sakhr-stammen var omringa av wahhabiar og nesten slått då dei britiske styrkane dukka opp. I følgje britiske rapportar miste wahhabiane so mange som 500-700 av til saman 3.000 mann, i tillegg til mange kamelar. 121 sivile (bønder og stammefolk) vart drepne saman med 13 soldatar frå den arabiske legionen. Britane mista ein offiser, medan to andre vart skadd.³⁰⁸ Wahhabiane miste i tillegg bytte og britane konkluderte med at «the raid was in every respect a most unprofitable one from their point of view».³⁰⁹ Delar av styrken som overlevde

³⁰⁶ FO 686/20: Rapport om situasjonen i Nejd av Daly, 22. mai 1924

³⁰⁷ Ein av desse rapportar er frå juni 1924 der Cox skriv om frykt for ei 1000 mann stor wahhabistyrke i Wadi Sirhan som visstnok skulle hemne seg på raid frå Huwaitat-stammen. Britane sendte ut eit rekognoseringsfly. (CO 733/71: Månadsrapport for Juni 1924 av Cox)

³⁰⁸ CO 733/72: Kirkbride til H. Cox, 17. august; H. Cox til Clayton, 18. august, MacEwen, Group Captain, til AOC, Palestina, 16. august 1924; CO 733/73: Peake til H. Cox, 26. august 1924: Raidet følgde i stor grad same mønster som 1922, og det var ein lastebil på veg sørover som denne gangen òg oppdaga åtaket (05:45). Lastebilen meldte frå til RAF, som sendte ut eit fly.

³⁰⁹ CO 733/72: Kirkbride til H. Cox, 17. august 1924

skal ha reist mot Maan og dinest vidare.³¹⁰

Britane slo fast at målet til styrken var sjølve Amman. Britane meinte at dei hadde oppdaga den medan wahhabiane omorganiserte seg, noko som førte til panikk då flya byrja bombinga. Dette luftåttaket var visstnok uventa, noko som kan forklarast ved at fleire av dei som vart tatt til fange hevda at Ibn Saud hadde lova dei at britane ikkje ville angripe.³¹¹

Medan det i 1922 var tvil om det var Ibn Saud som stod bak raidet, herska det ingen tvil i 1924. Henry Cox konkluderte med at eit sopass stort åtak umogleg kunne vorte utført utan at Ibn Saud kjende til det. Raidet var ein del av Ibn Saud si førebuing på invasjonen av Hijaz og fungerte både som ei avleiing og som ei åtvaring til Abdullah mot å involvere seg i Hijaz. Det vart òg sendt ei liknande avleiingsstyrke mot Irak.³¹²

Britane sendte ein skarpt protest til Ibn Saud om raidet, men svaret frå Ibn Saud kom ikkje før i oktober. Han protesterte mot at Storbritannia hadde blanda seg inn i det han såg på som interne stammekonfliktar. Raidet hadde vore eit svar på transjordanske stammeraid mot Nejd.³¹³ Britane svarde at dei var nøydde til å slå attende det dei såg på som ein væpna invasjon av Transjordan og viste til at Ikhwan tok lova i sine egne hender:

They thus have only themselves to thank if the result of their ill-advised and aggressive action was to bring them into conflict with British Forces.³¹⁴

Abdullah sitt ultimatum

I april 1924 vart det britiske statstilskotet til Transjordan redusert og den økonomiske situasjonen var alvorleg. Då Henry Cox overtok som britisk representant i landet same månaden var fyrsteprioriteten hans difor å tvinge gjennom streng økonomisk kontroll. Britane la mykje av skulda på Abdullah for det finansielle kaoset og då Abdullah reiste på pilegrimsferd til Hijaz i slutten av juni 1924 tilrådde Cox at Abdullah ikkje skulle få lov å vende attende til Transjordan. Medan Abdullah var borte utforma britane eit ultimatum som ville gje Storbritannia full kontroll over finansane til Transjordan, større kontroll over militære styrkar og avskaffe avdelinga for stammeadministrasjon.³¹⁵ I tillegg til det økonomiske ynskte britane større kontroll i Transjordan

³¹⁰ CO 733/72: Clayton til Thomas, 22. august 1924: Dette er ei samling av alle rapportane skrivne like etter raidet.

³¹¹ CO 733/72: Peake til H. Cox, 26. august 1924: Peake held fram «a great many seem to be considerably annoyed that the Sultan's promise was not kept.»

³¹² CO 733/72: H. Cox til Clayton, 18. august 1924: Kostiner 1993, s. 66

³¹³ FO 686/78: Ibn Saud til F. B. Prideaux, Politisk resident i Persiabukta, 27. oktober 1924

³¹⁴ FO 686/78: Prideaux til Ibn Saud, 5. november 1924

³¹⁵ Wilson 1987, s. 82-84

grunna problemet med transjordanske stammar som gjennomførte raid inn i Syria, noko som gjekk ut over britane sitt forhold til Frankrike. Ultimatumet inneheldt difor krav om at han inngjekk ein utleveringsavtale med Syria.³¹⁶

Den 20. august leverte Cox ultimatumet til Abdullah, som nett hadde kome attende, i Amman. På veg attende til Transjordan via Akaba vart Abdullah informert om wahhabiraidet. Dette raidet, saman med Adwan-opprøret året før, var påminningar om at Abdullah ikkje kunne klare å halde fast ved makta i Transjordan utan militær hjelp frå britane. Mary C. Wilson trekk òg fram raidet i 1922 som ei slik påminning, men dette vart slått attende av stammene sjølv, utan britisk hjelp. Raidet i 1922 er difor meir eit symbol på trugsmålet frå wahhabiane enn trongen for britisk militærmakt. Raidet i 1924 hadde derimot nyleg funne stad og var svært nær å knuse styrkane til Bani Sakhr. Dette raidet var meir alvorleg, større i omfang, betre planlagt og utført enn i 1922, og viste svært tydeleg at Abdullah var avhengig av britisk støtte. Cox skriv i ein rapport at det Abdullah frykta wahhabiane, men at han hadde håpa at Bani Sakhr skulle kunne stå i mot dei. Dei gjorde det i 1922, men Cox påpeikte at hendingar både i både 1923 og 1924 hadde vist at Bani Sakhr var «entirely useless for this purpose». Abdullah protesterte mot ultimatumet Cox la fram, men skreiv under til slutt, ifølgje Cox med tårer i auga.³¹⁷

Mary Wilson skriv at signeringa av ultimatumet innleia ein ny fase i Transjordan og Abdullah sitt forhold med Storbritannia. Ultimatumet, skriv ho, viste tydeleg at makta låg i britiske hender og at dei var førebudde på å bruke denne.³¹⁸ Eit uttrykk for dette er mellom anna annekteringa av Maan og Akaba. Under Kuwait-konferansen var det representantar frå Transjordan som forhandla om grensene, men etter ultimatumet stod britane friare til å forhandle med Ibn Saud om desse. Denne nye fridomen kom i stor grad til syne i siste halvdel av 1925 då britane gjekk inn i forhandlingar med Ibn Saud om ei endeleg grense i Wadi Sirhan.

Raidet i 1924 og Ibn Saud sin framgang i krigen mot Hijaz gjorde det klart for britane at dei trong å kome fram til ein avtale med Ibn Saud om grensene i Wadi Sirhan. Styrken som raida Transjordan var berre ein liten del av den saudiske hæren og britane ynskte ein avtale medan desse styrkane var opptekne i Hijaz. Luftstaben konkluderte i januar 1925:

The recent Wahabi success in Hedjaz has increased the danger of Wahabi penetration into Transjordan. If the invasion of Hedjaz were followed by a movement of Ibn Saud's forces to KAF the tribes in Trans-

³¹⁶ CO 733/72: Cox til Clayton, 19. august 1924

³¹⁷ CO 733/72: Cox til Clayton, 20. august 1924; Wilson 1987, s. 84

³¹⁸ Wilson 1987, s. 85

Jordan would probably become unsettled.³¹⁹

Mot ei løysing

So long as the boundary question is between the Government of Nejd and His Britannic Majesty's Government, its solution is easy and a settlement thereof is possible by private negotiations carried out between the Nejd and His Britannic Majesty's Government. I am prepared to commence negotiations on this question at the time and in the place which the British Government thinks fit for this purpose.³²⁰

I byrjinga av 1925 var framleis ingenting løyst i Wadi Sirhan. Grensespørsmålet var like uavklart som i 1922.³²¹ Spørsmålet var likevel redusert til eit spørsmål om Kaf og i januar tilrådde Air Council, som hadde ansvaret for forsvaret av Transjordan, å løyse saken med diplomati. Til tross for den strategiske verdien Kaf hadde for Transjordan kunne ikkje britane, sjølv med maktbruk, hindre wahhabiane i å ta kontroll over oasen. Dei tilrådde difor kolonidepartementet å forhandle direkte med Ibn Saud, og medan ein venta på forhandlingane skulle status quo framleis råde i Wadi Sirhan.³²²

I eit telegramutkast frå januar 1925 til Herbert Samuel skriv koloniminister Amery at spørsmålet om britane si interesse i Wadi Sirhan hadde vore diskutert mange gangar, og at han tvila på at det ville bli tatt opp på ny. I utkastet skriv Amery:

It must be borne in mind that the governing factor in fixing the eastern frontier of Trans-Jordan is the extent to which His Majesty's Government are prepared, as a last resort, to take effective action to protect the area included therein.³²³

Amery slår vidare fast at dei ikkje er viljuge til å gå lenger enn grenseforslaget til forgjengaren hans, der Kaf ikkje låg innanfor Transjordan. Dette var av militære omsyn at kolonidepartementet ikkje ynskte å gje frå seg området som låg aust for denne lina.³²⁴ Det er noko usikkert om Amery faktisk siktar til Kaf her, britane ynsker ikkje å sjølv halde staden grunna si isolerte plassering, men dei ynsker heller ikkje at den skal tilfalle Ibn Saud. Verdien til Kaf var ikkje i å eige den, men i å hindre Ibn Saud å styre den.

³¹⁹ AIR 5/397: Summary of action taken with regard to KAF, 14. januar 1925

³²⁰ Ibn Saud til Prideaux, Bushire, 8. november 1924 (Records Volume I, s. ???)

³²¹ AIR 5/397: Kaf summary, 14. januar 1925

³²² AIR 5/397: 7A, Internt Air Council memo, 14. januar 1925

³²³ AIR 5/397: 11B, Telegramutkast, Amery til Samuel, januar 1925

³²⁴ AIR 5/397: 11B, Telegramutkast, Amery til Samuel, januar 1925; 26B: Kart over tidlegare grenseforslag i Wadi Sirhan 1922-1925: Grensa det er her referert til er merka med raudt.

Verdien til Kaf var derimot redusert i 1925. Etter wahhabiraidet mot i august 1924 godkjente Gilbert Clayton, då Chief Secretary i Palestina, at Den arabiske legionen trakk seg attende frå Kaf:

Recent events have proved that the detachment at Kaf can neither warn Transjordan of an impending attack or engage with hostile force of any size; in fact, the only purpose served by its presence is to hold the fort itself. [...] These considerations coupled with the difficulty of rationing the detachment by convoy, render it imprudent, in my opinion, to attempt to maintain an isolated garrison during the present disturbed conditions.³²⁵

Henry Cox meinte at den einaste grunnen til at det i det heile var ei avdeling av den arabiske legionen der, var for å hindre at Ibn Saud fekk landsbyen.³²⁶ Grunnlaget fram til då for å halde Kaf var for å nekte wahhabiar tilgang til Saltbygdene og trygge Transjordan, men med 1924-raidet viste det seg at garnisonen ikkje var i stand til dette.³²⁷ Dette ville derimot ikkje vere tilfelle dersom det vart stasjonert ein passende styrke der utstyrt med ein radio (wireless).³²⁸ Kaf hadde difor framleis ein viss verdi i britiske hender. Oasen var i tillegg ein av dei få forhandlingskorta dei hadde med Ibn Saud i Wadi Sirhan. Det var få andre landområder dei kunne tilby sidan kravet hans om ein handelskorridor til Syria var utelukka.

Då britane sendte åtvaring til Ibn Saud om å trekke attende styrkane hans som var på veg mot Maan i mai 1925, la dei samstundes til at dei ynskte å forhandle snarleg med Ibn Saud om «the actual delimitation of the frontier between Nejd and Trans-Jordania as well as the settlement of outstanding questions between yourself and Trans-Jordania and Iraq.»³²⁹ Med annektering av Maan-distriktet var ikkje britane lenger avhengige av representantar frå Hijaz, og med kontrollen over Transjordan dei skaffa seg med ultimatumet til Abdullah, kunne dei difor få til ein bilateral avtale med Ibn Saud utan transjordanske representantar.

Ibn Saud ynskte at britane skulle sende ein representant til han heller enn omvendt. Britane, som forstod at det måtte handlast raskt, gjekk med på dette.³³⁰ På grunn av den varme årstida ynskte Ibn Saud å utsetje forhandlingane til etter sommaren.³³¹

³²⁵ CO 733/72: Clayton til J.H. Thomas, koloniminister, 23. august 1924

³²⁶ CO 733/72: H. Cox til Clayton, 17. august 1924

³²⁷ CO 733/72: Referat frå «Withdrawal of the Arab Legion from Kaf», 23. august 1924

³²⁸ CO 935/1/7: Antonius-memorandum, september 1925: Raidet i 1924 ville visstnok vorte varsla fleire timar før dersom garnisonen der hadde hatt ein wireless.

³²⁹ FO 686/78: HMG til Ibn Saud, 28. mai 1925; Kvar desse forhandlingane skulle finne stad var usikkert, men britane forslo London. Ibn Saud svarde seinare at han ikkje kunne sende nokon til London, men at britane var velkomne til å sende ein representant til han. (Ibn Saud til Bullard, 30. juni 1925)

³³⁰ FO 686/78: Bullard til FO, 1. juli 1925; FO til Bullard, 10. juli 1925: Grunnen til at dei måtte handle raskt var fordi det i følge Bullard var ganske sannsynleg at Ali «will have to go soon and that we shall have Bin Saud here.»

³³¹ FO 686/78: Ibn Saud til Bullard, 18. juli 1925

Hadda-avtalen

Krigen mellom Nejd og Hijaz heldt fram, men var no redusert til ei kringsetting av Jidda. Ali prøvde desperat å få til forhandlingar med Ibn Saud, men vart konsekvent avvist, sjølv når britane tilbydde seg å legge slike forhandlingar til rette.³³² Ibn Saud kunne sannsynlegvis erobra Jidda med ein gong han kringsette byen i januar, men utsette det truleg for å unngå å skade dei utanlandske interessene i byen. Det var nemleg her stormaktene var representert og hadde ambassadane sine, og av den grunn ynskte Ibn Saud at byen helst skulle overgje seg og at Ali skulle dra av eigen fri vilje, framfor å ta byen med makt.

Britane sendte Gilbert Clayton som forhandlar, ein som historikaren Robert Collins skildrar som deira beste mann. I 1925 hadde Clayton nettopp gått av etter tre år som departementssjef (Chief Secretary) for regjeringa i Palestina.³³³ Collins skriv:

The government required a negotiator experienced in dealing with the Arabs and yet one who could be relied upon to protect Britain's imperial interests, and Clayton appeared eminently qualified for the task. He had thirty years of experience in the Middle East both in civil and military positions, in which he had gained insights and knowledge of the Arabs.³³⁴

Clayton kom til Jidda i byrjinga av oktober der han helste på kong Ali, og poengterte at han ikkje var der for å forhandle om fred mellom Hijaz og Nejd slik som nokon trudde. Etter å ha fått løyve av kong Ali, reiste han gjennom fronten til Bahra utanfor Mekka for å møte Ibn Saud den 10. oktober. Clayton hadde fått streng ordre om ikkje å ofre landkorridoren til Irak, og i forhold til Transjordan var det einaste kortet han hadde Kaf. Kaf kunne ofrast, men berre som aller siste utveg.³³⁵ Clayton skreiv dette om oasen:

Kaf is the crucial question, and it is practically the only card that I have up my sleeve, I must be very careful how I use it, otherwise no agreement would be possible, which will be a pity, especially, I am convinced, for Ibn Sa'ud's own interests.³³⁶

Clayton innsåg derimot raskt at det var ingen annan utveg enn å la Ibn Saud få Kaf dersom det skulle bli ein avtale. Under forhandlingane forstod Clayton at Ibn Saud raskt kunne ta dei byane som framleis var under kong Ali sin kontroll, Jidda, Medina og Yanbu al-Bahr, men at det var fleire grunnar til at han venta. Clayton meinte tolmodet skuldast at Ibn Saud frykta reaksjonane til den

³³² FO 686/78: FO til Bullard, 10. juli 1925

³³³ Collins i Clayton 1969, s. 44, 75-77

³³⁴ Collins i Clayton 1969, s. 77

³³⁵ Clayton 1969: 9. - 13. oktober 1925, s. 92-104

³³⁶ Clayton 1969: 13. oktober 1925, 103

muslimske verda, uroa for utlendingane i Jidda, håpet om at regjeringa i Hijaz skulle kollapse grunna mangel på forsyningar og interne intriger, uro over falske rykte om skadar etter krigføringa i Medina og at han ikkje ville føre aktiv krig under forhandlingane.³³⁷

Ibn Saud tok opp spørsmålet om ei fornying av 1915-traktaten, men Clayton sa at dette ikkje var mogleg so lenge krigen i Hijaz framleis varte. Krigen var òg grunnen til at Clayton heller ikkje fekk ta opp spørsmålet om ein godkjenning av Akaba-Maan-grensa.³³⁸

Den 2. november skreiv Ibn Saud og Clayton under Hadda-avtalen, oppkalla etter ein leir i nærleiken. Ibn Saud fekk Kaf, men med på visse vilkår som fjerna :

The Government of Nejd undertake not to establish any fortified post at Kaf or utilise Kaf or the district in its neighbourhood as a military centre.³³⁹

Det vart òg avtalt å gjennomføre tiltak for å få slutt på stammeraid over den nye grensa, og for å løyse eventuelle konflikhtar mellom stammene skulle det setjast opp ein eigen stammedomstol sett saman av representantar frå både Transjordan og Nejd. Stamar måtte i tillegg få løyve til å krysse grensene, men at ingen skulle nekte dei slike løyver i samsvar med prinsippet om beitefridom. Om handelskaravanar vart dette avtalt:

His Britannic Majesty's Government undertake to secure freedom of transit at all times to merchants who are subjects of Nejd for the prosecution of their trade between Nejd and Syria in both directions; and to secure exemption from Customs and other duty for all merchandise in transit which may cross the Mandated Territory on its way from Nejd to Syria or from Syria to Nejd.³⁴⁰

Hadda-avtalen var, trass problema som den førte med seg, ein vellukka kompromissavtale for både britane og Ibn Saud. Båe partane fekk til ei viss grad det dei ville. Britane fekk endeleg etablert offisielt gjennom avtale landbrua mellom Middelhavet og Persiabukta, samstundes som den militære trusselen frå Arabia vart drastisk redusert ved at Ibn Saud gjekk med på å at Kaf og området rundt skulle vere demilitarisert. Ibn Saud fekk til gjengjeld ikkje kontroll over heile handelskorridoren til Syria, men karavanane hans fekk reise tollfritt gjennom Transjordan.

Sjølv om det var tatt omsyn til beduinane, var det dei avtalen kom til å gå verst utover sidan grensene fekk direkte konsekvensar for dei. Britane og Ibn Saud forstod problema dette kunne

³³⁷ Clayton 1969: 19. - 22. oktober 1925, 108

³³⁸ CO 935/1/7: Clayton-rapport, februar 1926; Clayton 1969: 1. november 1925; Collins i Clayton 1969, fn. 29

³³⁹ CO 935/1/7: Clayton-rapport 1926, vedlegg 7: Hadda-avtalen, paragraf 2: Ibn Saud fekk spesifisert i ei brevveksling med Clayton om det var mogleg å opprette ein politistasjon i Kaf, noko Clayton meinte var mogleg.

³⁴⁰ CO 935/1/7: Clayton-rapport 1926 Hadda-avtalen, paragraf 13: Karavanane måtte likevel vere viljuge til inspeksjon, følgje etablerte ruter og dokumentere skriftleg at dei var handelsmenn.

skape, og det var noko av grunnen til at dei avtalte opprettinga av ein stammedomstol. Ein av dei meir langsiktige konsekvensane med grensene som vart etablert mellom dei britiske mandata Transjordan og Irak og Nejd var kravet som var lagt på dei beduinstammene om kvar dei høyrde til. Statsmaktene i Transjordan og Irak hadde lenge omtalt mange stammar som «transjordanske» eller «irakiske» og definisjonar som dei nyetablerte grensene kom til å legitimere og i sterk grad stadfeste.


Til tross for avtalane med Ibn Saud og etableringa av ei halv-definert grense, kom det til å ta lang tid før ein løyste problema britane skapte for seg sjølve og Transjordan. Grensene var skapt i hastverk og med manglande kunnskap om både geografi og lokal folkesetnad og bar klåre preg av dette. Dei neste førti åra prøvde ein å få til ein ny løysing etter kvart som problema med hasteløysinga byrja å kome til syne.

Kongedømet Hijaz fall litt over ein månad etter at Hadda-avtalen var inngått. Kong Ali reiste i eksil til Irak. Administrasjonen og vanstyret under Hussein, presset frå Nejd og britane sine relasjonar til Ibn Saud var alle forklaringa på kvifor britane stod og såg på at dei tidlegare allierte bukka under. Det var derimot ein faktor som spelte den aller største rolla; det britiske ynsket om stabilitet i Hijaz og langs mandatgrensene. Haifa Alangari oppsummerer det slik:

Britain's priority lay in appeasing popular opinion in India more than in supporting Hashemite bids for power.³⁴¹

³⁴¹ Alangari 1998, s. 225


GRENSER I DET GRENSELAUSE



Illustrasjon 9: Grensa mellom Transjordan og Nejd etter Hadda-avtalen, 2. november 1925. For beduinstantmane sikra Clayton fire småwadiar langs Wadi Sirhan i tillegg til fjellområdet Jebel Tubaik.

[AIR 5/397: utsnitt av «El Djauf Sheet» Oppteikna og trykt av War Office 1918: Grensa er teikna inn i 1925. Stadnamn i store bokstavar lagt til av forfattar]

GRENSER I DET GRENSELAUSE



Illustrasjon 10: Forskjellige forslag til grense mellom Transjordan og Nejd, 1922-1925. Prikka line er flyruta over ørkenen til Irak. Den tjukke raude lina er den grensa Nejd-Irak etter Uqair-protokollen, desember 1922.

[AIR 5/397: utsnitt av kart over «Syria & Mesopotamia»]

GRENSER I DET GRENSELAUSE

6. STATUS QUO, 1925-1965

Frontier lines drawn on maps across desert regions will not prevail in the end against the logic of tribal relations and dependence. Without any formal infringement of the Treaties he [Ibn Saud] recently signed with Sir Gilbert Clayton, Ibn Sa'ud's influence might easily spread through the Bedouin tribes north of the frontier he has accepted.³⁴²

Den britiske uroa for at stammene i Transjordan skulle gå over til Ibn Saud og wahhabismen enda ikkje med Hadda-avtalen. Løysinga i Wadi Sirhan var sterkt prega av å vere eit hastverksarbeid, og britane fann raskt ut at grensene dei hadde fått i stand i både Wadi Sirhan og mot Hijaz ikkje ville vere levedyktige over lang tid. Etableringa av grensene innleia òg ein periode der beduinstammene på kvar si side av grensa kom til å spele ei sentral rolle. Langs grensene kom det til å herske ein status quo-situasjon mellom britiske/transjordanske og saudiske styresmakter, til tross for at det var oppdaga nye, og alvorlege problem med grenselinene.

KRAVET OM MAAN OG JIDDA-TRAKTATEN

Den 8. januar 1926 vart Ibn Saud vald til konge av Hijaz av den hijaziske eliten og fekk tittelen «konge av Hijaz og Sultan av Nejd og dei tilliggande områda»³⁴³. Han slo fast at Nejd og Hijaz skulle ligge under kvar sin administrasjon, men at hæren skulle sørge for allmenn tryggleik i baa områda.³⁴⁴ Sovjetunionen var dei fyrste som anerkjende Ibn Saud sin nye status og den 25. februar gjorde Storbritannia det same.³⁴⁵

Med hashemiane ute av Hijaz var tida inne for britane å forhandle fram ein ny traktat med Ibn Saud. Den enorme ekspansjonen Nejd hadde gått gjennom og den politiske utviklinga gjorde at traktaten frå 1915 for lengst var forelda. Britane trong å fornye den for å sikre og garantere mellom anna tryggleiken for britiske muslimar, spesielt dei indiske, under *hajj*. Det var heller ikkje lenger mogleg å hindre Ibn Saud i å ta kontakt med andre stormakter, noko den sovjetiske anerkjenninga viste.

Now that Ibn Saoud has been recognized as King of the Hedjaz it is clearly impracticable to prevent him

³⁴² FO 684/3: W. A. Smart til Chamberlain, 26. mars 1926

³⁴³ I april 1927 erklærte Ibn Saud seg som *konge* av Nejd og dei tilliggande områda. (FO 406/59: Jidda til FO, 4. april 1927)

³⁴⁴ FO 406/57: Stanley R. Jordan, fungerande konsul i Jidda, til FO, 11. januar 1926

³⁴⁵ FO 406/57: Utdrag frå Mekka-avisa Umm al-Qura, 16. februar; Chamberlain til Jordan, 25. februar 1926; Baldry, J., 1984. «Soviet Relations with Saudi Arabia and the Yemen 1917-1938» i *Middle Eastern Studies*, Januar, s. 59

from entering into relations with foreign powers whose consuls reside in Jeddah. It follows that [direct] communication between him and the French authorities in Syria is inevitable and that the present control by H.M. Consular Officers over Nejdian representatives there must gradually be relaxed.³⁴⁶

Britane tok opp spørsmålet om forhandlingar om ei fornying av 1915-traktaten i april 1926, ei oppfølging av Ibn Saud si oppmoding i november 1925. Dei gav han samstundes lov til å opprette diplomatisk kontakt med franskmennene i Syria, sidan han hadde ynskt å opprette kontakt med spesielt Frankrike og Nederland grunna dei mange muslimske undersåttane deira som gjennomførte *hajj*.³⁴⁷ Britane ville forhandle med Ibn Saud snarast mogleg for å unngå at krava hans var for store og før han konsoliderte makta si i Hijaz, men forhandlingane vart utsette til hausten. Det var på grunn av *hajj*-sesongen og det at Ibn Saud arrangerte ein islamsk konferanse i Mekka for å avklare kravet hans om suverenitet over dei to heilage byane.³⁴⁸

Konferansen byrja 7. juni og det deltok titals delegasjonar frå land og muslimske organisasjonar i den muslimske verda, til og med ein kommunistisk-muslimsk delegasjon frå Sovjetunionen.³⁴⁹ Britane var interesserte i konferansen som varte ein heil månad fram til 5. juli, og dei skreiv fleire detaljrike rapportar om den. Den viktigaste konsekvensen av konferansen for britane og Transjordan var ein resolusjon som kravde at Akaba og Maan vart returnerte til Hijaz. Han som fremma forslaget var i følge den britiske visekonsulen i Jidda «the tool of the Hejaz Government throughout the whole conference, and it may be taken as certain that the motion was inspired by Ibn Saud».³⁵⁰ Grunnlaget for kravet var at Akaba og Maan var ein del av Hijaz som tilhørde muslimane og sidan Ali ikkje var ein lovleg konge hadde han ikkje rett til å skilje området frå Hijaz og gje det til Transjordan. Då forslaget vart godkjend ba konferansen regjeringa i Hijaz om gjere det dei kunne for å ta attende områda.³⁵¹

På grunn av dette, i tillegg til innvendingar internt hjå britane, vart det snart klart at spørsmålet

³⁴⁶ FO 684/3: FO til J.R. Vaughan-Russell, Damaskus, 1. april 1926

³⁴⁷ Silverfarb, D., 1982. «The Treaty of Jiddah of May 1927» i *Middle Eastern Studies*, Juli, s. 276-277: For ein grundig gjennomgang av Jidda-traktaten sjå denne artikkelen.

³⁴⁸ FO 406/57: Jordan til Chamberlain, Jidda månadsrapport april,; Utdrag frå Umm al-Qura, 1. mai 1926: Leatherdale 1983, s. 65

³⁴⁹ FO 406/58: Jordan til Chamberlain, Rapport om Mekka-konferanse, 23. juni; FO 406/57: Jordan til Chamberlain, 19. juni 1926: Ein kommunistisk-muslimsk delegasjon frå Russland takka mellom anna ja til å vere med på konferansen, noko som gjorde at den vart utsett i fem dagar (Jidda månadsrapport for mai 1926): Elles var det 59 representantar frå Egypt, India, Palestina, Libanon, Syria, Java, Sudan, Nejd, Asir, Turkmenistan, Tyrkia, Afghanistan og Hijaz.

³⁵⁰ FO 406/58: Jordan til Chamberlain, 28. juli 1926: Han som fremma forslaget heitte Sheikh Rashid Ridha. Ridha fekk før han reiste til Egypt i tillegg £2.000 frå Ibn Saud for å drive saudisk propaganda der.

³⁵¹ FO 406/58: Jordan til Chamberlain, 28. juli, vedlagt utdrag frå Umm al-Qura, 23. juli; Rapport om konferansen, 15. juli 1926

om ein ny traktat med Ibn Saud kom til å ta tid. Fleire departement, men spesielt India-departementet, var urolege for den religiøse fanatismen til wahhabiane og korleis dette ville påverke britiske muslimar. Det var mellom anna rapportert om øydelagde heilagdomar og graver i Medina og andre byar og at wahhabiane forbaud praksisen med å be ved heilage graver og liknande. Utanriksdepartementet påpeikte då Storbritannia sin tradisjonelle politikk om å ikkje blande seg inn i religiøse spørsmål.³⁵²

Policy of non-intervention hitherto pursued by His Majesty's Government in Moslem religious affairs is unquestionably wise course to maintain. Moreover, our influence with Ibn Saud is not a consideration on which we can rely. In these circumstances it would be both unwise and unsafe to abandon policy of neutrality, especially as we could not ensure success for our interference.³⁵³

Traktat-forhandlingane byrja likevel i desember 1926. Dei britiske hovudmåla var å betre forholdet til Ibn Saud og sikre interessene dei hadde i mandata og sjeikdømma i Persiabukta. Dei ville ha med i traktaten ein protokoll der Ibn Saud anerkjende grensa mellom Hijaz og Transjordan, men Ibn Saud gjekk ikkje med på det og hadde samstundes bedt britane om å returnere Maan-distriktet til Hijaz. Han trakk dette kravet då han forstod at dette ikkje ville skje og ba om at heile spørsmålet var utsett på ubestemt tid. Etter tre veker med forhandlingar drog den britiske delegasjonen attende til London.³⁵⁴

Forhandlingane vart tatt opp att i mai av Gilbert Clayton og den 20. mai 1927 vart Jidda-traktaten inngått mellom Storbritannia og Ibn Saud. Clayton hadde tatt spørsmålet om Maan og Akaba opp på ny utan hell, men Ibn Saud gjekk med på i ei å oppretthalde «the *status quo* in the Ma'an-Aqaba district, and we promise not to interfere in its administration until favourable circumstances will permit a final settlement of this question».³⁵⁵

Traktaten stadfesta Ibn Saud sitt fulle og absolutte sjølvstende, men den var, slik Clive Leatherdale poengterer, spesiell i den forstand at det ikkje var ein traktat med ein stat, men med ein *person*. Den var med andre ord berre gyldig so lenge Ibn Saud var i live.³⁵⁶ Mange britane trudde at denne riket kom til å gå under med det same Ibn saud døydde eller som følgje av intern uro, noko

³⁵² FO 406/57: Jordan til Chamberlain, 25.mai; Llyod, Egypt, til FO, 4.juni; Jordan til IO, 26. mai 1926: «Using a tomb as a mosque and praying in same and lighting lamps is strictly forbidden.»; Leatherdale 1983, s. 65-66

³⁵³ FO 406/57: FO til P. Loraine, Tehran, 9. juni 1926

³⁵⁴ FO 406/58: FO til Jordan, Jidda, 3. november 1926; FO 406/59: Rapport av Jordan og George Antonius om forhandlingane, 26. januar 1927; FO 371/14479: Memorandum om Akaba og Maan av C. Warner, 1. mai 1930 (Records: bind 3, s. 537-539)

³⁵⁵ FO 406/59: Jidda til Chamberlain, 21. mai; Clayton til Chamberlain 6. juni; Ibn Saud til Clayton, 21. mai 1927

³⁵⁶ Kostiner 1993, s. 11-112; Leatherdale 1983, s. 73; FO 406/59: Clayton til Chamberlain 6. juni 1927: Jidda-traktaten vart ratifisert 17. september 1927 og gjennomgjekk små endringar i 1936 og i 1943 (Silverfarb 1982, s. 282)


som var svært aktuelt med tanke på misnøya Ikhwan byrja å vise mot Ibn Saud sitt styre.³⁵⁷ David Hogarth, ein britisk arkeolog og ekspert i arabisk, sa dette i 1923 med Ibn Saud i tankane:

[N]o Arab empire has ever lasted very long, and I should be very much surprised if the present rule of Ibn Sa'ud does not shrink enormously on his death, like the Shammar Amirate [Rashidane] at the end of the last century.³⁵⁸

Ibn Saud sitt krav om Akaba og Maan gjorde til at statusen til grensa vart usikker og at det ville bli vanskeleg å definere den nøyaktige plasseringa. Den einsidige definisjonen til britane var at den gjekk i ei rett line frå slutten av grensa mellom Transjordan og Nejd til 3 km sør for Mudawara ved Hijazbana og dinest i ei rett line til eit punkt 3 km sør for Akaba.³⁵⁹

Transjordan fekk dimed berre ein 6 km lang kyst. Dette utvikla seg til ei vag *de facto*-grense. I følgje ei kjelde hendte det at personar frå Akaba, mellom anna britiske soldatar, som vandra litt for langt sør vart plukka

opp av saudisk grensepoliti. Statusen til Hijazbana vart òg noko usikker, både grunna den usikre grensestatusen og det kalde forholdet mellom Ibn Saud og Abdullah. Lina hadde vore i full bruk i 1924, men vart sannsynlegvis stengd etter 1925 sidan jarnbana framleis ikkje var restaurert i Hijaz i 1932 og med tanke på at britane plukka frå kvarandre jarnbanespora mellom Maan og Mudawara



Illustrasjon 11: Transjordan sine grenser i 1927


[Utsnitt av kart teikna av Lawrence Martin, henta frå «*The Boundaries of the Nejd: A Note on Special Conditions*» i *Geographical Review*, januar 1927]

³⁵⁷ CO 733/134/4: Lord Lloyd til Amery, 27. januar 1927: Lloyd skriv Ibn Saud og spørsmålet om Maan: «It has yet to be seen whether the Federation of Arab tribal systems and States which has been constituted by the personality of Ibn Saud has a permanent character. If, as many people believe, it will either before or after his death resolve into its several mutually antagonistic parts it would be politically wrong and against the interests of the local inhabitants to transfer territories which under their present administration may become settled and prosperous into the vortex of Central Arabian politics.»

³⁵⁸ Hogarth i «The Future of the North Arabian Desert: Discussion» i *The Geographical Journal*, vol 62, nr. 4, oktober 1923, s. 268-271

³⁵⁹ FO 406/59: Clayton til Chamberlain 6. juni 1927

under andre verdenskrig.³⁶⁰



Illustrasjon 12: Ibn Saud sitt krav

[Henta frå MPG 1/1181: *The Middle East 1942*]

Borgarkrig i Arabia

Då Ibn Saud erobra Hijaz fekk han kontrollen over to forskjellige typar områder som skilde seg frå kvarandre på mange vis. Folk frå Hijaz såg ikkje med velvilje på folk frå Nejd medan wahhabiane frå Nejd, og spesielt Ikhwan, såg med sterk misnøye på dei «vantru» i Hijaz og mislikte korleis Ibn Saud oppførte seg mot dei og utlendingar, spesielt britane i Jidda. Ibn Saud fengsla i byrjinga mange av sine tidlegare tilhengjarar eller sende dei i eksil for å unngå at dei gjorde opprør.³⁶¹ Motstanden mot han vart difor meir tydelig og sjølv i hans nære familie både var det motstandarar.³⁶²

I ein artikkel frå 1928 skildrar Alois Musil skilnaden på situasjonen i Arabia med wahhabi-

³⁶⁰ Philby, H., 1958. «The Hijaz Railway» i *The Geographical Journal*, vol. 124, nr. 4, Desember: Dei fjerna spora for å legge om sporet mellom Maan og Akaba; FO 371/180737: «Dotted Lines in the Desert» i *The Times*, 10. august 1965; FO-rapport av C. F. A. Warner om kva politikk ein skulle føre for å betre forholdet mellom Transjordan og Hijaz/Nejd, 21. september 1932 (ABD, bind 7, s. 613)

³⁶¹ Musil, Alois, 1928b. «Religion and Politics in Arabia», i *Foreign Affairs*, juli, s. 675-681; Kostiner 1985, s. 313

³⁶² Lewis, C. C., 1933. «Ibn Sa'ūd and the Future of Arabia» i *International Affairs*, juli, s. 523

okkupasjonen hundre år tidlegare. Skilnaden Musil trekk fram kan forklare mykje at uviljen Ibn Saud hadde mot å starte ei konflikt med Storbritannia. Musil skriv:

Then Arabia was bordered by the feeble Ottoman Empire. Today it is enclosed by the mighty power of Great Britain. The harbors of the Red Sea and the Persian Gulf can be closed by British navy, and British soldiers in Transjordan and Iraq can prevent any caravan from proceeding into the tilled countries. British trucks and airplanes can carry British weapons far into the desert and punish any violation of British interests.³⁶³

Analysen til Musil er ganske korrekt. Sjølv om britane ikkje ynskte, hadde råd til eller kunne vinne ein direkte krig med Ibn Saud, hadde dei ressursane til å isolere han og stenge han inne. Britane kontrollerte Arabia sine fire hjørne og Ibn Saud hadde difor ikkje råd til å få dei som fiendar. Ikhwan såg derimot på Storbritannia som ei hindring for spreinga av wahhabismen og mislikte difor Ibn Saud sine grenseavtalar, som dei såg på som ei innsnevring av heilag krig mot andre grupper. Ikhwan-leiarar, som Feisal al-Dawish, mislikte òg den underordna statusen dei hadde i forhold til Ibn Saud, noko som tærte på lojaliteten deira.³⁶⁴

Under ekspansjonen hadde Ikhwan vist seg å vere både ei effektiv kampstyrke og maktmiddel, men då Ibn Saud tok Hijaz stogga ekspansjonen opp og dei vart gradvis meir eit problem og eit trugsmål mot makta hans. Dersom Ibn Saud skulle lukkast i å herske over Hijaz var han nøydd til å endre måten han styrte på grunn av ansvaret for *haji*, kontakten han fekk med andre statar og vanskane med å styre fleire forskjellige regionar. Maktkampen som utvikla seg mellom Ikhwan og Ibn Saud var ein kamp om framtida til staten og om kva retning den skulle ta, og den tok form av ei konflikt mellom eit stammesamfunn og eit sentraliserande og relativt moderne regime.³⁶⁵

Eit opprør blant Ikhwan byrja ta form i 1926 då dei presenterte ein del krav til Ibn Saud der dei ville at han ikkje skulle forhandle meir med britane, at han skulle gjere slutt på bruken av «infidel-made instruments», at han måtte avslutte skattelegginga av dei nejdiske stammene og nekte transjordanske og irakiske stammar i å beite og opphalde seg i Nejd og Hijaz. I 1927 kravde al-Dawish at ein skulle føre heilag krig mot grensestasjonane britane hadde bygd langs grensa i Irak.³⁶⁶ Ibn Saud ynskte ikkje ei konflikt med Storbritannia, noko han hadde gjort klårt fleire gonger og risikerte heller ein intern konflikt med Ikhwan enn å skape ein fiende ut av Storbritannia.

³⁶³ Musil 1928b, s. 680

³⁶⁴ Al-Rasheed 2002, s. 65-67

³⁶⁵ Kostiner 1985, s. 314-320: Ein del tidlegare historikarar har samanlikna Ibn Saud og Ikhwan med historia om Victor Frankenstein og hans monster. Kostiner tilbakeviser derimot i stor grad denne samanlikninga.

³⁶⁶ Kostiner 1985, s. 315-317

Ein direkte konfrontasjon mellom Ikhwan og Ibn Saud kom derimot ikkje før han hadde klart å få store delar av den religiøse eliten og folkesetnaden i Nejd over på si side. Han slo til i mars 1929 og knuste ei stor Ikhwan-styrke i eit slag ved Sibila. Delar av Ikhwan flykta dinest inn i Kuwait og britane, i frykt for at wahhabisme skulle spreie seg der, og tok i bruk flyvåpenet. Ikhwan-opprørarane overgav seg til britane i Kuwait i januar 1930.³⁶⁷

Militært sett og av erfaring var aldri britane særleg uroa for Ikhwan sidan Ikhwan vart knust kvar gong det var eit slag mellom dei, slik som i Transjordan i 1924. Det britane heller hadde frykta var kva påverknad ideologien deira hadde på folkesetnaden og spesielt beduinstammene i mandata. Det var meir myta om Ikhwan britane var bekymra for:

For years throughout all the Arabic-speaking countries the Akhwân have been a bogey with which to frighten not only the children but also the grown-ups.³⁶⁸

C. C. Lewis meinte at Ikhwan si styrke var lite anna enn ei myte og at sjølv om det blir skrive at dei var svært fanatiske og brutale, gjorde ikkje dette dei nødvendigvis til gode soldatar. Han observerte at dei var i dårleg form (poor physique) og at ei militær vurdering av dei ville konkludere med at deira utrente soldatar ikkje ville ha nokon sjanse mot trente styrkar.³⁶⁹ Nederlaget til Ikhwan markerte slutten på ein turbulent periode i saudisk historie og i september 1932 sameina Ibn Saud Hijaz og Nejd og døypte den nye staten Saudi-Arabia.³⁷⁰

BEDUINANE OG ARVEN FRÅ HADDA

Hadda-avtalen hadde sikra britane landkorridoren til Irak i tillegg til ei grense med Ibn Saud. Avtalen sikra samstundes beiterettar for dei transjordanske stammene i Wadi Sirhan. I tillegg til dette hadde Gilbert Clayton sikra Transjordan «practically all grazing grounds west of Wadi Sirhan, including the four wadis in dispute.»³⁷¹ Det viste seg derimot snart at grensa britane hadde avtalt vart problematisk for stammene. I strid med avtalen byrja saudiske tenestemenn året etter å krevje inn *zakat*, religiøs skatt, i Wadi Sirhan. Transjordanske stammar vart mellom anna tvungne til å enten betale skatt innan 48 timar eller reise frå Wadi Sirhan, og dersom dei valde det siste vart dei åtvare om at dei aldri kunne kome attende.³⁷² Stammene måtte i tillegg betale skatt til transjordanske

³⁶⁷ Al-Rasheed 2002, s. 69; Kostiner 1985, s. 317-318; Kostnier 1993, s. 136

³⁶⁸ Lewis 1933, s. 524

³⁶⁹ Lewis 1933, s. 524-525

³⁷⁰ Al-Rasheed 2002, s. 69-71

³⁷¹ FO 686/78: Clayton til CO, 4. november 1925

³⁷² CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931; Tell og Bocco 1994, s. 113

styresmakter når dei kom til Transjordan igjen om våren.³⁷³

What is comes to is that they may graze in the Wadi Sirhan – but at a price; and that price is fixed by Ibn Saud, at any figure which he sees fit.³⁷⁴

Opprettinga av grensa kom samstundes som ein lang tørkeperiode sette inn, ein periode som kom til å vare heilt fram til 1936.³⁷⁵ Mandatstyret og statsmakta konsoliderte seg i løpet av same periode, noko som førte til at skattebyrda til beduinane auka og at det vart slutt på tradisjonen med *khuwa*, pengane beduinane kravde for å verne/ikkje angripe jordbrukarane og andre bufaste.³⁷⁶ Den økonomiske situasjonen til beduinane vart gradvis forverra og skattelegginga i Wadi Sirhan gjorde det vanskeleg å migrere til områder med betre klima og beitemoglegheiter. Wadi Sirhan var nemleg svært viktig for stammene sidan det var den var den einaste kjelda til vatn i slike tørkeperiodar. På grunn av Hadda-avtalen låg no berre 15 av 60 permanente brønner i Transjordan.³⁷⁷

Grenseområda generelt var rolege i 1926 sidan Ikhwan framleis var opptekne med okkupasjonen av Hijaz, men då maktkampen mellom dei og Ibn Saud byrja å utfolde seg, tok raidinga langs grensa i Wadi Sirhan seg kraftig opp. Ikhwan gjennomførte raid inn i Transjordan som stammene der gjengjeldte. Abdullah og styremaktene i Amman var ikkje i stand til å hindre dei transjordanske stammene i å raide inn i Nejd, noko som førte til at britane greip inn. I 1930 henta dei John Bagot Glubb frå Irak for å løyse den vonde sirkelen. Glubb hadde nettopp fullført eit liknande oppdrag langs ørkengrensene der. I Transjordan sikra han seg eit samarbeid med dei lokale stammeleiarane og forma ei lita politistyrke samansett av friviljuge beduinar som han døypte Ørkenpatruljen. Patruljen, som var ein del av Den arabiske legionen, var svært mobil og utstyrt med bilar, kamelar, moderne våpen og radio. Den viste seg å vere svært effektiv og i 1932 vart det slutt på raid. I følgje årsrapportar var dette og fordi raid ikkje lenger lønna seg eller var naudsynt for å livnære seg.³⁷⁸ Glubb sørga for at staten fekk kontroll over ørkenen og inkorporerte med det beduinane inn i Den arabiske legionen, som vart eit viktig instrument for sosial integrasjon og nasjonsbygging.³⁷⁹

Transjordan var òg i perioden 1928-1932 plaga av grashoppesvermar i tillegg til konsekvensane

³⁷³ Alon 2006, s. 225

³⁷⁴ CO 831/16/4: Glubb-rapport: «A Note on the Frontier Between the Hijaz-Nejd & Trans-Jordan», 26. september 1931

³⁷⁵ Årsrapportar for Palestina og Transjordan, 1925-1936: Desse fortel mellom anna om lite regn og avlingssvikt gjennom nesten heile perioden.

³⁷⁶ Tell og Bocco 1994, s. 108

³⁷⁷ Alon 2005, s. 225; Tell og Bocco, s. 120

³⁷⁸ Alon 2005, s. 225; Årsrapport for Palestina og Transjordan, 1933, s. 245; Årsrapport 1932, s. 203, 231; Wilson 1987, s. 98

³⁷⁹ Alon 2004, s. 87

av dei økonomiske nedgangstidene verda over frå 1929, der mellom anna prisane på kamelar sank dramatisk. Med konsolideringa av statsmakta og opprettinga av ørkenpatruljen vart det endå vanskelegare å ta attende dyr og eigedom plyndra av saudiske stammar. Beduinstammene vart drivne inn i fattigdom grunna tapet av buskap og økonomisk og økologisk krise som igjen førte til matmangel og mange stammefolk var underernærte. Makta stammene hadde hatt til då vart kraftig svekka samstundes som staten vart sterkare. Kombinert gjorde dette stammene meir mottakelege for Glubb sine subsidiar og politikk i ørkenen. Ørkenpatruljen sine lønningar fungerte òg som eit velferdssystem i den forstand at stammefolk kunne brødfø fleire slektningar samstundes.³⁸⁰

The hunger of the tribes explains their readiness to submit to Glubb, but also highlights the true measure of his achievements in pacifying the steppe with the meager resources at his disposal.³⁸¹

Fleire av beduinstammene gjekk i tillegg bort frå kameldrift fordi auka bilbruk førte til prisane på kamelar sank, og tok opp jordbruk og sauedrift. Dette førte igjen til at det vart mindre trong for å migrere til Saudi-Arabia på jakt etter beiteområder. Beduinane byrja sakte, men sikkert å tilpasse seg til eit liv innanfor grensene til Transjordan og var meir inkorporert i staten.³⁸²

Karttrøbbel og spørsmålet om Jebel Tubaik

[Fjellkjeden] strekker seg østover et par hundre kilometer fra de mørke fjellmassene rundt Akaba. Ubaiq-fjellkjeden [*sic*] som vesentlig består av sandstein, er så trolsk som den kan få blitt på grunn av erupsjoner og forvittringer – med lumske, svarte kløfter og et virvar av tårnlignende topper som ruver tusener av fot over selve fjellmassivene. I kleivene, dalførene og kløftene har det hopet seg opp dyner og skavler av flyvesand, som ligger opp mot foten av de bratte tindene som snedrifter og breer.

Det regner meget sjelden i disse områdene. Kommer det av og til et regnskyll om vinteren, blir vannet øyeblikkelig sugd opp av sanden. Fordypninger her og der i fjellgrunnen holder regnvannet en stund, slik at mennesker og dyr kan få drikke. Et goldere landskap skal en lete lenge etter – det måtte da være på månen.³⁸³

Slik skildrar den norske utforskaren Georg W. Sejersted Jebel Tubaik i 1952, fjellkjeden som Huwaitat-stammen fekk som kompensasjon for tapet av Wadi Sirhan. Fjellområdet låg heilt i

³⁸⁰ Alon 2005, s. 225-226: prisane for ein kamel sank frå £16-20 på slutten av 1920-talet til £3-5 i 1932-33; Årsrapportar for Palestina og Transjordan, 1928-1932: Grashoppeplagene vart omtala som «intense», «alamrming dimensions». I 1929 måtte Transjordan søke hjelp frå palestinske styresmakter.

³⁸¹ Tell og Bocco 1994, s. 109

³⁸² Lewis, N. N., 1987. *Nomads and settlers in Syria and Jordan, 1800-1980*, Cambridge, s. 135; Tell og Bocco 1994, s. 123

³⁸³ Sejersted, G. W., 1953. *Arabias sorte telt*, Oslo, s. 48

søraust i Transjordan, noko som førte til problem då ein pilot under ei synfaring i juni 1931 oppdaga at karta over området var svært unøyaktige. Grensa britane hadde erklært i 1927 gjekk no rett gjennom Jebel Tubaik og ei flystripe dei nytta i sør no låg i Hijaz.³⁸⁴

At the same time when those maps become known and it is seen that (a) the Jebel Tubaik comes down to the frontier and (b) British planes land south of it, some busybody – e.g. at Geneva may make trouble.³⁸⁵

Oppdaginga utløyste ein intern debatt i kolonidepartementet om kva dei no skulle gjere; trekke seg tilbake til den nye grensa eller late som om ingenting hadde skjedd. Det vart diskutert om utanriksdepartementet i det heile skulle informerast, men det vart bestemt at det skulle det sidan problemet uansett ville bli oppdaga før eller seinare. Det vart derimot slått fast at regjeringa i Hijaz ikkje skulle bli informert sidan det førebels ikkje var sannsynleg at dei kom til å finne det ut. Utanriksdepartement var for å forlate flystripa og trekke seg attende til den nye grenselina erklært i 1927 fordi «[w]e laid down this line ourselves and we shall put ourselves in the wrong if we do no adhere to it».³⁸⁶

Grunnlaget for problemet var at kartet som var brukt under Hadda-avtalen full av feil. Kartet var frå 1918 og sidan kunnskapen om området då var svært dårleg hadde det blitt teikna opp på grunnlag av reiseskildringar, noko førte til at kartet vart svært unøyaktig. Grensa hadde i tillegg vorte definert nesten utelukkande geometrisk både i Hadda-avtalen og seinare i 1927-erklæringa utan å ta med geografiske kjenneteikn. 1927-erklæringa refererte heller ikkje til eit kart, slik som Hadda, var noko som førte til at plasseringa av grensa mot Hijaz vart avhengig av plasseringa av punkt «E», det sørlegaste geometrisk punktet, i Hadda-avtalen.³⁸⁷

Kolonidepartementet gjekk opphavleg med på utanriksdepartementet sitt forslag om å berre la Ibn Saud få områda som no såg ut til å ligge på saudisk side. John Glubb hadde derimot nokre innvendingar mot dette og skreiv i september 1931 ein 60-sider lang handskriven rapport om kvifor dette ville vere problematisk. Glubb sin argumentasjon førte til at bådø departementa skifta meining. Han argumenterte for at ein måtte sjå på intensjonane til forhandlarane, snarare enn dei geografiske koordinatane. Han var ikkje i tvil om at meininga bak plasseringa av grensa var nettopp

³⁸⁴ CO 831/16/4: Notat av O. G. R. Williams, 23. juni 1931

³⁸⁵ CO 831/16/4: Notat av O. G. R. Williams, 23. juni 1931

³⁸⁶ CO 831/17/4: Memorandum om grensa mellom Transjordan og Nejd 1932; CO 831/16/4: Notat av K. W. Blaxter, 1., 2. og 22. juli; J. E. Shuckburgh, 26. juni; L. R. Surrige, 22. juli 1926: Det vart mellom anna uttrykt uro for at Ibn Saud skulle nytte sjansen til å ta opp att spørsmålet om Akaba og Maan dersom han vart informert om saken. Luftforsvarsdepartementet ynskte ikkje å forlate flystripa.

³⁸⁷ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september; FO til CO, 9. desember 1931: Grensa mot Nejd kalla britane «the "true" frontier», med grensa mot Hijaz var «the "modified true" frontier» (CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene mellom Transjordan og Hijaz/Nejd, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.889-900))

å la Nejd få Kaf og Wadi Sirhan mot at Transjordan fekk Jebel Tubaik som kompensasjon til Huwaitat-stammen, i tillegg til fire småwadiar langs Wadi Sirhan.³⁸⁸



Illustrasjon 13: Kartet frå 1918 med ny og gammal grense. Plasseringa av punkt «E» er her viktig for kvar delar av grenselina mellom Transjordan og Hijaz går. Dei raude strekane er reiserutene til utforskarane kartet baserte seg på.

[Henta frå MFQ 1/284: 1931]

Glubb la dessutan stor vekt på den strategiske verdien av Jebel Tubaik for Transjordan. Det var nesten umogleg å gjennomføre straffekspedisjonar mot fjellområdet utan store styrkar og han meinte at «a handful of natives familiar with the country could hold up a regiment of troops in these narrow ravines». Fordelen var derimot ei stor slette sør for kjeda der bilar kunne takast i bruk for å hindre raid. Lenger nord hadde politipatruljer ved hjelp av bilar i flatt terreng sett ein stoggar for raid, noko som hadde ført til at alle raid mot Transjordan no gjekk gjennom Jebel Tubaik. Dersom grensa vart flytta nord ville dei i følgje Glubb vere umogleg å stogge utan store styrkar og auka

³⁸⁸ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931

utgifter.³⁸⁹

Eit anna poeng var at i forhold til Hadda-avtalen hadde ein vorte einige om å oppretthalde dei tradisjonelle rettane til stammene, men dette gjaldt berre for Wadi Sirhan, ikkje Jebel Tubaik, og dimed kunne ein ikkje protestere mot *zakat* eller noko anna Ibn Saud gjorde der. Glubb var dessutan svært skeptisk til Ibn Saud sin reaksjon dersom han vart informert.³⁹⁰

Unfortunately Ibn Saud is far from being a reasonable human being. [...] [A]lthough Ibn Saud does not complain now, yet if he knew that any other interpretation could be placed on the agreement he certainly would protest. Not because he has anything to gain, but because he always does protest, abuse, shriek [and] threaten when he sees a chance.³⁹¹

Jebel Tubaik hadde, i følgje Glubb, fleire av dei same ressursane og eigenskapane som Wadi Sirhan, men staden var ikkje like ideell. Det var ein grunn til at stammene heller hadde beita i Wadi Sirhan, som var mykje rikare på vatn. Britane hadde prøvd å sikre interessene til dei transjordanske stammene so godt dei kunne, men Ahl al-Shimal-stammen sat likevel att med berre ein ein sjettedel av sitt tidlegare beiteområde. Jebel Tubaik var blitt sett på eit alternativt beiteområde med mykje brensel, vinterbeite for kamelar og ly for kulde.³⁹²

[Huwaitat] were to have Tubaik but nothing more, just as Ibn Saud was to have Wadi Sirhan but nothing more.³⁹³

Wadi Sirhan var, legg Glubb til, ein heilskapleg del av Transjordan. Dei transjordanske stammene har alltid overvintra der, noko dei må halde fram med slår Glubb fast. Wadi al-Sirhan er òg i namnet transjordansk meinte han, sidan det tyder wadien til Sirhan, ein transjordansk stamme sameina med Bani Sakhr. Han tar òg opp spørsmålet om Maan og Akaba og argumenterer grundig for kvifor desse tilhøyrer Transjordan. Dei er nemleg skilde frå resten av Hijaz ved hjelp av ei ørkenen sør for byane. Det å annektere Maan i 1925 skildrar han som å presse Hijaz si grense attende til sin naturlege posisjon. Han skriv at den lokale folkesetnaden var svært letta over at

³⁸⁹ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931: Glubb skriv at fly og bilar er ubrukeleg inne i sjølve Jebel Tubaik.

³⁹⁰ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931

³⁹¹ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931

³⁹² CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931: Douglas Carruthers, ein britisk oppdagar, skriv derimot om Jebel Tubaik som «wild, black and red sandstone ridges, without any grazing for the camels», og siterar William Shakespear under si gjennomreise: «All this country is so desolate as to be of no use for grazing, and is only traversed by raiding parties or despatch raiders.» I forhold til Glubb sin påstand om området som vern mot kulde skriv Carruthers at Tubaik var dekkja av snø om vinteren. Det er verdt å nemne at Carruthers sine påstandar er basert på sine egne og andre sine observasjonar på gjennomreise. Glubb har sannsynlegvis vore i området i lengre tid enn både Carruthers og Shakespear og har dimed fått grundigare informasjon om det. Frå Douglas Carruthers, 1922. «Captain Shakespear's Last Journey (Continued)», *The Geographical Journal*, juni, s. 401-418


³⁹³ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931

Transjordan tok over, og skildrar dei som «racially, geographically, commercially [and] historically attached to Palestine [and] Trans-Jordan, [and] were both hostile to and terrified of the Wahhabis». Glubb skildrar dimed Transjordan som ei historisk eining der han skil Transjordan frå Hijaz og bind den saman med Palestina.³⁹⁴

Makta Glubb fekk i ørkenen, og den indirekte utestenginga av stammene frå Wadi Sirhan, førte til at intensjonane bak Hadda-avtalen vart ein realitet for stammene. På eit kart frå 1958 ser ein at Huwaitat overvintra i Jebel Tubaik medan Bani Sakhr overvintrar nær dei fire småwadiane Clayton sikra til Transjordan. Kartet viser dimed at ein av dei to største stammene i Transjordan slutta å beite i Wadi Sirhan og følgde alternativa frå Hadda. Ruwala derimot beiter framleis i same området som tidlegare, mellom Homs og Jauf. Transjordan hadde anerkjend desse som syriske stammar, medan Ibn Saud framleis meinte dei var saudiske.

Rapporten til Glubb fekk snudd synet på fjellområda i søraust og ein som tidlegare talte sterk for utanriksdepartementet si line sa at det «knock[s] the bottom clean out of the FO arguments [...] I can't see any reason whatever why we should give up part of Jebel Tubaik to the Hejaz.»³⁹⁵

Our view is that the longer the present locally observed frontier continues to be administrated to the satisfaction of both Transjordan and the Hejaz Nejd Government, the smaller will be the risk of a frontier dispute when the true facts, good or bad, become known and that in the meanwhile we shall only provoke unnecessary trouble if we raise the issue.³⁹⁶



Illustrasjon 14: Migrasjonen til dei transjordanske stammene i 1958

[Henta frå Rogan og Tell 1994, s. xxvii]

³⁹⁴ CO 831/16/4: Glubb-rapport, 26. september 1931

³⁹⁵ CO 831/16/4: Notat av K. W. Blaxter, 12. desember 1931: CO lista opp fire grunnar til å halde fast ved Jebel Tubaik: (1) Springbrett for raid frå og inn i Transjordan, (2) Ville bli tilfluktsstad for «Bedouin Outlaws» sidan den var utilgjengeleg for bilar, (3) Huwaitat beita der om vinteren, (4) bilspor rundt heile området i tillegg til flystriper i sør og sørvest, utan desse ville kontroll over den søraustenden av Transjordan bli svært vanskeleg (W. R. Freeman, Air, til høgkommissæren i Palestina, 26. august 1931)

³⁹⁶ CO 831/17/4: Group Captain Richard E. C. Peirse (AIR) til FO, 23. april 1932;

Kartlegging og spørsmålet om Tutun-brønnane, 1932-1939

The damaging fact that will be revealed by the new map is that places along the de facto frontier do not stand in the same relationship to each other as they were supposed to do, and as the authorities at Mecca probably still suppose they do.³⁹⁷

Perioden frå 1932 og fram til andre verdskrig i forhold til grensa er i stor grad prega av problemet rundt kartlegginga av om regionen og kva konsekvensar dette vil få dersom saudiske styresmakter får greie på det. I tillegg til dette oppstår det tre forskjellige små grensetvistar i 1934 og 1935, alle i samband krav om brønner langs grensa.

Britane hadde prøvd å få Ibn Saud til å anerkjenne Abdullah sitt styre i Transjordan under forhandlingane om Jidda-traktaten, men Ibn Saud nekta. Etter at det vart slutt på grenseraida i 1932 prøvde dei igjen og under forhandlingane om ein venskapstraktat mellom Abdullah og Ibn Saud i 1933 kom spørsmålet om nasjonaliteten til visse delar av Umrans-stammen opp. Umrans-stammen heldt til i grenseområdet nær Akaba og Wadi Rum, men var nøydde til å kjøpe alle naudsynte forsyningar i enten Maan eller Akaba, noko som gjorde dei avhengige av godvilje frå transjordanske styresmakter. Ibn Saud gjorde likevel krav på stammen og britane gjekk med på at storparten av stammen vart saudiske, med unntak av to delar som heldt til nær Tutun.³⁹⁸

To år seinare, i februar 1935, oppretta Saudi-Arabia politistasjonar langs den transjordanske grensa, mellom anna ved Alaqaan like sør for Wadi Rum-området og nær Tutun. Denne stasjonen byrja å skattelegge eine delen av Umrans-stammen som var i Transjordan, og britane klaga over ei fiendtleg haldning i byrjinga, men forholdet skal ha betra seg etter kvart.³⁹⁹

Spørsmålet om Hazim, ein viktig brønn i nordenden av Wadi Sirhan gjekk ut på saudiske patruljer sin bruk av brønnen. Transjordanske patruljer hadde fått retten til å bruke nabobrønnen Haditha nokre år tidlegare og difor meinte saudiarane at dei kunne gjere det same ved Hazim, som dei meinte låg akkurat på grensa. Transjordanske styresmakter meinte at brønnen derimot låg på deira side, men på grunn av problema med karta svarde rett og slett britane ikkje på førespurnaden til saudiarane og la den til side. Spørsmålet vart ikkje tatt opp att, men det vart rapportert at brønnen vart nytta av både saudiske og transjordanske patruljer utan særleg store problem.⁴⁰⁰

³⁹⁷ CO 732/80/2: Telegram til P. K. Boulbois, War Office, 21. april 1938

³⁹⁸ CO 831/39/7: «Notes in incidents near Tutun», 6. september 1935 (ABD, bind 7, s. 715-720)

³⁹⁹ Årsrapport for Palestina og Transjordan, 1935, s. 307; Rapport for 1937, s. 340; Rapport for 1938, s. 351

⁴⁰⁰ CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene mellom Transjordan og Hijaz/Nejd, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.890)

Saudiske styresmakter protesterte to ganger mot at britane hadde nytta eit eller to elvefar vest for Jebel Tubaik, som veg for panserbilane sine. Desse innvendingane tyda på at saudiarane framleis nytta 1918-kartet og britane som nett hadde fått tilgang på nye kart såg at bilrutene gjekk gjennom saudisk territorium.⁴⁰¹

It was now clear that the whole Transjordan-Nejd frontier [...], and consequently also the eastern terminal (point E) of the Transjordan-Hejaz frontier, as laid down unilaterally by His Majesty's Government in 1927, were (although the Saudi-Arabian Government might not know it) open to serious doubt as the result of these surveys.⁴⁰²

På grunn av desse problema vart det foreslått å ta opp kartproblemet med Saudi-Arabia, noko britane gjorde i juli 1935. Dei sa derimot ikkje noko om nye kart, men omtala det som «difficulties in maps». Britane forslo to forskjellige løysingar, enten å la det ligge eller å oppklare det gjennom ei ny og detaljert undersøking av heile grensa. Saudiarane la derimot fram to forslag om enten å følgje den geometriske definisjonen av grensa slavisk, eller å la alle geografiske kjenneteikn ligge innanfor grenselinene på 1918-kartet. Forhandlingane drog ut, spesielt fordi britane ikkje ville at saudiarane skulle oppdage skilnadane i karta og fordi dei såg føre seg mange problem akkurat i det saudiarane vart informert om resultatata frå ei ny kartlegging.⁴⁰³

Då andre verdskrig braut ut i 1939 vart det i tillegg umogleg for Storbritannia å finne kvalifisert personell til å gjennomføre ei fullstendig kartlegging av grensa og det vart avgjort at heile saken skulle utsetjast inntil vidare.⁴⁰⁴

Storbritannia, Saudi-Arabia og Andre Verdskrig

If it is to our military advantage to use Akaba, we must clearly do so and risk the possibility of trouble with Ibn Saud.[...] It is of course desirable that whatever is done should be done with as little hoo-ha as possible.⁴⁰⁵

På slutten av 1930-talet kom spørsmålet om Akaba på ny til overflata. Til tross for at den britiske regjeringa gong på gong hadde avvist kravet frå Ibn Saud hadde han aldri trekt det. Den britiske

⁴⁰¹ CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.890)

⁴⁰² CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.891)

⁴⁰³ CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.893-897): Desse forhandlingane gjekk føre seg 1935-1938. Eit anna grunn til at det droig ut var at britane brått hadde oppdaga ei anna rute for panserbilane sine rundt Jebel Tubaik. Dette viste seg å seinare å vere feil.

⁴⁰⁴ CO 831/55/2: FO-memorandum om grensene, 20. desember 1939 (ABD, bind 9, s.889-900)

⁴⁰⁵ FO 371/24584: FO-notat, 16. februar 1940: Står elles at Ibn Saud ikkje har noko i mot *britisk* bruk av Akaba, men moglegheitene for at Abdullah skal bruke hamna dersom Transjordan blir sjølvstendig («after he has escaped from Mandatory control»)

regjeringa ynskte i denne perioden å betre forholdet med Ibn Saud og dei gjekk gjennom fleire økonomiske tiltak for å skaffe seg godvilje. I april 1938 tilråda mellom anna utanriksdepartementet at Storbritannia skulle tilby økonomisk støtte til Saudi-Arabia for å restaurere Hijazbana som hadde vore i forfall sidan første verdskrig. På grunn av for høge og ekstra kostnader i tillegg til at Saudi-Arabia ikkje klarde å skaffe nok pengar, vart prosjektet aldri noko av. Dette viste at britane var viljuge til å strekke seg langt for å oppnå saudisk godvilje, med utanriksdepartementet som frontkjempar.⁴⁰⁶

Britane vurderte òg spørsmålet om å sende våpen til Saudi-Arabia som ein anna måte å sikre seg venskapen deira og velviljug nøytralitet i tilfelle det braut ut krig. Dei var ganske klåre over at Ibn Saud ynskte våpen for å styrke maktposisjonen sin mot andre arabiske statar som Irak, Transjordan og Jemen i tillegg til urolege og opprørske distrikt og stammar internt. Utanriksdepartementet tilbød han store våpenrabattar, men våpenleveransane vart aldri noko av sidan krigsdepartementet trong alle militære ressursar sjølve.⁴⁰⁷

Britane såg seg om etter andre måtar å tilfredsstille Saudi-Arabia og dei vurderte å gje etter for nokre av Ibn Saud sine territoriale krav mot nabostatane. I august 1937 tilråda utanriksdepartementet å tilby Ibn Saud både byen og distriktet Akaba. Dei meinte at det var naudsynt, som ei følgje av den farlege internasjonale situasjonen, å setje det juridiske grunnlaget for kravet til side til fordel for politiske omsyn. På grunn av omsynet til forsvaret av Palestina og Transjordan, og Akaba si vitale rolle i samband med dette, vart derimot ikkje FO sitt forslag gjennomført.⁴⁰⁸

Daniel Silverfarb argumenterer for at denne viljen til å oppnå saudisk velvilje var unødig overdriven og at britane overvurderte trongen til dette. Før andre verdskrig var Ibn Saud i ein sopass svak posisjon at han ikkje hadde råd til å ha ei fiendtleg haldning til britane. Han håpa i tillegg på at britane skulle fornye subsidiane han hadde motteke mellom 1917 og 1924. Britane på si side hadde sopass store styrker i Midtausten at dei kunne hindre Saudi-Arabia sine oljeinntekter ved å stenge hamner (t.d. Ras Tanura), blokkere all matimport, bombe hamner med marinen, bombe byar med flyvåpenet eller oppfordre til opprør hjå dei saudiske stammene gjennom Transjordan og Irak.⁴⁰⁹

Utanriksdepartementet utarbeidde i 1940 eit memorandum om i kor stor grad Ibn Saud sitt krav om Akaba og Maan var legitimt. Memorandumet konkluderte:

⁴⁰⁶ Silverfarb, D., 1983. «Britain and Saudi Arabia on the Eve of the Second World War» i *Middle Eastern Studies*, Oktober

⁴⁰⁷ Silverfarb 1983, s. 408

⁴⁰⁸ Silverfarb 1983, s. 408

⁴⁰⁹ Silverfarb 1983, s. 408-410


In conclusion, it may be said that Ibn Saud's claim has no merits in itself. Akaba – and still less Maan – are of no value to Saudi Arabia, which has a long coast-line and infinite stretches of desert. But both places, and especially Akaba, are of great importance to Transjordan, which has no other outlet to the sea.⁴¹⁰

Grensespørsmålet mot Saudi-Arabia vart tatt opp og diskutert fleire gonger, men britane fann aldri ei løysing på det. Langs Wadi Sirhan var det eit problem med presiseringa av grensa og kvar den faktisk låg, medan i Maan og Akaba var det eit spørsmål om krav på området. Heile tida opprettheldt britane *de facto*-grensa mot Saudi-Arabia framfor den geometriske grensa definert i Hadda-avtalen, noko saudiske styremakter gjekk med på, enten dei visste om det eller ikkje. Det var derimot tydeleg at status quo ikkje kunne vare, men i 1946 var ikkje det lenger britane sitt problem.

ISRAEL GJER AKABA MEIR VIKTIG

Den 25. mai 1946 vart emiratet Transjordan sjølvstendig og endra namnet til Det hashemiske kongedømet Jordan og emir Abdullah vart konge. Palestina var framleis under britisk mandatstyre, men Storbritannia var sterkt svekka etter andre verdskrig og overlet problema i Palestina til det nyoppretta Sameinte Nasjonar (FN) i 1947, som vedtok å dele landet mellom jødar og arabar same år. 14. mai 1948 drog britane og jødane erklærte staten Israel for oppretta. Jordan og dei andre arabiske nabolanda invaderte Palestina og det braut ut krig med Israel. Då krigen vart avslutta i 1949 sat Jordan att med Vestbreidda, men utan tilgang til Middelhavet. For Akaba sin del hadde arabiske flyktingar frå Israel auka talet på innbyggjarar til om lag fire tusen.⁴¹¹

Med opprettinga av staten Israel og i den påfølgjande krigen mista Jordan brått tilgangen til to av landet sine naturlege utløp til havet, Haifa og og Jaffa. Jordan stod med eit føre to val, anten kunne



Illustrasjon 15: Akababukta i 1954

[Henta frå Melamid 1957, s. 234]

⁴¹⁰ FO 371/24584: Ibn Saud's claim to Akaba and Maan, 12. januar 1940: Skrive av FO Eastern Department. Dette memorandumet baserer seg i stor grad på eit eldre memorandum frå 1925 (CO 732/75/4: FO Memorandum 1925)

⁴¹¹ Melamid 1957, s. 235

landet ta i bruk hamna i Beirut eller utvikle si eiga vesle hamn i Akaba. Jordanske styresmakter valde til slutt å satse på Akaba, med si snaue 6 kilometer lange kystline. Akaba låg heile 360 km frå Amman, men ein slapp å krysse to statsgrenser, slik ein var nøydd til for å kome til Beirut, som låg 330 km frå Amman. Beirut baud i tillegg på høge shipping-kostnadar og i 1952 byrja Jordan for alvor å ta i bruk Akaba.⁴¹²

Til tross for at Akaba låg innanfor dei jordanske grensene, var det likevel ikkje eit heilt naturleg val. På byrjinga av 1950-talet var Akaba framleis ein noko utilgjengeleg del av Jordan. Byen låg langt frå dei folkerike delane av Jordan og frå forekomstane av fosfat, som var ei av dei viktigaste eksportvarene til Jordan. Ein annan grunn til at ein valde å satse på Akaba var at Beirut ikkje var i stand til å handtere stor trafikk med fosfat. For best å utnytte Akaba var det naudsynt å betre kommunikasjonen med byen, noko som var enklare sagt enn gjort. I 1950 gjekk kontakten til Akaba først på eit smalt jarnbanespor til Maan, dinest 42 km med eit nyare jarnbanespor lagt i 1942⁴¹³ til Naqb Ishtar (Ras en-Naqb) og til slutt på ein 80 km lang veg til Akaba. Jordan satsa på å utbetre vegnettet i landet framfor jarnbane.⁴¹⁴

Med dette nye fokuset på Akaba vart problemet med grensa til Saudi-Arabia meir tydeleg. Med ei svært kort kyststripe var det ikkje mykje rom for utbygging eller potensiale på jordansk side. Grensa var heller ikkje anerkjend sidan Ibn Saud framleis la krav på området. For best å kunne utnytte den aukande handelen via Akaba var Jordan nøydde til å kome til ei ny grenseordning med Saudi-Arabia.

EI NY GRENSE, 1965

Trass i venskapsavtalen frå 1933, var forholdet mellom Saudi-Arabia og Jordan langt frå vennleg. Denne fiendskapen mellom statane baserte seg på forholdet mellom Abdullah og Ibn Saud. Det var ikkje før Abdullah var drepen i 1951 og Ibn Saud døydde i 1953 at dei to største hindringane for tilnærming mellom statane forsvann. I Saudi-Arabia tok Saud, eldste son til Ibn Saud, over som konge, medan Hussein, soneson til Abdullah, vart konge i Jordan i 1953.

Då Gamal Abd al-Nasser gjennomførte statskupp i Egypt i 1952 vidareførte kong Saud faren sitt vennlege forhold til Egypt. Ibn Saud hadde sidan 1940-talet hadde gode relasjonar til Egypt for

⁴¹² Hindle, P., 1966. «'Aqaba: An Old Port Revived» i *The Geographical Journal*, Mars, s.64-68; Reyner, A. S., 1967. «The Strait of Tirân and the Sovereignty of the Sea» i *Middle East Journal*, s. 403-408; Melamid 1957, s. 235

⁴¹³ Bygd av allierte styrkar

⁴¹⁴ Hindle 1966, s.64-68; vegprosjektet vart til det som er kalla «Desert Highway» i Jordan i dag.

motarbeide påverknaden frå Irak og Jordan.

Frå uven til ven: Tilnærminga mellom Saudi-Arabia og Jordan

I eit forsøk på å kontrollere Nasser sin innverknad i Jordan av slo kong Hussein Storbritannia sitt ynske om dei skulle bli med i Bagdad-pakta, ein britisk-inspirert allianse for å hindre Sovjetunionen i å få eit fotfeste i Midausten. Irak hadde allereie blitt med i 1955, men Hussein heldt seg utanfor grunna press frå Nasser og politisk uro som debatten om pakta hadde skapt i Jordan. Nasser sin retorikk om arabisk nasjonalisme og samhald og motstand mot mellom anna Storbritannia fann grobotn i den arabiske verda og i Jordan. Hussein prøvde i byrjinga å støtte opp om den arabiske nasjonalismen, men då ein radikal opposisjon, inspirert av panarabisme, nesten klarde å velte det jordanske regimet i april 1957, vendte Hussein seg mot Vesten att. Hussein hadde like før prøvd å distansere seg frå britane og dimed avslutta traktaten med dei. Dei britiske subsidiane landet hadde vore heilt økonomisk avhengig av tok dimed slutt, men Hussein hadde sikra seg ein avtale om økonomisk støtte frå Saudi-Arabia, Syria og Egypt. Diverre for Hussein var det berre Saudi-Arabia som faktisk kom til å betale sin del av den økonomiske stønaden til Jordan. Grunnen til dette var Hussein vendte seg mot USA, noko som ikkje var godt mottatt i Egypt og Syria.⁴¹⁵

Saudi-Arabia hadde inngått ein gjensidig forsvarsavtale med Egypt i 1955 som svar på at Irak hadde blitt med i Bagdadpakta. Det vart likevel klårt for kong Saud at alliansen med Egypt var eit mistak. Under Nasser sitt statsbesøk til Saudi-Arabia i september 1956 forstod kong Saud at Nasser sin retorikk og støtte i folket kunne true makta hans. Eit kuppforsøk i Saudi-Arabia i 1955 hadde vore inspirert av Nasser. Alliansen rann difor sakte ut i sanden og i 1958 var den historie. Som ei følge av dette byrja kong Saud å nærme seg sine tidlegare erkefiendar i Jordan og Irak, og i 1957 drog han på statsbesøk til Irak. Det var òg no i Saudi-Arabia si beste interesse at Hussein sat med makta i Jordan, noko pengeoverføringane hadde vist. Hussein svarte med å dra på statsbesøk til Saudi-Arabia like etter.⁴¹⁶

Forholdet mellom Saudi-Arabia og Jordan betra seg difor på 1950-talet og i 1958 byrja det vekse det fram ei kløft mellom konservative (Jordan, Irak, Saudi-Arabia) og radikale (Egypt og Syria) statar i den arabiske verda. Dette vart spesielt tydeleg etter opprettinga av Den sameinte arabiske republikk i februar 1958, ein union mellom Egypt og Syria. Jordan gjekk difor i union med Irak to veker etter, men denne var kortlevd sidan eit Nasser-inspirert statskupp i Irak som gjorde slutt på

⁴¹⁵ Al-Rasheed 2002, s. 114-116; Rogan 2004, s. 91-99; Cleveland 2003, s. 331:

⁴¹⁶ Al-Rasheed 2002, s. 115-117; Rogan 2004, s. 101-102

det hashemiske regimet der i juli same år. Hussein hadde fyrst prøvd å alliere seg med kong Saud, men vart avvist fordi Saud vente og sjå korleis situasjonen utvikla seg.⁴¹⁷

Kuppet i Irak førte til at Jordan no hadde fiendtlege arabiske statar på to kantar i tillegg til Egypt. Landet hadde framleis store økonomiske problem sidan Saudi-Arabia avslutta avtalen om subsidiar i januar 1958. USA hadde rett nok sendt økonomisk bistand i desember 1957, men det var naudsynt med ein langvarig plan. Storparten av importen gjekk dessutan gjennom hamna i Beirut, noko som førte til at tilførselen av olje stogga opp då Syria stengde grensene. Saudi-Arabia forsynte landet med olje fram til andre løysingar kom på plass. Hamna i Akaba var framleis ikkje godt nok utbygd og moglegheitene for utbygging var heller ikkje særleg store so lenge grensa mot Saudi-Arabia var uavklart og kyststripa berre var seks kilometer lang.⁴¹⁸

I 1961 braut unionen mellom Syria og Egypt saman, noko som var til fordel for Jordan sidan dette reduserte trugsmålet mot staten. Etter kollapsen braut det ut ein borgarkrig i Jemen i 1962 mellom konservative rojalistar og radikale republikanarar. Dette polariserte den arabiske verda ytterlegare sidan Egypt gjekk inn på republikansk side medan Saudi-Arabia støtta den andre parten. Hussein og Jordan la seg på ei konservativ line og støtta rojalistane, noko som betra forholdet med Saudi-Arabia og det vart etablert eit sams forsvarsråd. Nye kupp i Irak og Syria i 1963 førte derimot til at den jordanske støtta til rojalistane vart svekka og tona ned. I 1964 kjølna forholdet mellom Jordan og Saudi-Arabia ein liten periode grunna jordansk anerkjening av republikanarane i Jemen, men i 1965 byrja den på ny å tine etter at Feisal, den tredje sonen til Ibn Saud, hadde tatt over som konge året før etter ein lang maktkamp med Saud.⁴¹⁹

Grenseavtalen i 1965

I 1965 kom spørsmålet om ei endring av grense mellom Jordan og Saudi-Arabia opp på ny. Jordan ynskte å utvide hamna i Akaba sørover til eit punkt nærmare den saudiske grensa og i tillegg tileigne seg eit naturområde for å trekke til seg turistar. Kong Hussein var ynskte i tillegg å betre relasjonane med Saudi-Arabia. Kontakten mellom statane vart tettare og i mars vitja den saudiske forsvarsministeren, prins Sultan, Jordan. Kong Hussein tok no initiativ og tok opp spørsmålet om

⁴¹⁷ Charles Johnston, britisk ambassadør i Jordan, til FO, 1. februar 1958 (Records Vol. 10); Rogan 2004, s. 102-104: Ironisk nok var kuppet i Irak gjort mogleg på grunn av sjølve unionen. Kuppet vart gjennomført då ein tropp med soldatar reiste gjennom Bagdad på veg til Jordan.

⁴¹⁸ H. Dudgeon til W. Combs, 4. desember 1957; Johnston til FO, 1. februar 1958 (Records: bind 10); Rogan 2004: s. 103-104: Rett etter kuppet i Irak ba Hussein Storbritannia om hjelp, noko som medførte at britane flaug inn 2.000 fallskjermssoldatar frå Kypros. Desse vart verande i Jordan i eit år. (Cleveland 2003, s. 332)

⁴¹⁹ FO 371/180737: Notat av John Sanders, FO, 3. mars 1965; Rogan 2004, s. 114-116

grenser saman med ynsket om ei lengre kystline. Sultan lova å prøve å møte desse ynska.⁴²⁰

I mai inviterte Jordan som ei følgje av dette Saudi-Arabia til å sende representantar for å diskutere grensespørsmålet. Jordanarane var òg førebudde på å sende representantar til Saudi-Arabia. I juni vart det rapport i jordansk media at to komitear var sett ned, ein jordansk og ein saudisk, for å forhandle om grensa, og seinare demarkere denne. Ein venta at Jordan skulle få sju kilometer kyst mot eit liknande område innanlands. Forhandlingane sette i gang i Amman 7. juli.⁴²¹

Saudiarane ynskte å få to til tre forskjellige og store ørkenområder, noko som førte til at det no vart eit spørsmålet om heile grensa mellom Jordan og Saudi-Arabia, ikkje berre den mot Hijaz. Ibn Saud sitt gamle krav om ein landkorridor til Syria vart tatt opp på nytt i form av eit forslag, eit teikn på at saudiarane stod i ein sterk forhandlingsposisjon. Saudiarane tilbydde Jordan eit 2,5 km² stort landområde ved kysten mot eit 30 km brei korridor til Syria.⁴²² I motsetnad til 1925, gjekk det no ein oljeleidning mellom Irak og Jordan i området, og forslaget førte til litt uro i det britiske utanriksdepartementet.⁴²³ Korridoren til Syria vart det derimot ikkje noko av.

Grenseavtalen mellom Jordan og Saudi-Arabia var skriven under 9. august 1965, etter vel ein månad med forhandlingar. Den vart ratifisert av Jordan 17. august og av Saudi-Arabia 29. august same år. Ein formell seremoni var haldt 7. november ved grensestasjonen Buraij, tidlegare saudisk område, no jordansk.⁴²⁴

Resultatet av avtalen var at Jordan fekk 6.000 km² av saudisk territorium og dimed ei 19 km lenger kystline, medan Saudi-Arabia fekk 7.000 km² av jordansk territorium, mellom anna heile Jebel Tubaik-regionen. Den mest markante delen av avtalen var at Jordan fekk utvida kyststripa til 25 km, der den tidlegare hadde berre vore 6 km. Eit anna særpreg med avtalen var at dersom det vart oppdaga olje eller biprodukt av olje i områda som var utveksla skulle inntektene delast likt mellom Jordan og Saudi-Arabia.⁴²⁵

Den britiske ambassadøren i Jordan, Alan Urwick, meinte at det aldri var noko særleg stor tvil om at det ville bli inngått ein avtale grunna godviljen som eksisterte på baa sider. Månaden med forhandlingar gjekk for det meste på avgjersler om tekniske detaljar. Urwick skriv at avtalen var «a

⁴²⁰ FO 371/180737: Oliver Miles til John Sanders, FO, 11. mars; Alan Urwick, britisk ambassadør til Jordan, til Sanders, FO, 26. mars; Urwick til Alan Goodison, FO, 18. juni 1965

⁴²¹ FO 371/180737: Urwick til Sanders, 13. mai, 11. juni; Urwick til Goodison, 17. august 1965

⁴²² FO 371/180737: Urwick til Goodison, 18. juni 1965; C. G. Man, Jidda, til Frank Brenchley, FO, 23. juni 1965

⁴²³ FO 371/180737: Notat (minute) av Sanders, 30. juni 1965

⁴²⁴ FO 371/180737: Urwick til Goodison, 10. november 1965

⁴²⁵ FO 371/180737: Urwick til Goodison, 17. august; SWB utdrag av avtalen, 10. august (sjå vedlegg); BBC Monitor, nr. B14, 7. august; BBC Monitor nr. B55, 10. august 1965; Engelsk omsetjing av grenseavtalen, vedlegg til: Urwick til Goodison, 17. august 1965

triumph for common sense [...] simple but ingenious» men trekk spesielt fram punktet om deling av oljeinntekter, som han meite kunne utvikla seg til «a serious stumbling block».⁴²⁶

Det var ikkje berre ambassadør Urwick som hylla avtalen. Drysdale og Blake skildrar grensa som svært kreativ, medan Richard Schofield, historisk geograf med Midtausten som spesialfelt, skreiv i 1997 at denne avtalen «remains the most imaginative territorial settlement yet concluded within the Arabian peninsula/Gulf region». Han legg til at avtalen kunne vorte brukt med hell som ein vellukka modell for løysinga på grensekonflikten mellom Irak og Kuwait før invasjonen i 1990.⁴²⁷

Given the distinctly problematic nature of Saudi-Jordanian relations historically, the agreement was deservedly heralded in the international media.⁴²⁸

Til tross for desse lovorda er avtalen sjeldan nemnd i fagbøker, og endå mindre utdjupa. Sidan det ikkje er tilgang til statsarkiva i Jordan og Saudi-Arabia, er det svært få kjelder på avtalen.⁴²⁹ Det er tydeleg at Storbritannia si rolle i Jordan var redusert til ein tilskodar, det var jordanarane og saudiarane som forhandla seg i mellom medan britane observerte frå sidelina. Etter at avtalen var signert, tok det lang tid før britane fekk vite dei nøyaktige koordinatane for den nye grensa.⁴³⁰

Ein markant skilnad mellom denne grenseavtalen og Hadda-avtalen er rolla til beduinstantamane. Kva konsekvensar 1965-avtalen hadde for stammene i området er lite omtalt. Mykje av området som var bytt til Saudi-Arabia var jo, slik Glubb tolka Hadda-avtalen, nettopp for å sikre beiteområder til beduinstantamane som kompensasjon for Wadi Sirhan. Urwick nemner det berre kort:

The only losers appear to have been the Huwaitat tribes whose traditional grazing grounds in the Jebel Tubaiq will now be in Saudi Arabia.⁴³¹

Det at Urwick skildrar Jebel Tubaik som stammen sine tradisjonelle beiteområder er interessant sidan det berre er 40 år sidan desse vart tildelt Huwaitat. Det går fram av avtalen at det store problemet britane hadde rundt stammar, beiteområder og trugsålet frå wahhabismen ikkje lenger var gjeldande, eller like viktig, i 1965. Til tross for at beduinar hadde stor makt i Jordan, noko dei

⁴²⁶ FO 371/180737: Urwick til Goodison, 17. august 1965

⁴²⁷ Drysdale og Blake 1985, s. 80; Schofield, R. (red.), *Arabian Boundaries: New documents 1965, 1997*. s. v (føreord)

⁴²⁸ Schofield 1997, s. v (føreord)

⁴²⁹ Det meste er å finne ved Nasjonalarkivet i Kew (FO 371/180737), men dette er i stor grad ambassadekorrespondanse som baserer seg på media, informantar og intervju med sentrale aktørar.

⁴³⁰ FO 371/180737: FO-notat, 7. mars 1966

⁴³¹ FO 371/180737: Urwick til Goodison, 17. august 1965

framleis har, resulterte likevel etableringa av moderne statar og statsmakt slutten på beduinane sin kontroll over ørkenen og steppene saman med ei gradvis redusering av deira tradisjonelle økonomiske moglegheiter. Beduinane hadde sakte vorte tvungne til å skifte frå kameldrift til sauedrift, gå over til jordbruk eller andre yrke. Delar av Huwaitat hadde til dømes slått seg ned som jordbrukarar rundt Maan på 1930-talet.⁴³² Av den grunn hadde ikkje Jebel Tubaik same verdi i 1965 som i 1925. For staten Jordan var det mykje viktigare å kunne utvide hamna i Akaba.

Det var likevel tatt omsyn til beduinane og fleire av prinsippa frå Hadda-avtalen vart vidareførte. Både statane tok på seg å trygge beiterettar og bruksrettane til vassbrønner. Stammene skulle i tillegg vere underlagt lover og reglement for statane dei opphaldt seg i til ei kvar tid. Prinsippet om fri ferdsel av varer og folk tilhøyrande ein av statane vart gjennomført saman med at dei fekk reise tollfritt dersom dei haldt seg til avtalte ruter.⁴³³ I forhold til beiting fekk dessutan Jordan ein større del av dei fire småwadiane langs Wadi Sirhan, sannsynlegvis grunna beiteområder til stammene.

I tillegg til dette var statsmakta mykje sterkare og hadde betre kontroll over beduinane enn tidlegare. Framtida til Transjordan var usikker i 1925 og Ibn Saud haldt framleis på å ekspandere riket sitt, noko som gjorde spreinga av wahhabisme til ein faktor. Mange av dei tidlegare faktorane britane hadde lagt til grunne for utforminga av grensene var med andre ord ikkje like aktuelle førti år seinare. Det same gjaldt for britane sjølve som ein faktor.

Det er viktig å poengtere at det i 1965 var eit sjølvstendig Jordan som forhandla, ikkje ei kolonimakt med sterke eigeninteresser. Kunnskapen om området var i tillegg større, den internasjonale og regionale politiske situasjonen var ganske annleis, i tillegg var statane Jordan og Saudi-Arabia ikkje dei same statane som Transjordan og Nejd i 1925.

Grunna krigen mellom Israel og dei arabiske nabostatane i 1967 vart Suezkanalen stengd fram til 1975. Dette sette ein mellombels stoppar for utvidinga av hamna i Akaba.⁴³⁴

Grensa som vart avtalen i 1965, og seinare demarkert, er den noverande grensa mellom Jordan og Saudi-Arabia. Grensebyteavtalen vart omtala i The Times dagen etter den var underskriven i Amman med artikkelen «Dotted Lines in the Desert»:

It is always cheering to hear of frontier problems being peacefully settled by direct talks, and nowhere more so than in Arabia, where the long straight lines drawn across the maps have often caused resentment

⁴³² FO 406/72: Kort rapport av A. S. Calvert etter ei reise langs Transjordan si sørlege grense, 27. april 1934; Toth 2005, s. 145-146, 166-167; Alon 2006, s. 78-79


⁴³³ FO 371/180737: Engelsk omsetjing av grenseavtalen, vedlegg til: Urwick til Goodison, 17. august 1965

⁴³⁴ Drysdale og Blake 1985, s. 112

GRENSER I DET GRENSELAUSE

among the peoples who are supposed to confine themselves to one side or the other of the invisible barrier. Jordan and Saudi Arabia are the two countries which now have agreed to settle old differences. On the face of it not much is involved in either way – only a few square miles of in a barren landscape. [...]

It may not sound much for two friendly neighbours to settle the title of land where nobody lives and nothing grows. But it is only fairly recently that these particular neighbours have been friendly. The two kingdoms came into being at the end of the First World War as enemies. [...] Rulers of the new generation – King Feisal of Saudi Arabia, as well as King Husain – see the wastefulness of keeping old feuds alive. They have shown that, given time and good will, the dotted lines cartographers use to mark a disputed frontier can come out of date. There are plenty of other dotted lines for the same virtues to get to work on.⁴³⁵



Illustrasjon 16: Grensebyteavtalen 1965

⁴³⁵[Henta frå FO 371/180737: Map Draft 12. november 1965]

7. KONKLUSJON OG OPPSUMMERING

Grensene som vart oppretta mellom Transjordan og Hijaz/Nejd i 1925 var eit produkt av både eksterne og interne faktorar. Den eksterne faktoren var i hovudsak Ibn Saud og Ikhwan-rørsla medan den interne var beduinstantmane i Transjordan. Ein tredje faktor var Storbritannia sine imperialistiske og strategiske behov.

Etter fyrste verdskrig såg ikkje Storbritannia nokon særleg stor verdi i Transjordan anna enn som ein landkorridor til Irak for å sikre sambandslinene til India. Den verdien landet hadde å by på, var den geografiske plasseringa som eit område mellom Palestina og Irak. På grunn av dei store økonomiske utgiftene etter verdskrigen førte britane ein minimalismepolitikk for å spare pengar der dei helst ville unngå store militære engasjement med usikre resultat. Som ei følgje av dette ynskte britane difor ikkje å okkupere og styre Transjordan direkte, men indirekte gjennom rådgjevarar og representantar.

Det var fyrst då Ibn Saud erobra Jauf i sørenden av Wadi Sirhan og at Ikhwan gjennomførte eit raid like sør for Amman at den søraustlege ørkenen og Transjordan auka i verdi i britiske auge. Ved å gå inn i Wadi Sirhan trua Ibn Saud den britiske landkorridoren. Sjølv ynskte han ein handelskorridor til Syria. Ibn Saud representerte samstundes, gjennom Ikhwan-rørsla, både ein militær og ein religiøs-ideologisk trussel mot Transjordan. Tidleg på 1920-talet var Transjordan framleis eit land der dei lokale beduinstantmane utgjorde ein stor maktfaktor. Britane hadde fortstått dette på eit tidleg tidspunkt og såg i utgangspunktet på beiteområda til dei transjordanske stammane som innanfor Transjordan, noko som inkluderte heile Wadi Sirhan. Problemet var berre det at dei ikkje var viljuge til å setje inn store militære styrkar for å ta området frå Ibn Saud når han fyrst hadde lagd det under seg.

Ibn Saud la difor direkte press på britane om å etablere ei fast grense mellom Nejd og Transjordan. Han gjorde det same mot Maan-distriktet då han trua med å sende ei styrke til Akaba for å jage ut Hussein i 1925. Britane svarde då med å «invitere» Hussein bort og annekterte Maan-distriktet til Transjordan. Det var ei *ad hoc*-løysing i den forstand at britane vart tvungne til å handle raskt. I erklæringa av denne grensa tok ikkje britane omsyn til den lokale folkesetnaden slik dei seinare gjorde i Wadi Sirhan. Grensa her vart erklært utelukkande for å sikre britiske strategiske behov med tanke på forsvaret av Palestina og Egypt.

Den *fyrste* hypotesen min er difor berre delvis rett. Lokale forhold spelte ei viktig rolle i

opprettinga av grensene, men britane sine to største strategiske behov vart likevel ståande, nemleg landkorridoren til Irak og kontrollen over Akaba og Maan. Desse var dei førebudde på å forsvare med militærmakt. Britane ville mellom anna ikkje akseptere at Palestina skulle grense mot eit wahhabisk Hijaz. Det ville ha ført til at Transjordan ville ha mista mykje av verdien som landet allereie hadde som buffer mot wahhabismen. Dei ville heller ikkje at landkontakten mellom Irak og Transjordan vart broten og at Ibn Saud fekk ei grense til fransk Syria.

Storbritannia og Ibn Saud hadde i tillegg utvikla eit gjensidig forhold til kvarandre der ingen av dei såg seg tente med ei væpna konflikt med den andre. Ibn Saud kunne ikkje utfordre britane militært og britane ynskte å unngå eit engasjement i ørkenen der utfallet ville vere usikkert. Britane ynskte i tillegg ein ny avtale med Ibn Saud sidan han vart den nye herskaren av Hijaz og dei islamske heilage byane. Ibn Saud pressa likevel britane so langt han kunne og dei gjekk med på ei minimumsgrense i Transjordan.

Presset frå Ibn Saud i Wadi Sirhan førte òg til at han stod i ein sterkare forhandlingsposisjon på grunn av britane sin minimalismepolitikk i Transjordan der dei hadde minimalt med militære styrkar. Dei stod dimed i ein svakare posisjonen enn i Irak. Det at beduinstammene framleis var ein maktfaktor i Transjordan førte òg til at trugsmålet frå wahhabismen spelte inn. Dersom stammene sverja truskap til Ibn Saud og wahhabismen ville britane sine minimalistiske planar kome under sterkt press. Britane var difor viljuge til å gje frå seg Kaf, ein stad dei tidlegare hadde tillagt stor strategisk verdi, i byte mot ein grenseavtale med Ibn Saud. Dette stadfestar den *andre* hypotesen min.

Den *trede* hypotesen min er derimot ikkje heilt korrekt. Sjølv om den seinare utviklinga ikkje skulle tilseie det, so vart den lokale folkesetnaden tatt omsyn til under Hadda-avtalen. Den britiske kunnskapen om området var i 1925 ikkje den beste, men grensa vart forma ut i frå ein intensjon om at dei transjordanske stammene skulle bli kompenserte for Wadi Sirhan. Den store maktfaktoren beduinstammene i Transjordan representerte på byrjinga av 1920-talet tvang britane til å ta omsyn til dei og deira tilgang på beiteområder i frykt for at beduinstammene skulle gå over til Ibn Saud og wahhabismen dersom britane ikkje kunne tilby dei tryggleiken dei trong og vinterbeiter for kamelane deira.

Clayton sikra difor både Jebel Tubaik og fire småwadiar langs Wadi Sirhan til Transjordan som beiteområde til stammene. Jebel Tubaik er i tillegg eit fysisk dømme på at det vart tatt omsyn til beduinstammene. Glubb hevda at fjellområdet gjekk til Transjordan utelukkande av omsyn til

Huwaitat-stammen fordi grensa, slik den vart trekt opp, var ulogisk ut i frå eit forsvarsperspektiv, og meinte garnisonar i Maan, Mudawara og Akaba ville ha vore nok til å forsvare Palestina, som britane var mest uroa for.⁴³⁶ Stammane var i tillegg tatt grundig med i Hadda-avtalen der sju av seksten paragrafar omhandlar korleis partane skulle forholde seg til desse.

Problemet var heller det at britane ikkje såg føre seg korleis den økonomiske og økologiske situasjonen skulle utvikle seg for stammane. Beiteområda som var kompensasjon for Wadi Sirhan var ikkje like verdifulle når det var tørketider.

Dette omsynet til den lokale folkesetnaden gjaldt derimot berre Wadi Sirhan og Hadda-avtalen sidan det kom til ei einseitig løysing i Maan-distriktet frå britane si side der Ibn Saud til slutt gjekk med på å oppretthalde status quo.

I forhold til dei forskjellige grenseformene nemnd av Drysdale og Blake kan ein rekne heile den transjordanske grensa med Hijaz og Nejd som ei *kompleks* grense. Britane definerte grensa i hovudsak *geometrisk*, men òg *antropogeografisk* i den forstand at den fungerte som eit religiøst skilje mot wahhabismen.

I forhold til Drysdale og Blake sine fire typar grensekonfliktar gjeld grensa mellom Transjordan og Nejd/Hijaz for minst tre av dei: *posisjonskonflikt* gjennom status quo-situasjonen i Wadi Sirhan fram til Hadda-avtalen, og dinest problemet med karta som oppstod på 1930-talet og som haldt fram heilt til 1965; *territorialkonflikt* med Ibn Saud sitt krav om Maan-distriktet; *brukskonflikt* på grunn av utfordringane opprettinga av grensa skapte for rørslemønsteret til beduinastammane. Den siste typen, *konflikt om ressursar på tvers av grenser*, er ikkje like gjeldande i like stor grad sidan det ikkje er snakk om at Saudi-Arabia utnyttar beitemarkene på bekostning av dei transjordanske stammane, men at dei skattelegg dei.

Den lokale politiske utviklinga påverka i høgste grad britisk politikk med tanke på opprettinga av grensene. Ibn Saud tvang britane til å ta stilling til områda, noko som resulterte i at baa grenseløysingane bar preg av hastverksarbeid, noko som kom til syne dei neste åra. Dei sentrale faktorane var britane sin uvilje til å engasjere seg militært i Transjordan, Ibn Saud sin ekspansjon saman med wahhabismen, noko britane frykta nok til at dei tok omsyn til beduinastammane.

Det var ikkje før alle dei opphavlege faktorane til grenseløysingane i 1925 enten hadde forsvunne eller endra karakter at det var mogleg å få i stand ei endringa av grensa. I løpet av dei neste førti åra mista Storbritannia si rolle som stormakt i Midtausten samstundes som beduinane

⁴³⁶ CO 831/16/4: Glubb Memo, 26. september 1926

GRENSER I DET GRENSELAUSE

gjekk gradvis vekk frå nomadisme, noko som var ei følge av dei økonomiske nedgangstidene og den økologisk krise på 1930-talet, i tillegg til at dei gradvis var inkorporert i staten. Då Abdullah og Ibn Saud døydde på 1950-talet forsvann òg dei to største hindringane for tilnærming mellom Jordan og Saudi-Arabia. Grenseavtalen mellom dei to landa i 1965 var heller inga hasteløysing slik som i førti år tidlegare og dei skaffa seg ei god løysing som framleis varer.

LITTERATURLISTE

UPUBLISERTE KJELDER

Arkivkjelder er henta frå Nasjonalarkivet i Kew, London, tidlegare Public Record Office.

AIR 5: Air Historical Branch: Papers (Series II)

AIR 5/332: Conference at Koweit (Kuwait) between Nejd, Trans-Jordania and Iraq for settlement of boundaries [1922-1924]

AIR 5/397: Policy re: Kaf and Wadi Sirhan [1923-1925]

CO 732: Middle East Original Correspondence

CO 732/33/8: Middle East Frontiers - War Office Maps [1938]

CO 732/75/4: Akaba and Maan – FO Memorandum, Prepared in 1925, [1936]

CO 732/80/2: Middle East frontiers: War Office maps [1. mars – 5. mai 1938]

CO 733: Palestine Original Correspondence

CO 733/18: Palestine [1. januar – 15. februar 1922]

CO 733/19: Palestine [16. februar – 15. mars 1922]

CO 733/21: Palestine [16. april – 15. mai 1922]

CO 733/24: Palestine [August 1922]

CO 733/25: Palestine [September 1922]

CO 733/71: Palestine [8.-31. juli 1924]

CO 733/72: Palestine [August 1924]

CO 733/73: Palestine [September 1924]

CO 733/94: Palestine [8-30. juni 1925]

CO 733/95: Palestine [Juli 1925]

CO 733/134/4: Negotiations with Ibn Saud about frontier: Akaba and Maan [5.-31. januar 1927]

CO 733/142/1: Frontier between Palestine and Trans-Jordan [1927]

CO 831: Transjordan Original Correspondence

CO 831/4/1: Rectification of frontier with Syria [1929]

CO 831/11/1: Trans-Jordan-Hedjaz-Nejd: memorandum on raiding by Captain J.B. Glubb [1931]

CO 831/16/4: Alignment of Hejaz and Nejd frontiers [1931]

CO 831/17/4: Alignment of Hejaz and Nejd frontiers [1932]

CO 831/17/9: Frontier relations between Trans-Jordan, Hejaz and Nejd [1932]

CO 831/28/8: Preparation of a map of Hejaz-Trans-Jordan frontier area [1934]

FO 141: Embassy and Consulates, Egypt: General Correspondence

FO 141/440/3: Palestine: Administration of Transjordan – Part I [1920-1921]

FO 141/440/4: Palestine: Administration of Transjordan – Part II [1921-1925]

FO 141/687/4: Emirate of Hail and Jebel Shammar: Letter to King George from Ibn Raschid, Raschid's connection with Turks and hostility to Ibn Saud [1919-1921]

FO 141/813/20: Transjordan: boundaries [1924-1927]

FO 371: Political Departments: General Correspondence from 1906-1966

FO 371/8945: Arabia [1923]

FO 371/10816: Arabia [1925]

FO 371/24584: Ibn Saud's claim to Akaba and Maan and possible use by H.M. Government [1940]

FO 371/52797: Saudi Arabia-Transjordan frontier situation [1946]

FO 371/68775: Saudi Arabian - Transjordan frontier [1948]

FO 371/180737: Political relations: Saudi Arabia [1965]

FO 406: Confidential Print Eastern Affairs

FO 406/57: Further Correspondence Part XVIII [januar – juni 1926]

FO 406/58: Further Correspondence Part XIX [juli – desember 1926]

FO 406/59: Further Correspondence Part XX [januar – juni 1927]

FO 406/72: Further Correspondence Parts XXXIV & XXXV [1934]

FO 624: Embassy, High Commission and Consulate, Iraq: General Correspondence

FO 624/42: Koweit Conference: Bin Saud [1923-1924]

FO 684: Consulate, Damascus, Syria: General Correspondence and Registers of Births and Marriages

FO 684/1: Nejd Affairs Damascus [1924]

FO 684/2: Damascus Consulate – General Correspondance [1924-1925]

FO 684/3: Damascus – Nejd (political) [1926]

FO 686: Jedda Agency: Papers

FO 686/17: Bin Saud [Mar. 1919 - Jun. 1919]

FO 686/18: Bin Saud [June 1919 - June 1920]

FO 686/19: Bin Saud [Jul. 1920 - Dec. 1922]

FO 686/20: Bin Saud [Jan. 1923 – Aug- 1924]

FO 686/21: Bin Saud [Aug. 1924 – Dec. 1924]

FO 686/22: Bin Saud [1925]

FO 686/25: Arab Chiefs [1917-1919]

FO 686/29: Jedda Reports [1924-1925]

FO 686/78: Transjordan Frontiers [1920-1925]

FO 686/130: Ex King Hussein; question of future residence [1923-1925]

FO 686/135: Kuwait conference [1923-1924]

MPG 1: Maps extracted from various series of records of the Colonial Office

MPG 1/1181: 1 item (accompanying the Report 'Treaty with TransJordan' by the Joint Planning Staff 18 February 1946) extracted from CO 537/1842. South west Asia. Map of the Middle East showing the proposed American pipeline from the Persian Gulf and the area claimed by King Ibn Saud. Roads and railways are also shown. Reference table. Printed by the Geographical Section of the General Staff. [1942]

**MFQ 1: Maps extracted from various series of records held at National Archives,
Kew**

MFQ 1/284: 1 item extracted from [FO 371/15300](#). Middle East. 'Asia 1:1,000,000 North H-37 El Djauf [now Al Jawf in Saudi Arabia]. Reference table, Arabic glossary. MS additions show frontier between the Hijaz-Najd and Transjordan (now Jordan) defined by the 'Hadda Agreement' [2 November 1925]. Compiled under the direction of the Geographical Section of the General Staff. The area shown is now in Saudi Arabia, Jordan, Syria and Iraq. [1918-1931]

PUBLISERTE KJELDER

- Abdul-Aziz, Moudi M., 1993. *King Abdul-Aziz and the Kuwait Conference 1923-1924*, London
- Alangari, Haifa, 1998. *The Struggle for Power in Arabia – Ibn Saud, Hussein and Great Britain, 1914-1924*, Reading
- Alon, Yoav, 2004. «Tribal shaykhs and the limit of British imperial rule in Transjordan, 1920-1946» i *The Journal of Imperial and Commonwealth History*, vol. 32, nr. 1, Januar
- , 2005. «The Tribal System in the Face of the State-Formation Process: Mandatory Transjordan 1921-46» i *International Journal of Middle East Studies*, vol. 37, nr. 2, Mai
- , 2006. «Tribes and State-Formation in Mandatory Transjordan» i *Civil Wars*, Mars
- , 2007. *The Making of Jordan: Tribes, Colonialism and the Modern State*, London
- , 2009. «'Heart-Beguiling Araby' on the Frontier of Empire: Early Anglo-Arab Relations in Transjordan» i *British Journal of Middle Eastern Studies*, vol. 36, nr. 1, April
- Amadouny, V. M., 1995. «The Formation of the Transjordan-Syria Boundary, 1915-1932» i *Middle Eastern Studies*, vol. 31, nr 3, Juli
- Anderson, Betty S., 2005., *Nationalist Voices in Jordan – The Street and the State*, Austin
- Baker, Randall, 1979. *King Husain and the Kingdom of Hejaz*, Cambridge
- Baldry, John, 1984. «Soviet Relations with Saudi Arabia and the Yemen 1917-1938» i *Middle Eastern Studies*, vol. 20, nr. 1, Januar
- Bell, Gertrude, 1930. *Letters of Gertrude Bell*, red av. Florence Bell. London
- Bocco, Riccardo og Tell, Tariq, 1994. «Pax Britannica in the Steppe: British Policy and the Transjordan Bedouin» i *Village, Steppe and State – The Social Origins of Modern Jordan*, red av. Eugene Rogan og Tariq Tell
- Burckhardt, John Lewis, 1822. *Travels in Syria and the Holy Land*, London, (reprint 2003)
- Busch, Briton C., 1971. *Britain, India, and the Arabs, 1914-1921*, London
- Butenchøn, Nils A., 2008. *Midtøsten – Imperiefall, statsutvikling, kriger*, Oslo
- Carruthers, Douglas, 1910. «A Journey in North-Western Arabia» i *The Geographic Journal*, vol. 35, nr. 3, Mars
- , 1922. «Captain Shakespear's Last Journey (Continued)», *The Geographical Journal*, vol. 59, nr. 6, Juni
- Chatty, Dawn (red.), *Nomadic Societies in the Middle East and North Africa – Entering the 21st Century*, Boston, 2006
- Christiansen, Per A., 1992. *Opprettelsen av Transjordan: Britisk minimalisme i Midt-Østen 1919-*

1924, Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo

Clayton, Gilbert, 1969. *An Arabian Diary*, red av. Robert Collins, Berkeley/Los Angeles

Cleveland, William L., 2004. *A History of the Modern Middle East – Third Edition*, Oxford

Dann, Uriel (red.), 1988. *The Great Powers in the Middle East 1919-1939*, New York/London

Donnan, Hastings og Wilson, Thomas M., 1999. *Borders: frontiers of identity, nation and state*, Oxford

Drysdale, Alasdair, og Blake, Gerald H., 1985. *The Middle East and North Africa - A Political Geography*, New York/Oxford

Efrat, Elisha, 1994. «The Israel-Jordan Boundary Dispute in the Arava Valley» i *British Journal of Middle Eastern Studies*, vol. 21, nr. 2

Fitzgerald, Edward P., 1994. «France's Middle Eastern Ambitions, the Sykes-Picot Negotiations, and the Oil Fields of Mosul, 1915-1918» i *The Journal of Modern History*, vol. 66, nr. 4, Desember

Fromkin, David, 1989. *A Peace to End All Peace – The Fall of the Ottoman Empire and the Creation of the Modern Middle East*, London.

———, 2004. «Britain, France, and the Diplomatic Agreements» i *The Creation of Iraq 1914-1921*, Reeva S. Simon og Eleanor H. Tejirian (red.), New York

Gil-Har, Yitzhak, 1992. «Delimitation Boundaries: Trans-Jordan and Saudi Arabia» i *Middle Eastern Studies*, vol. 28, nr. 2, April

Gilmour, David, 1996. «The Unregarded Prophet: Lord Curzon and the Palestine Question» i *Journal of Palestine Studies*, vol. 25, nr. 3

Glueck, Nelson, 1944. «Wâdi Sirhân in North Arabia» i *Bulletin of the American Schools of Oriental Research*, nr. 96, Desember

Haas, Ernst B., 1952. «The Reconciliation of Conflicting Colonial Policy Aims: Acceptance of the League of Nations Mandate System» i *International Organization*, Vol. 6, nr. 4, November

Hogarth, David G., 1923. «The Future of the North Arabian Desert: Discussion» i *The Geographical Journal*, vol 62, nr. 4, Oktober

———, 1925. «Wahhabism and British Interests» i *Journal of the British Institute of International Affairs*, vol. 4, nr. 2, Mars

Holt, A. L., 1923. «The Future of the North Arabian Desert» i *The Geographic Journal*, vol. 62, nr. 4, Oktober

Hosni, Sayed H., 1966. «The Partition of the Neutral Zone» i *The American Journal of International Law*, vol. 60, nr. 4, Oktober

- Hindle, P., 1966. «'Aqaba: An Old Port Revived» i *The Geographical Journal*, vol. 132, nr. 1, Mars
- Kjeldstadli, Knut, 2003. *Fortida er ikke hva den en gang var – En innføring i historiefaget*, Oslo (1992)
- Klieman, Aaron S., 1968. «Britain's War Aims in the Middle East in 1915» i *Journal of Contemporary History*, vol. 3, nr. 3, Juli
- Kostiner, Joseph, 1985. «On Instruments and Their Designers: The Ikhwan of Najd and the Emergence of the Saudi State» i *Middle Eastern Studies*, vol. 21, nr. 3, Juli
- , 1988. «Britain and the Northern Frontier of the Saudi State, 1922-1925» i *The Great Powers in the Middle East 1919-1939*, Uriel Dann (red.), London
- , 1993. *The Making of Saudi Arabia 1916-1936 – From Chieftaincy to Monarchical State*, Oxford
- Kushner, David, 1987. «The Ottoman Governors of Palestine, 1864-1914» i *Middle Eastern Studies*, vol. 23, nr. 3, Juli
- Lambton, Ann K. S., 1977. «Obituary: Sir Reader William Bullard» i *Bulletin of the School of Oriental and African Studies*, vol. 40, nr. 1
- Leatherdale, Clive, 1983. *Britain and Saudi Arabia 1925-1939 – The Imperial Oasis*, London
- Lewis, C. C., 1933. «Ibn Sa'ud and the Future of Arabia» i *International Affairs*, vol. 12, nr. 4, Juli
- Lewis, Norman N., 1987. *Nomads and settlers in Syria and Jordan, 1800-1980*, Cambridge
- MacFie, Alec L., 2002. *Orientalism*, London
- Maisel, Ephraim, 1994. *The Foreign Office and Foreign Policy 1919-1926*, Brighton
- Melamid, Alexander, 1957. «The Political Geography of the Gulf of Aqaba» i *Annals of the Association of American Geographers*, vol. 47, nr. 3, September
- , 1959. «Legal Status of the Gulf of Aqaba» i *The American Journal of International Law*, vol. 53, nr. 2, April
- Monroe, Elisabeth, 1973. *Philby of Arabia*, London
- Musil, Alois, 1928a. *Northern Negd – A Topographical Itinerary*, New York
- , 1928b. «Religion and Politics in Arabia», i *Foreign Affairs*, Juli
- Ochsenwald, W. L., 1968. «The Vilayet of Syria, 1901-1914: A Re-Examination of Diplomatic Documents as Sources», *Middle East Journal*, vol. 22, nr. 1
- Pappe, Ilan, 2004. *A History of Modern Palestine: One Land, Two Peoples*, Cambridge
- Philby, Harry Saint John B., 1923. «Jauf and the North Arabian Desert» i *The Geographic Journal*, Vol. 62, nr. 4, Oktober

- , 1925. «The Dead Sea to 'Aqaba» i *The Geographical Journal*, vol. 66, nr. 2, August
- , 1948. *Arabian Days – An Autobiography*, London
- , 1958. «The Hijaz Railway» i *The Geographical Journal*, vol. 124, nr. 4, Desember
- Al-Rasheed, Madawi, 1991. *Politics in an Arabian Oasis: The Rashidis of Saudi Arabia*, London/New York
- , 2002. *A History of Saudi Arabia*, Cambridge
- Reimer, Michael J., 2005. «Becoming Urban: Town Administrations in Transjordan» i *International Journal for Middle East Studies*, vol. 32, nr. 2, Mai
- Reyner, Anthony S., 1967. «The Strait of Tirân and the Sovereignty of the Sea» i *Middle East Journal*, vol. 21, nr. 3
- Robins, Philip, 2004. *A History of Jordan*, Cambridge
- Rogan, Eugene L. og Tell, Tariq (red.), 1994. *Village, Steppe, and State: The Social Origins of Modern Jordan*, London/New York
- Rogan, Eugene L., 2002. *Frontiers of the State of the Late Ottoman Empire*, Cambridge, (1999)
- Said, Edward W., 1978. *Orientalism: Vestlige oppfatninger av Orienten*, (norsk utgåve 2004)
- Salibi, Kamal, 1993. *The Modern History of Jordan*, London/New York
- Sejersted, Georg W., 1939. *Garib – over kong Salomos fjell til det urolige Palestina*, Oslo
- , 1953. *Arabias sorte telt*, Oslo
- Silverfarb, Daniel, 1983. «Britain and Saudi Arabia on the Eve of the Second World War» i *Middle Eastern Studies*, vol. 19, nr. 4, Oktober
- , 1982. «The Treaty of Jiddah of May 1927» i *Middle Eastern Studies*, vol. 18, nr. 3, Juli
- Stratton, Morton B., 1944. «British Railways and Motor Roads in the Middle East – 1918-1930» i *Economic Geography*, vol. 20, nr. 2, April
- Troeller, Gary, 1971. «Ibn Sa'ud and Sharif Husain: A Comparison in Importance in the Early Years of the First World War» i *The Historic Journal*, vol. 14, nr. 3, September
- 1976, *The Birth of Saudi Arabia – Britain and the Rise of the House of Sa'ud*, London
- Wilson, Mary C., 1987. *King Abdullah, Britain and the Making of Jordan*, Cambridge
- Young, Herbert, 1933. *The Independent Arab*, London

PUBLISERTE ARKIVSAMLINGAR

- Jarman, R., (red.), 1995. *Palestine And Transjordan Administration Reports 1918–1948*, Cambridge
- Priestland, Jane, (red.), 1996. *Records of Jordan 1919-1965*, Cambridge

- Schofield, Richard (red.), 1998. *Arabian Boundaries 1853-1960*, Cambridge
- , 1997. *Arabian Boundaries: New Documents 1961-1965*, Cambridge
- , 1992. *Arabian Boundary Disputes - Historical, Political And Legal Dossier*, Cambridge

NETTSTADAR

Fotokopi av Balfour-erklæringa:

<http://www.mucjs.org/EXHIBITION/BalfourDeclaration2.gif> (2. november 2008)

Kart frå arkivkjelder:

http://homepage3.nifty.com/yagitani/tqa_en16.htm (8.mai 2009)

United Nations Treaty Collection, Hadda-avtalen:

http://untreaty.un.org/unts/60001_120000/15/26/00029300.pdf (11. april 2008)

Curzon, George, 1907. «Text of the 1907 Romanes Lecture on the subject of Frontiers»:

<http://www.dur.ac.uk/resources/ibru/resources/links/curzon.pdf> (23. januar 2009)

«Report of a Committee Set up to Consider Certain Correspondence Between Sir Henry McMahon and the Sharif of Mecca in 1915 and 1916» frå 16, mars 1939:

<http://domino.un.org/unispal.nsf/3d14c9e5cdaa296d85256cbf005aa3eb/4c4f7515dc39195185256cf7006f878c!OpenDocument> (2. februar 2009)

VEDLEGG 1: GRENSEAVTALEN MELLOM JORDAN OG SAUDI-ARABIA 1965

IN THE NAME OF GOD
THE MERCIFUL

AGREEMENT REGARDING THE DETERMINATION OF THE BOUNDARY
BETWEEN THE HASHEMITE KINGDOM OF JORDAN AND THE KINGDOM
OF SAUDI ARABIA.

THE GOVERNMENT OF THE HASHEMITE KINGDOM OF JORDAN

and

THE GOVERNMENT OF THE KINGDOM OF SAUDI ARABIA,

in order to confirm the bonds of brotherhood and
friendship existing between their two countries and
peoples and the fruitful cooperation based on the
principles of the conformity of the natural ties
prevailing between them, and appreciating the interests
which can be secured for the mutual benefit of their
two countries, have DECIDED to conclude this AGREEMENT
for fixing the boundary between their two countries in
a final manner and for settling questions connected
therewith, and APPOINTED as their Plenipotentiaries
for this purpose:

The Government of the Hashemite Kingdom of Jordan:

- 1 - H.E. Sayid Abdul Wahhab al Majali, Minister of
the Interior and Minister of State for Prime
Minister's Office Affairs. Chairman.
- 2 - His Eminence Sheikh Muhammad Amin al Shanqiti,
Jordanian Ambassador to Saudi Arabia.
- 3 - Major General Radi al Abdallah, Director of
Public Security.
- 4 - Sharif Muhammad Hashem, Tribal Affairs'
Adviser to His Majesty the King.
- 5 - Sayid Hajem al Tel, Under-Secretary for the
Interior.
- 6 - Sayid Subhi al Hassan, Director of Lands
and Surveys.
- 7 - Brigadier Irsheid Marshoud, Commander of the
Desert Area.
- 8 - Lieut. Colonel Hammad Salem of the Desert Area
- 9 - Sayid Ahmad al Sa'd al Humoud of the Public
Security Forces.
- 10 - Captain Boutres Odeh of General Headquarters,
Armed Forces.
- 11 - Sayid Suleiman Qamhoh, Settlement Officer,
Department of Lands and Surveys..

The Government of the Kingdom of Saudi Arabia:

- 1 - H.E. Sheikh Abdullah al Sudoiri, Under-Secretary
for the Interior (Municipal Affairs). Chairman.
- 2 - H.E. Sheikh Ahmad al Kuhaimi, Ambassador
of the Kingdom of Saudi Arabia in Amman.
- 3 - H.E. Sheikh Sultan al Sudoiri, Emir of the
Al-Qrayat and Inspector of the Western Frontier.
- 4 - Major General Sulciman al Jared, Director of the
Frontier, Coastal Guard and Ports.
- 5 - Major General Rashid al Bala', representative
of the Ministry of Defence.
- 6 - H.E. Sayid Nasser al Shu'aibi, Assistant Head of
the Political Department, Royal Diwan.
- 7 - Sayid Muhammad Said al Fares, engineer.

After holding a number of meetings in Amman during the period from the 9th day of Rabi' al Awwal, 1385 Hijriyah to the 12th day of Rabi' al Thani, 1385 Hijriyah (corresponding to the 7th day of July, 1965 and the 9th day of August, 1965) to study the position of the boundary, the two negotiating parties have agreed upon the following articles:-

Article 1

- (a) The boundary between the Hashemite Kingdom of Jordan and the Kingdom of Saudi Arabia starts from a point on Jabal Anaiza i.e. the point of intersection of meridian $39^{\circ} 18'$ and parallel $32^{\circ} 14'$, and proceeds in a straight line to the point of intersection of meridian 39° and parallel 32° , and thence in a straight line to the point of intersection of meridian 37° and parallel $31^{\circ} 30'$. From this point, it proceeds in a straight line to the point of intersection of meridian 38° and parallel $30^{\circ} 30'$, and thence in a straight line to the point of intersection of meridian $37^{\circ} 40'$ and parallel $30^{\circ} 20'$, 2000 metres to the north of the Lower Mashash Hadraj, leaving the Lower Mashash Hadraj to the Kingdom of Saudi Arabia. The boundary then proceeds from this point in a straight line to the point of intersection of meridian $37^{\circ} 30'$ and parallel 30° , leaving the Bir al Na'am locality to the Hashemite Kingdom of Jordan. From this point, it proceeds in a straight line to the point of intersection of meridian $36^{\circ} 45'$ and parallel $29^{\circ} 52'$, leaving the Bir Beni Murra and Al-Annab localities to the Hashemite Kingdom of Jordan. From this point, it proceeds in a straight line to the point of intersection of meridian $36^{\circ} 30'$ and parallel $29^{\circ} 30'$, and thence in a
- /straight

straight line to the point of intersection of meridian
✓ 36° 4' and parallel 29° 11', which is about 1,000 metres
to the north of Halat Ammar, leaving Halat Ammar to the
Kingdom of Saudi Arabia. From this point, the boundary
proceeds in a straight line to a point 300 metres to the
north of the angle of the North-Eastern Al-Durra Police
Post, and thence continues to the sea waters.

(b) The boundary referred to in the preceding clause has been
fixed and drawn on two maps I-500,000 prepared in 1960 i.e.
I 200 "B" Wadi Sirhan and I 201 "B" Al-Jauf and Sakaka.
These were consolidated into one map. This map was signed
by representatives of the two parties and considered as an
integral part of the agreement. The green colour on this
map indicates the areas covered by the provisions
of the agreement. These are the areas contained by
the line of demarcation, drawn in red ink and shown in
accordance with clause (a) of this article, and the
hatched line in black ink, shown on the annexed map.
This map shall be considered as the approved reference
in fixing the boundary between the two contracting
kingdoms.

Article 2.

Notwithstanding the provision of Article 1, the two kingdoms
undertake that, if petroleum or its derivatives are discovered
in the area coloured in green and delimited on the map referred
to in Article 1, they shall divide equally between them the
rights, benefits and profits arising from the discovery and
exploitation thereof, and the Kingdom, which has discovered
petroleum or its derivatives within its boundary in the said
green-coloured area, shall pay to the other its share. The
manner of exploitation and utilization of the petroleum
discovered or its derivatives and of payment of the share of
each of the two countries shall be regulated by a special
agreement to be concluded between them.

Article 3

(a) The two contracting kingdoms undertake to protect the
grazing rights and the rights to the use of water wells
enjoyed by the tribes that are subject to each of them
in the green-coloured area referred to in Articles 1 and
2 of this agreement. These tribes shall be subject to
such laws and regulations of the State in whose territory
they reside as do not conflict with the grazing rights.

Article 3 (cont'd)

(b) Each of the two contracting kingdoms undertakes to grant freedom of passage through its territory to subjects of the other kingdom and for goods of whatever origin imported or exported in transit. Neither these subjects nor these goods shall, when passing through the routes agreed upon, be subjected to any taxes or customs duties, provided that the State through whose territory the passage takes place may exercise the usual inspection and customs control right.

Article 4


All agreements previously concluded between the two countries regarding the determination of boundaries shall be repealed to the extent of their repugnance to the provisions of this agreement.

Article 5

This agreement shall be ratified in accordance with the constitutional regulations in force in each of the two contracting kingdoms and shall come into force one month after the date of the exchange of the instruments of its ratification.


DONE at Amman on Monday, the 12th day of Rabi' al Thani, 1385 Hijriyah - corresponding to the 9th day of August, 1965 of the Christian era.

VEDLEGG 2:



Jebel Tubaik og dei forskjellige bilrutene

VEDLEGG 3:



Satellittbilde over grenseområdet i 2009. (Google Maps)